

Nokre føresetnader for liberalt demokrati

Ei komparativ gransking av politisk kultur i Romsdals Amt fram til 1905

Morten Øveraas



Masteroppgåve i sosiologi

Institutt for sosiologi og samfunnsgeografi

Det samfunnsvitenskapelige fakultet

Universitetet i Oslo

Vår 2016

Samandrag

Tema for denne oppgåva er politisk kultur i eit norsk periferiområde. Hovudfokuset er føresetnader for sivilsamfunnets tilhøve ovanfor det politiske sentrum.

Oppgåva avgrensar seg til Romsdals Amt, seinare Møre og Romsdal Fylke. Oppgåva er ei komparativ granskning mellom dei tre futedøma i Romsdals Amt: Nordmøre, Romsdal og Sunnmøre. Kjeldematerialet er dokument og føreliggjande litteratur. Oppgåva tar særleg utgangspunkt i tidlegare forsking om Romsdals Amt, sosiale rørsler og politisk geografi i Noreg.

Analysens første del freistar å drøfte kulturelle og sosioøkonomiske faktorar som kan ha lagt føringar for politisk kultur. Denne framstillinga strekker seg frå byrjinga av 1700-talet og fram til omlag midten av 1800-talet. Analysens andre del omhandlar tida mellom 1880 og 1905. I denne bolken vil hovudfokuset rettast mot den nasjonaldemokratiske rørsla, særleg Den frilyndte ungdomsrørsla.

Oppgåva argumenterer for at sivilsamfunnets relasjon ovanfor det politiske sentrum vil pregast av styrketilhøvet mellom to formar for politisk kultur: I den første vil relasjonen mellom eit periferiområde og sentrum vere prega av eit kollektivs interesser *mot* sentrum. I den andre kulturen, vil denne relasjonen vere prega av eit sivilsamfunn som arbeider for individets fellesinteresser *med* sentrum, men *mot* mellomliggjande instansar. Framveksten av desse to typane vil avhenge av kulturelle og sosioøkonomiske faktorar.

Førord

Masteroppgåva er ferdig.

To lærerike år i hovudstaden.

Ei handfull nedturar.

Eit knippe oppturar.

Kva no?

I høve innsamling av kjeldemateriale, vil eg takke Odd Williamse og Karin Kjølås
Ormbostad ved Nordmøre Museum, Mads Langnes ved Romsdalsmuseet og Berit Solhjem
ved Sunnmøre Frilynde Ungdomssamlag.

Takk til Radio Sunnmøre for å ha fatta interesse for prosjektet.

Eg vil takke rettleiar Lars Mjøset for god hjelp. Eg vil også takke seminargruppe 2 og
seminarleiar Fredrik Engelstad for godt samarbeid det siste året.

Mamma, pappa, Henning, John, mormor, morfar og Ole Aksel må sjølv sagt ha takk.

Men aller mest må eg takke Anders og Marius. Saman halde me mørkeret på avstand.

St. Hanshaugen, 26. juni 2016

Innhald

1 Innleiing	1
1.1 Avgrensing og problemstilling	2
2 Teoretiske perspektiv og begrep	3
2.1 Kristendom og individualisering	3
2.2 Staten og det politiske nasjonsbegrepet.....	4
2.3 Sivilsamfunn og sosiale rørsler.....	6
2.4 Sentrum og periferi i Noreg	8
3 Metode og forskingsopplegg	10
3.1 Forskingsstrategi.....	10
3.2 Komparativ case-gransking	11
3.3 Analyseplan og kjeldebruk	12
3.3.1 Datainnsamling	13
3.4 Forskingskvalitet	14
4 Analyse 1: Før- og tidleg demokratisk tid.....	14
4.1 Innleiing.....	14
4.2 Kulturell demokratisering	15
4.2.1 Den andre reformasjonen.....	15
4.2.2 Folkeopplysing og lærarar	20
4.2.3 Samanfatning	22
4.3 Sosioøkonomisk demokratisering.....	23
4.3.1 Gardsstruktur.....	23
4.3.2 Jordegods og sjølveige	24
4.3.3 Folkeauke – Bruksdeling eller husmannsvesenet?	28
4.3.4 Utskifting og individualisering	31
4.3.5 Overgang til pengeøkonomi - sparebanken	34
4.3.6 Samanfatning	37

4.4 Politisk demokratisering	39
4.4.1 Politisk handling på 17 og 1800-talet	39
4.4.2 Føresetnader for relasjonen med det politiske sentrum	43
4.4.3 Samanfatning	46
4.5 Samanfatning: Nasjonalisme <i>an sich</i>	47
5 Analyse 2: 1880 til 1905 – revolusjon på norsk?	48
5.1 Innleiing.....	48
5.2 Politisk og kulturelt systemskifte	48
5.2.1 ‘Venstrerørsla’ og vendepunktet i 1887	48
5.2.2 Nokre sosiokulturelle skiljelinjer	52
5.2.3 Samanfatning	56
5.3 Den frilyndte ungdomsrørsla fram til 1905	57
5.3.1 Ei nasjonaldemokratisk rørsle	57
5.3.2 Venstre intensiverer kulturnasjonalismen	59
5.3.3 Etableringsfasen: respons nedanfrå eller ovanfrå?.....	60
5.3.4 Samlagas tilhøve innad	63
5.3.5 Samlagas tilhøve utad	68
5.3.6 Frå radikalisme til moderasjon?.....	72
5.3.7 Samanfatning	77
5.4 1905 og valet om styreform	80
5.4.1 Republikk eller monarki?.....	80
5.4.2 Sekulær og/eller kristen nasjonalisme?.....	81
5.4.3 Samanfatning	84
5.5 Samanfatning: Nasjonalisme <i>fur sich</i>	85
6 Konklusjon	86
6.1 Funn og forklaringar	86
6.2 Litt om tidlegare forsking	91

6.3 Vidare forsking	92
7 Kjeldeliste.....	92

«Sør- og Vestlandets sosio-økonomiske sær preg kan forklare noen av avvikene fra de politiske skillelinjene for landet som helhet, men størstedelen av denne variasjonen kan bare forklares i kulturelle termer.» (Rokkan 2010:170).

1 Innleiing

Tema for denne oppgåva er politisk kultur i Romsdals Amt fram til og med 1905.

Oppgåva fokuserer på kulturelle og sosioøkonomiske faktorar som kan ha lagt føringar for framveksten av sivilsamfunnet og relasjonar til det politiske sentrum/staten.

Granskingas tese er at norske periferiområde som var prega av individualisering slutta sterke opp under det politiske sentrum, enn område som var mindre individualisert.

Tekstensførste del inneholder ein teoriprsenteasjon der eg drøftar teoretiske perspektiv, tidlegare forsking og begrep eg skal nytte i analysen. Deretter kjem eit metodekapittel, der eg vil legge ut om metodiske val og presentere kjeldematerialet.

Oppgåvas hovuddel består av to analysekapittel: Det første analysekapittelet vil ta for seg kulturelle og sosioøkonomiske faktorar, frå byrjinga av 1700-talet og fram til om lag midten av 1800-talet. Det kulturelle fokuset rettast mot pietismens innverknad på det tradisjonelle agrarsamfunnet. Den sosioøkonomiske framstillinga vil særleg vekte eigendomstilhøva og jordutskiftingar. Utfallet som skal forklara er politisk handling i denne tida: bondeaksjonar og tidleg valdeltaking.

Det andre analysekapittelet fokuserer på tida mellom 1880 og 1905. Denne avgrensinga er satt fordi dette tidsrommet utgjorde eit politisk systemskifte. Særleg frå 1880-åra vart det politiske klimaet i Noreg endra ved at ‘embetsmannsstatens’ vart utfordra, samt at unionsaktivismen ovanfor Sverige vart intensivert (Nerbøvik 2000:204; Seip 1968:9-12; 1997:19). Dette kapittelet vil hovudsakeleg granske Den frilyndte ungdomsrørsla, samt liknande rørsler. Utfallet som skal tolkast er resultata ved valet om styreform i 1905 – republikk eller monarki.

Slik vil oppgåva granske ei sentral utvikling i framveksten av det norske demokratiet: Frå diffus ‘bondecommunalisme’ til mobilisering kring faste og spesifikke organisasjonar (jf. Rokkan 2010:230). Vidare vil eg freiste å tilføre eit nytt perspektiv på sivilsamfunnet kring slutten av 1800-talet, ved å vektlegge eigendomstilhøva i det føregåande agrarsamfunnet (jf. Mjøset 1991:267).

Oppgåvas siste kapittel vil legge fram konklusjonar og funn. Dette vil danne grunnlaget for ein typologi over politisk kultur i Romsdals Amt. Hovudpoenget i denne typologien er at

kombinasjonar av kulturelle og sosioøkonomiske faktorar legg føringar for sivilsamfunnet og slik politiske relasjonar med/mot det politiske sentrum/staten.

1.1 Avgrensing og problemstilling

Romsdals Amt blir gjerne framstilt som eit grenseområde mellom Vestlandet, Austlandet og Trøndelag (Fet 1995:125; Langnes 2014:189). Nettopp ved å ligge i eit ‘balansepunkt’ mellom Trondheim og Bergen, har det blitt hevda at særleg Romsdal og Sunnmøre hadde ein viss grad av autonomi (Melle 2014:296; Sulebust 1994:17-27; Holmsen 1972:24-26, 32, 35; Imsen 1990:75-76).

Hovudfokuset for denne oppgåva er å granske førsetnader for politisk kultur i dei tre futedøma av Romsdals Amt, med særleg vektlegging av relasjonar ovanfor det politiske sentrum/staten.

Stortingsvala på 1800-talet er omtala som passive val med låg deltagingsprosent (Nerbøvik 1999:139; Pryser 1985:280). Men eitt amt skilte seg ut med vedvarande høg valdeltaking, nemleg Romsdal Amt (Hommerstad 2013:113; Melle 2014:298-299).

Amtet utmerka seg òg med ‘motkulturell’ samfunnsdeltaking (Nerbøvik 2000:79; 2004:539; Rokkan 2010:171; Tvinneim 1992). Til dømes var amtet/fylket eit av områda i Noreg som i størst grad nytta landsmål og nynorsk og mobilerte sterkest for alkoholforbod på byrjinga av 1900-talet (Døssland og Løseth 2006:272; Løseth 2004:30; Rokkan 2010:160-163, 171; Tvinneim 1992:384-386).

Om ulikskapane mellom futedøma er det nokre sosioøkonomiske og kulturelle forklaringar som er mykje nytta: Medan Sunnmøre blir framheva som meir ruralt, egalitært og økonomisk innovativt, blir Nordmøre og Romsdal framheva som meir sosialt hierarkiske, urbanisert og politisk polarisert (Høydal 1995:276-283; Løseth 2004:22-24, 34, 47; Nerbøvik 2000:80-81; 2004:539; Melle 2014:294-296, 328-331).

Dei sosioøkonomiske variasjonane settast også i samanheng med politiske preferansar utover 1900-talet: Amtet var i heilelkap eit ‘Venstre-amt’ fram til 1920-åra, då arbeidarørsla byrja å få oppslutnad på Nordmøre og delar av Romsdal (Løseth 2004:28-29, 40; Rokkan 2010:160-163, 171; Tvinneim 1992:345). Det er særleg Nordmøre som blir framstilt som det politisk mest radikale futedømet (Langnes 2014:207-212; Melle 2014:318; Tvinneim 1991:347-348).

På den andre sida blir Sunnmøre sett på som meir politisk moderat, noko som gjerne koplast til lekmannsrørslas sterke stilling som normsettar i lokalsamfunna (Bjørgo 2006:32-35; Løseth 2004:30-31; Tvinnereim 1992:345). Samstundes har Sunnmøre blitt omtalt som ‘systemlojalt’ (Nerbøvik 2000:80-81), men også merkelappar som ‘anti-autotært’ og ‘anarkistisk’ har blitt nytta (Melle 2005:88).

Med denne fronten av teoriar og observasjonar om Romsdals Amt i bakhovudet, skal denne oppgåva freiste å leve eit bidrag. Oppgåva skal ta utgangspunkt i nokre formulerte forskingsspørsmål som er haldepunkta for framstillinga:

Oppgåvas overordna problemstilling er: *Korleis forløp oppbygginga av sivilsamfunnet i Romsdals Amt fram mot 1905, og kvifor var det variasjonar i tilhøvet ovanfor det politiske sentrum?*

Første underproblemstilling: *Kva kulturelle og sosioøkonomiske faktorar kan ha lagt føringar for sivilsamfunnet i Romsdals Amt, og kvifor fekk dei betyding for politisk handling fram til midten av 1800-talet?*

Andre underproblemstilling: *Korleis realiserte den nasjonaldemokratiske rørsla i Romsdals Amt den ‘norske revolusjonen’ frå 1880 til 1905, og korleis kan variasjonar forklarast?*

2 Teoretiske perspektiv og begrep

I dette kapittelet vil anvendte teoriar og begrep bli presentert. Eg vil først legge fram teoriar om demokrati og individualisering. Vidare vil eg presentere teori om sosiale rørsle og sivilsamfunn og til sist tidlegare forsking om politisk geografi i Noreg.

2.1 Kristendom og individualisering

Oppgåva vil vurdere kulturelle faktorar som kan ha lagt føringar for sivilsamfunn og politisk kultur i Noreg på 17- og 1800-talet. Difor er drøfting av kristendommens innverknad på samfunnet relevant. Dette blir relevant i drøftinga om sosiokulturelle variasjonar (jf. 4.2 og 5.2.2).

Eit perspektiv på utviklinga mot eit politiske demokrati Europa, tek utgangspunkt i at kristen moral gradvis forma samfunna: kristendomen vekta universell menneskeleg likskap og fridom (Bagge 1998:18, 33-34; Kessler 1977:134-135; 1992:781-785; Siedentop 1994:84, 98-99; 2000:196). Slik forstått er politisk liberalisme ein sekulær analogi til kristendomen – liberalisme var *anvendt* kristendom (Siedentop 1994:23-25, 98, 102).

Einskildindividet var i kristendomen den sentrale *mora*lske eininga, gradvis vart den også den viktigaste *sosiale* eininga i verdslege institusjonar, på kostnad av sosiale grupper og medfødde karakteristikkar (Bagge 1998:34; Siedentop 1994:27; 2000:193-194, 198, 210). Dette står i kontrast til ei samfunnsordning der menneske har/hadde ‘medfødde’ sosiale eigenskapar (Bagge 1998:10-11, 22-32).

Denne oppgåva fokuserer på *individualitet*, og korleis individualisering styrka denne. Særleg i tolkinga av pietismen på 1700-talet er individualisering eit relevant begrep, fordi pietismen fokuserte på religiøs ‘inderleggjering’ (Bagge 1998:34; 1998; Woodhead 2004:160).

I forsking omkring særtrekk ved Norden blir særleg den lutherske kyrkja og pietismen framheva. I Norden førte kyrkja til ein balanse mellom verdiane ‘likskap’ og ‘fridom’ (Sørensen og Stråth 1997:1-7). Dette var eit resultat av at protestantismen/pietismens fungerte *konformerande* på sivilsamfunnet og den einskilde kanaliserete radikalisme inn i individet, ikkje ut i samfunnet (Stenius 1997:161,167; 2010: 24-26; Witoszek 1997:81, 87).

Samfunnet var først tufta på den lutherske paternalismen og stand-forståinga (Furseth 1999:110; Nielsen 2009: 19, 56; Thorkildsen 138-139). Utover 1700-talet vart denne retninga utfordra av den pietistiske kristendomsforståinga (Dyrvik 2011:174-177; Thorkildsen 1997:140). Pietismen tilførte eit subjektivt element ved at *individet* måtte omvendast og *leve* kristent, og slik medførte endringar i sosial ordninga (Furseth 1999:109; Nielsen 2009:59; Thorkildsen 1997:145). Særleg skule og konfirmasjonsreformene var døme på korleis pietismen påverka samfunnet (Nielsen 2009:59-61).

2.2 Staten og det politiske nasjonsbegrepet

Denne oppgåva vetklegg relasjonar ovanfor det politiske sentrum/staten, då vil oppfatningar av den politiske *nasjonen* vere sentralt. Dette poenget blir særleg relevant i drøftinga om politiske handlingsmåtar (jf. 4.4 og 5.4).

‘Nasjonalisme’ er av Østerud (1994:15) definert som ei doktrine om ein nasjons sjølvstende. *Nasjonen* blir rekna som synonymt med *folket* (Stenius 2010:2; Østerud 1994:16-17). Nasjonalisme er gjerne ein respons på eksterne utfordringar, altså ein *forsvarsreaksjon* på økonomiske, sosiale og politiske forandringar/modernisering (Østerud 1994:26, 56, 63-64; 1996:29).

Norsk nasjonalisme på 1800-talet omhandla demokratisering innad, samt nasjonal og kulturell frigjering utad (Nerbøvik 1999:182; Sørensen 1997:122; Østerud 1994:42-43; 1996:30). Slik

vart den politiske nasjonen utbygd, ved at nasjonalismens vekta at *folket* måtte integrerast i det politiske demokratiet (Nielsen 2009: 30-32, 291, 166; Rokkan 2010:327; Sørensen og Stråth 1997:16; Østerud 1994:69-72).

Max Weber skilte mellom stat og nasjon, som vidare var gjensidig avhengige: staten vart styrka av nasjonal solidaritet, medan den kulturelle nasjonen fekk beskyttelse av statsmakta (Østerud 1994:18). Østerud (1994:19-22) ser på desse som *overglidande* kategoriar. Eit nasjonalt fellesskap avhenger av ei statleg ramme, men òg ein subjektiv faktor hos medlemmane: til dømes, førestillinga om nasjonen, gjensidig tillit og solidaritet *mellom* medlemmane og solidaritet *til* statsapparatet.

Slik argumenterer (Østerud 1994:22-24, 27, 77) for at eit fruktbart ‘nasjonsbegrep’ må ta høgde for dei *subjektive* betingelsane hos einskildindividet som legitimerer det *politiske* fellesskapet. ‘Det politiske nasjonsbegrepet’ blir slik ein ‘tredje veg’ mellom dei meir reindyrka politiske og/eller kulturelle perspektiva: Nasjonsbygging må forholde seg til spenningar mellom lokale kulturar og ein standardisert nasjonalkultur, samt ein spenning mellom subjektiv og objektiv forståing av nasjonen (Østerud 1994:24). I denne oppgåva er målet å knytte dette begrepet til det historiske materialet. Særleg vil dette gjelde sjølve konklusjonen (jf. 6.1).

Nasjonalisme er dimed tosidig: ein reaksjon på leiting etter identitet på den eine sida, og nasjons-byggjande modernisering på den andre – den *kan* både være inkluderande og/eller ekskluderande (Østerud 1994:28-29).

For Norden, meiner Nielsen (2009:53-54, 84, 87, 165), skapte staten objektive tilhøve (nasjonalisme *für sich*) som mogleggjorde ein konkret nasjonal-*isme* (nasjonalisme *an sich*). Med andre ord bidrog staten *meir eller mindre* bevist til oppløysingsprosessar, samt dei påfølgjande ‘homogeniseringsprosessane’ (Nielsen 2009:47-49, 93).

Skule og landbruksreformer var døme på slik oppløysing og påfølgjande homogenisering (Nielsen 2009:37, 51). Skulen ‘skapte’ borgarar på tvers av lokale variasjonar og gav staten det sosialpolitiske ansvaret for desse (Nielsen 2009:57, 85, 93; Stenius 2010:16; Thorkildsen 1998:266). Slik var nasjonal homogenisering og demokrati gjensidig avhengige: Staten hadde ei nøkkelrolle ved å bryte opp tradisjonelle ordningar og samstundes vere eit nytt fellesskap (Nielsen (2009:28, 48-49, 51, 87).

2.3 Sivilsamfunn og sosiale rørsler

I denne oppgåva vil eg handsame sivilsamfunn, politisk kultur og sosial rørsler som menneskeleg samhandling *mellan* lokalsamfunnet og det politiske sentrum. Eg vil granske både uformelle og formelle rørsler (Kjellman 2004:14). For å vurdere korleis sosiale rørsler mobiliserte vil eg nytte teoriar om ressursmobilisering og politisk prosess. I oppgåva er også religiøse rørsler vurdert som sosiale rørsler. Desse perspektiva vil eg særleg nytte for å vurdere politiske utfall: til dømes bondeaksjonar på 1700-talet og den nasjonaldemokratiske rørsla på 1800-talet (jf. 4.4 og 5.3).

I Noreg knytast ‘assosiasjonsfenomenet’ særleg til tidsrommet mellom 1830 og 1880 (Nielsen 2009:266; Try 1985:9).¹ Assosiasjonane arbeide gjerne for fellesskapets beste, *eller* ein spesifikk interesse (Try 1985:17-18). Konsensusidealet var rådande i byrjinga av 1800-talet, medan interesse-assosiasjonane, gjerne med politisk slagseite, vart vanlegare i andre halvdel av hundreåret (Nielsen 2009:266; Try 1985:20, 27-28).

Sivilsamfunnet var/er organisering kring ei felles oppfatning/mål, soleis eit engasjement i noko utanfor sitt eige kvardagsliv (Lorentzen 2004:18, 24). Medborgarskap vil innebere at individ har eit aktivt forhold til staten (Lorentzen 2004:99). Medborgarskap homogeniserte befolkninga til eit nasjonalt fellesskap, på kostnad av lokalsamfunnet – ‘statleggjering’ og individualisering var slik eit parløp (Nielsen 2009:51-53).

Foreiningar i sivilsamfunnet og staten overskrida begge lokalsamfunnet og var slik ‘nye bindingsformar’ for samfunnsborgarar (Nielsen 2009:85). Ved å støtte sivilsamfunnet kunne staten ‘folkeleggjere’ seg sjølv (Nielsen 2009:283).

Sosiale rørsle og assosiasjonar basert på frivillig medlemskap gjorde at individ kunne skape nye identitetar (Stenius 2010:22). Dimed var foreiningar stands-nedbrytande, men òg konformerande ved at medlemmane måtte nyansere seg ovanfor fellesskapet (Nielsen 2009:249-252)

Ressursmobiliseringsteori fokuserer på mobiliseringsprosessen til ei sosial rørsle. Dette perspektivet freistar å svare på *korleis* ei rørsle mobiliserer, ikkje berre *kvifor* (Furseth 1999:49; Jenkins 1983:528). Slik kan ein forklare individuell deltaking, korleis rørsla oppstod og korleis den nytta ressursar for å mobilisere.

¹ I følgje Try (1985:33) er ei forklaring på ‘assosiasjonsfenomenet’ at den statlege liberaliseringa av samfunnet skapte eit *sosialt* ‘tomrom’ som nye kollektive ordningar måtte ‘fylle’ (Sjå også Nielsen 2009:256-257). Ei anna forklaring går på at samfunnsendringane danna nye klassar (borgarskap og arbeidarklasse), som kunne nytte desse assosiasjonane som middel for å fremje sine interesser (Try 1985:33-34).

I følgje Jenkins (1983:532) er formainga av ei sosial rørsle kopla til forbetringar hos ‘krenka’ grupper. Endringar kan reduserer ‘kostanden’ med å mobilisere og samstundes auke sjansen for suksess. Oppkome og mobiliseringsprosessen til rørsla avhenger særleg av eigenskapar hos den sosiale gruppa i *forkant* av mobiliseringa (Jenkins 1983:532-533).

Rørsler kan ha ulike rekrutteringsstrategiar: dei freistar å nå personar og/eller grupper som vil støtte rørsla (Jenkins 1983:537-538). Calhoun (1982:149-150) meiner til dømes at ei sosial rørsle på 1800-talet måtte bryte gjennom logikken i små lokalsamfunn for å mobilisere (Calhoun 1982:149-150).²

Furseth (1999:77) utdjavat at rørlas rekruttering vil avhenge av kor inklusiv/eksklusiv den er. Eit relevant poeng er betydinga av ‘allereie-eksisterande nettverk’ og kva segment av befolkninga rørsla freistar å rekruttere. Rørsle med mål om personleg endring er gjerne desentralisert og sosialt *eksklusive*, medan rørsler som ønskjer institusjonell endring ofte er sentralisert og sosialt *inklusive* (Jenkins 1983:539). Vidare vil rørsla bli påverka av leiinga, særleg om den er stabil/ustabil og desentralisert/sentralisert (Furseth 1999:76-77).

For at ei rørsle skal vedvare må den rekruttere nye medlem, halde på eksisterande medlem og få medlemmane til å støtte *målet* (Furseth 1999:79). Slik må ei rørsle sosialisere medlemmane i ideologi, definere fellesinteresser og styrke fellesskapskjensla (Furseth 1999:79). Slik kan ideologien presisere negative aspekt som rørsla arbeidar for å endre, og slik skape ‘gruppekjensle’ og ‘ideologisk appell’ (Furseth 1999:74-76; Oberschall 1978:307). Ein lettfatteleg, handlingsorientert og endringsmotivert ideologi, samt eksistensen av ein reell eller oppfatta opposisjon, kan dimed vere mobiliserande (Gerlach and Hine 1968:26-37).

Edwards og McCarthy (2006:125-128) legg fram ein typologi over *ressursar* rørsler kan nytte i mobiliseringsarbeidet: ‘moralske ressursar’ inneber eit mål om legitimitet, ‘kulturelle ressursar’ er kompetanse og kulturelle objekt som kan nyttast strategisk, ‘sosial-organisatoriske ressursar’ er rekrutteringsnettverk, ‘menneskelege ressursar’ omfattar arbeidskraft, ekspertise og eigenskapar og til sist ‘materielle ressursar’ som er økonomisk kapital og eigendom.

I tillegg til desse *interne* tilhøva vil kollektiv handling avhenger av tilhøva i samfunnet elles (Furseth 1999:46-47). Staten har ei sentral rolle i det politiske systemet, og for kollektiv

² Calhoun (1982, kapittel 6) granska rural radikalisme i England under den industrielle revolusjonen. Calhoun (1982:150, 157-159) meiner at i møte med tradisjonelle (rurale) lokalsamfunn må ei rørsle bryte gjennom dei etablerte relasjonane. Dess svakare relasjonar, jo meir var lokalsamfunnet open for regulering ‘utanfrå’.

handling (Kjellman 2007:17-18). ‘Moglegheiter’ som er tilgjengelege i det politiske systemet vil påverke strategivala til rørsle, òg relasjonar til *andre* aktørar (Kriesi 2006:69; Tarrow 1998:7). Sannsynet for at kollektiv handlig skjer, og om handlinga blir vellukka, avhenger av om systemet er ope for endring, eller om det er lukka og dimed gjer suksess vanskelegare (Chester og Welsh 2011:136; Furseth 1999:73-74).

Kjellman (2007:79-82, 104) argumenterer for eit syn på *staten* som ei blanding mellom inklusivitet og eksklusivitet (‘selektiv inklusjon’), og slik har eit dynamisk tilhøve til sosiale rørsler. Staten ha dimed ulikt syn på samfunnsaktørar, alt ettersom kva grupper og rørsler som er aktuelle. Staten freistar å få rørsla til å moderere seg, etter statens ønskjer (Kjellman 2007:92, 102). Vidare kan den statlege og ‘selektive inklusjonen’ ovanfor ei rørsle medføre at delar av rørsla blir radikalisere, fordi dei ikkje ønskjer å bli institusjonalisert (Kjellman 2007:82-84).

2.4 Sentrum og periferi i Noreg

For å vurdere variasjonar i tilhøvet mellom lokalsamfunnet og det politiske sentrum, vil eg knytte meg opp til tidlegare forsking som om politisk geografi i Noreg. Særleg Rokkans teoriar om formar for ‘organisatorisk respons’ vil bli vektlagt.

I Noreg blir dei tradisjonelle motkulturane kring avhald, lågkyrkjelege grupper og målsak knytt til geografiske område. Eit sekularisert og urbant sentrum på den eine sida, og motkulturelle periferiar på den andre (Aarebrot 1987:198-201).

Øidne (1986:43) skilte mellom ulike kulturregionar: ‘Fjell og fjord-Noreg’ omfatta indre delar av Vestlandet og fjellstrøka på Austlandet. I denne regionen sto den nasjonaldemokratiske rørsla sterkt (Øidne 1986:46-47). ‘Den mørke kyststripa’, var ein annan kulturregion. Denne regionen strekte seg langs kysten av Sør- og Vestlandet, og kjenneteikna av stor oppslutning kring lekmannsrørsla, heller enn den nasjonaldemokratiske rørsla (Øidne 1984:46-47).

I følgje Rokkan (2010:7, 137-138) er den norske partistrukturen eit resultat av ein rekke skiljelinjer: ‘Territoriale’ motsetningar mellom ‘sentrumskultur’ og ‘periferikultur’, samt økonomiske skilelinjer som integrerte landsdelane på tvers av territoriale/kulturelle grenser (Rokkan 2010:137-138).

Rokkan (1975:564; 2010:71, 228-231) meinte den politiske mobiliseringa byrja med ein ‘diffus kommunalisme’, som etterkvert skilte seg etter konkrete partipreferansar. Desse preferansar vart tydlegare og la grunnlaget for organisasjonar som var innretta mot kulturelle

og/eller økonomiske saker. Med andre ord sprakk den breie ‘venstrerørsla’ opp etter skiljelinjer basert på økonomiske, religiøse og kulturelle skilelinjer.

Denne prosessen hadde geografiske variasjonar. Rokkan (2010:73, 156, 170-184, 223-224) skil særleg mellom to *periferiområde*: innlands-Noreg og kyst-Noreg. Innlands-Noreg var i hovudsak isolert, medan kysten kan delast i to: Sør og Vestlandet var egalitære område kjenneteikna av *motkultur*, medan Nord-Noreg var økonomisk polarisert.

Denne utviklinga ut frå økonomiske og kulturelle konfliktar fekk utslag i ulike organisasjonstypar. Med andre ord fantes det geografiske trekk og ‘barrierar’ som la føringar på kva slags organisasjonar som oppstod på ulike tidspunkt – altså mobiliseringsprosessen (Rokkan 2010:119-221).

Slik var det aktørar som bygde opp organisasjonar ut frå økonomiske *eller* kulturelle kriterium: anten på grunnlag av konfliktar ovanfor andre geografiske område, eller konfliktar innanfor i ‘lokalsamfunnet’ (Rokkan 2010:227). Til dømes var lekmannsrørsla, avhaldsrørsla og målrørsla tverrlokale organisasjonar som markerte kulturell distanse ovanfor aktørar, *utanfor* lokalsamfunnet, men òg til aktørar *innanfor* bygda/byen (Rokkan 2010:70-73, 221, 225).

Rokkans (1975:567; 2010:227) typologi over ‘organisatoriske responstypar’:

Økonomisk respons			Kulturell respons		
Verzuiling	Segmenterande mobilisering	Territorial mobilisering	Territorial mobilisering	Segmenterande mobilisering	Verzuiling
Markert utbygging av <i>kulturelle</i> organisasjonar rundt økonomi-orienterte identitetsgrupper	Klar økonomisk grensemarkering <i>innanfor</i> lokalbefolkninga, svakare kulturell markering	Økonomisk grensedragnin g <i>ovanfor</i> andre territorium, svak segmentering	Kulturell grensedragnin g <i>ovanfor</i> andre territorium, svak segmentering	Klar kulturell grensemarkering <i>innanfor</i> lokalbefolkninga, svakare økonomisk markering	Markert utbygging av økonomiske organisasjonar rundt kulturelt orienterte identitetsgrupper

Denne typologien vil i oppgåva bli nytta i samband med både sosioøkonomisk organisering i det tradisjonelle agrarsamfunnet (jf. kapittel 4), samt dei meir konkrete organisasjonane i civilsamfunnet fram mot 1905 (jf. kapittel 5). Eg vil særleg fokusere på grensedragning, altså om grensene vart satt mot aktørar internt i lokalsamfunnet, eller utad ovanfor andre.

I følgje Rokkan (2010:227-229) var det hovudsakleg segmenterande og territorial respons i Noreg, til dømes: Økonomiske konfliktar mellom arbeidstakrar/arbeidsgjevar, og kulturelle

konfliktar mellom periferiens motkulturar og urbane og/eller sekulære verdiar/organisasjonar (Rokkan 1975:568).

‘Verzuling’ er utbygging av fleire organisasjonar som framheva ein identitet (Rokkan 1975:570).³ Slik oppstår verzuing-prosessar når det er fare for at ein identitet *utfordrast* av ein annan (Rokkan 2010:226). Det er snakk om *vertikale* netteverk av ulike organisasjonsformar – både sivile og politiske – som beskyttar ein spesifikk identitet (Rokkan 1975:565; 2010:301). Desto meir verzuing, desto svakare vil presset frå andre identitetar vere (Rokkan 2010:302). I følgje Rokkan (2010:227) var det i Noreg berre *tendensar* til verzuing (Rokkan 2010:227).

Seip (1983:213) meiner det var meir tale om økonomiske konfliktar mellom by og land, enn *kulturelle* skilnader i Noreg: Motkulturane bidrog til å integrere landsdelane i det nasjonale fellesskapet, meir enn å vere basert på geografiske konfliktar (Seip 1983:211, 217). Nerbøvik (1999:189; 2000:51; 2004:545) har stilt seg bak denne tolkinga: Ved å vere ‘progressive’ og ‘moderniserande’, var motkulturane vel så mykje *sam*-kulturelle. Forstått slik var ikkje motkulturane forsvar av «landsens verdier» i møte med økonomisk og statsbyråkratisk sentralisering, som Rokkan (2010:172) hevdar.

3 Metode og forskingsopplegg

I dette kapittelet vil eg greie ut om dei metodiske vala. Eg vil drøfte positive og negative sider med komparativ metode. Vidare vil eg presentere det nytta kjeldematerialet, og drøfte forskingskvalitet, overføringsverdi og etikk.

3.1 Forskingsstrategi

Oppgåvas utgangpunkt er historiske variasjonar synleg på nasjonalt, regionalt og lokalt plan. Desse observerbare ulikskapane har eg freista å forklare ved å vurdere ulike prosessar/mekanismar. Desse tilhøva meiner eg fleire kan finne, både gjennom mine metodiske val og/eller ved andre vinklingar. Slik forstått har oppgåva ein ‘retroduktiv’ forskingsstrategi’ (Blaikie 2014:87).

³ Verzuing-begrepet er henta frå Nederland og tyder *søyledannelse* (Rokkan 1975:565; 2010:301). Religiøse område i Nederland, samt Belgia, Østerrike, Sveits og Nord-Irland er ‘ekstrem-døme’ å verzuing (Rokkan 1975:565).

3.2 Komparativ case-gransking

Case-gransking er ein metodisk framgangsmåte for å velje kjelder som gjev informasjon om det ein vil studere (Blaikie 2014:186-187). Denne oppgåva er i tillegg komparativ, sidan granskar variasjonar mellom dei tre futedøma i Romsdals Amt. Difor vil kvart futedøme vere eit *case*, altså eininga eg samlar informasjon om.

Eit mål med komparativ metode er å forklare og tolke makrososiale variasjonar (Ragin 1987:1, 5). Det er i kraft av å verte *spesifisert* at slike einingar gjer samanlikning mogleg. Til dømes kan spesifiserte land, amt og organisasjonar vere utgangspunktet for komparativ gransking.

Dette prosjektet er komparativt nettopp ved å studere variasjonar mellom Nordmøre, Romsdal og Sunnmøre i Romsdals Amt. Ein påstand om Sunnmøre futedøme i Romsdals Amt vil då implisere ei samanlikning med dei to andre futedøma. Ved nokre tilfelle vil *Romsdals Amt* samanliknast med trekk frå andre delar av Noreg. Slik kan ein nytte makrososiale einingar til å beskrive, samanlikne og forklare sosiale fenomen.

Blaikie (2014:191-192) trekk fram tre klassiske innvendingar mot case-granskingar: for det første blir metoden rekna som forsking som lett blir partisk. For det andre er metoden rekna som lite eigna for generalisering utover *caset*. For det tredje blir case-granskingar kritisert for å vere for tidkrevjande og skape for mykje datamateriale. Eit anna problem ved case-granskingar kan vere at ein endar opp med fleire moglege forklaringar på eit fenomen, enn talet på døme, altså fleire variablar enn case.

Ragin (1997:11) påpeikar er desse problema er mest reelle om ein skal *teste* teori. Kvalitativt-orienterte casegranskingar ser på teori som noko ein nyttar for å tolke eit case. Er granskinga i tillegg historisk, veit ein at desse *har* kjente eigenskapar. Med andre ord kan ein ikkje berre sjå på slike case som ‘råmateriale’ for samfunnsforsking (Ragin 1997:11).

Vidare argumenterer Ragin (1997:15-16) for case-granskingars mange fordelar: for det første kan komparativ metode mogleggjer ei forståing av *heilskapen* av eit fenomen, for det andre kan komparativ metode lettare å spesifisere historiske særtrekk og for det tredje tvingar komparativ metode granskaren til å ‘gjere seg kjent’ med dei utvalte *casa*.

Slik forstått er casestudie ideelt for eit ‘grounded theory’ perspektiv, fordi forklaringar ein genererer ut frå materialet kan syntetiserast til ein kontekstavhengig typologi (Mjøset 2006:356; Moses og Knutsen 2012:136). Slike typologiar kan overførast til andre case, sidan

dei spesifiserer nettopp konteksten dei er generert frå (Mjøset 2006:356; Moses og Knutsen 2012:225).

3.3 Analyseplan og kjeldebruk

Oppgåvas avgrensing legge føringar for kva empirisk materiale eg nyttar. Eg skal vurdere føresetnader og utfall for politiske kulturar fram til og med 1905.

Oppgåva har to analysekapittel. Det første omhandlar kulturelle og sosioøkonomiske faktorar som kan ha lagt føringar på politisk kultur fram til om lag midten av 1800-talet (jf. kapittel 4). Kjeldematerialet for dette kapittelet er føreliggjande litteratur, til dømes historiske framstillingar om Noreg, Romsdals Amt, agrarhistorie og politiske prosessar.

Det andre analysekapittelet vil ta for seg tidsrommet mellom 1880 og 1905 (jf. kapittel 5). Hovudfokuset vil rettast mot Den frilyndte ungdomsrørsla. Eg nyttar møteprotokollane til dei tre samlaga i Romsdals Amt. Eg har vurdert korleis desse samlaga mobiliserte ressursar og forholdt seg til samfunnet rundt. Føreliggjande litteratur vil også i denne kapittetelet vere viktig for framstillinga.

Fordelen med arkivdata er at dei er produsert av studieobjektet sjølv (Blaikie 2014:170). Føreliggjande litteratur har fordelar ved at ein lettare kan danne seg oversiktstbilete over eit case og slik mogleggjere større samanlikningar (Furseth 1999:414; Moses og Knutsen 2012:122). Samstundes må ein ved bruk av føreliggjande litteratur, vere bevisst på at dette er framstillingar som er farga av forfattarens val og vinklingar (Moses og Knutsen 2012:121, 122; Tjora 2012:175).

Både føreliggjande litteratur og dokument må nyttast gjennom kjeldekritikk: «Når er de skrevet? Hvor er de skrevet, av hvem, og for hvilke leser og formål?» (Tjora 2012:163).

Historiske monografiar må lesast med eit historiografisk blikk: Ei vurdering av kva tidsspesifikke karakteristikkar som kan ha farga produksjonen av ein tekst. Kva overordna perspektiv kan forfattarens historiske framstilling plasserast?

Noko av litteraturen som oppgåva byggjer på er skreve med ei nordisk vinkling. I denne oppgåva samanliknar eg *ikkje* med tilhøva i andre land, men nyttar i nokon grad generaliseringar om Noreg og dels Danmark-Noreg.

Monografiar om regionar og/eller meir spesifikke land kan også ha ein potensiell veikskap om dei nyttast i komparative gransking, ved ufullstendig informasjon. Ein monografi kan til

dømes legge fram mykje informasjon om eitt av mine case, men ikkje noko om dei to andre. Dette problem kan løysast ved å finne andre framstillingar som kan byggje vidare på framstillinga til andre monografiar.

3.3.1 Datainnsamling

I samband med denne oppgåva har eg samla data frå møteprotokollar etter dei tre samlaga i Den frilyndte ungdomsrørsla i Romsdals Amt.

Alle arkivkjelder fekk eg tilgang til gjennom samlaga sjølv, eller institusjonar som arkivarar det historiske materialet. Eg måtte ta spesifikk kontakt med desse, men med den historiske distansen til tida som er undersøkt, er det tvilsamt at nokon vil bli nekta tilgang til materialet. Dimed er desse kjeldene etterprøvbar.

Alle data vart digitalisert av meg sjølv med eit kompaktkamera. Bilete-filene vart overført til datamaskin og systematisert.

Arkivet etter Nordmøre Ungdomssamlag er i privat eige. Gjennom kontakt mellom underteiknande og arkiveigar vart møteprotokollane frå 1895 og 1947 overført til Nordmøre Museum i Kristiansund. Eg nyttar den eldste protokollen til Samlaget på Nordmøre: *Forhandlingsbog for Nordmøre Ungdomslag*. Denne strekker seg frå 1895 til 1921 og omfattar omlag 270 handskrivne sider.

Arkivet etter Romsdal Ungdomssamlag finns i fjernarkivet til Romsdalsmuseet i Molde. Ved forespørsel fekk eg tilgang til arkivmaterialet. Eg nyttar den eldste protokollen: *Forhandlingsbok for Romsdals Ungdomssamlag*. Denne byrjar ved skipinga i 1895 og avsluttast i 1909 og omfattar 140 handskrivne sider.

Sunnmøre Ungdomssamlag arkiverer møteprotokollane sjølv. Samlaget har kontor og arkiv på Møre Folkehøgskule i Ørsta.. Etter forespørsel fekk eg tilgang til arkivet. Den eldste protokollen er nyttar: *Møtebok for Sunnmøre Frilynde Ungdomssamlag*. Denne protokollen er på omlag 390 handskrivne sider og tar for seg møteverksemda mellom 1893 og 1922.

Møteprotokollane består av styrereferat, stemnereferat, vedtak og liknande. Møteprotokollane har fysisk vore med i organisasjonsarbeidet over fleire år og soleis blitt skreve av fleire personar.

Det er under desse poenga ein kjem inn på oppgåvas etiske betraktingar. Møteprotokollane er ei intern stadfesting av kva som skjer under eit styremøte. Sjølv om føring av møtebok også

er ei dokumentering over kva som skjedde for dei som ikkje var til stades, må ein respektere at det var privatpersonar aktive i ein lukka setting.

Eg har difor freista å syne varsemd ovanfor private interesser i samband med interesseorganisasjonar, i tillegg til krava om vitskapeleg redelegheit og god henvisningsskikk, som er presentert i «Forskingsetiske retningslinjer for samfunnsvitskap, humaniora, juss og teologi» (De nasjonale forskningsetiske komiteene 2006).

3.4 Forskingskvalitet

I følgje Tjora (2013:202) handlar forskingas truverd til den interne logikken for prosjektet som heilskap. Ein fare som alltid vil være til stade er om forskarens eige engasjement og meininger fargar arbeidet og konklusjonane. Eg har freista å tolke materialet og gje rapporten ei objektiv framstilling. Det same gjeld dei kulturelle og politiske kategoriane som er omtala. Vidare har eg gjennomgåande oppgitt forfattar, året for publikasjon og sidetal i alle kjeldehenvisningar. For dei ikkje-publiserte kjeldene har eg freista å skrive kva type sak det er (til dømes referat, årsmelding), samt dato og årstall saka vart skriven i møteprotokollen. Referansane til protokollane er lagt til noteapparatet.

Forskingas gyldigheit avhenger av logisk samanheng mellom problemstillingar, konklusjonar og funn (Tjora 2013:202, 206). Ein styrke ved å studere ein historisk kontekst er at dokument og litteratur kan lesast av andre. På den måten kan andre vurdere om det *er* ein logisk samanheng mellom mine spørsmål, og vurdere om mitt arbeid og konklusjonar er gyldige.

Overføringsverdi er forskingas nytte utover det som studerast (Tjora 2013:202, 207-209). I kvalitative casestudiar, som denne oppgåva, er det gjerne målet om *overføringsverdi* mest aktuelt (Ragin 1997:34-36).

Målet med denne oppgåva å utvikle teori, i form av ein typologi over politisk kultur i Romsdals Amt. Ei slik syntese av mine vinklingar, funn og konklusjonar kan dimed vere overførbare til andre område og felt, med etterhald at den er *kontekstsensitiv* (Ragin 1997:35).

4 Analyse 1: Før- og tidleg demokratisk tid

4.1 Innleiing

Dette kapittelet skal granske ulike prosessar fram til omlag 1850. Målet er å studere kulturelle og sosioøkonomiske faktorar som kan ha lagt føringar for politisk kultur. Framstillinga tar utgangspunkt i følgjande problemstilling: *Kva kulturelle og sosioøkonomiske faktorar kan ha*

lagt føringer for civilsamfunnet i Romsdals Amt, og kvifor fekk dei betyding for politisk handling fram til midten av 1800-talet?

Granskinga er bygd på føreliggjande historisk litteratur (jf. 3.3). For å tydeleggjere og beskrive tilhøva i Romsdals Amt, vil framstillinga òg basere seg på generaliseringar om Norden og Noreg.

4.2 Kulturell demokratisering

Dette underkapittelet tek for seg kulturelle faktorar i ‘det tradisjonelle agrarsamfunnet’. Målet er å vurdere kulturelle føresetnader for civilsamfunn og politisk handling. Hovudfokuset rettast mot pietismen og skulesystemet.

4.2.1 Den andre reformasjonen

Denne bolken skal granske den religiøse utviklinga, med hovudfokus på 1700-talet. Meir konkret er føremålet å vurdere moglege innverknader kyrkja og kristendomen kan hatt i Romsdals Amt.

Tida etter reformasjonen er karakterisert som ortodoks-luthersk (Rudvin 1967:29-36). I den lutherske ortodoksi stod *kollektivet* ovanfor Gud, med presten som mellommann. Den religiøse anordninga vekta gudstenesta og kyrkjelydens møte med presten, samt husandakt og familiens kollektive bøneritual (hustavl og katekisma) (Aarflot 1967:13, 85; Thorkildsen 1997:138-139). Slik forstått var samfunnet i Noreg på byrjinga av 1700-talet prega av paternalisme og sosial lagdeling (jf. Furseth 1999:110; Nielsen 2009: 19, 56; Thorkildsen 138-139).

Pietismen gjorde individet sjølv ansvarleg for si eiga frelse, noko som òg innebar at presten og kyrkja vart svekt som fortolkar og forkynnar (Aarflot 1967:194, 279; Fet 2015:51; Nielsen 2009:55-61). Dette medførte at lekfolk ikkje var ansvarleg ovanfor presten (Thorkildsen 1997:145): Prestens rolle i kyrkja og ‘farens’ rolle i heimen som bøneopplesarar vart avløyst av at den einskilde deltok som *tilhøyrarar* i religiøse møte (Thorkildsen 1997:145-146, 148). Slik vart den tidlege lekmannsrørsla ‘standsnedbrytande’ (Nielsen 2009:82-84; Thorkildsen 1997:146).

Pietismen ‘inderliggjering’ bidrog til å bryte ned det lutherske standshierarkiet, flytte religiøsitet frå det offentlege til det private rom, samt gjere individet sjølv ansvarleg for religiøs overtyding, heller enn staten og kyrkja (Nielsen 2009:81; Sørensen og Stråth 1997:10; Thorkildsen 1997:157-158).

Romsdals Amt var eit kjerneområde i det som kan kallast den tidlege pietistrørsla. Dette skyldast den sokalla ‘Sjustjerna’ (Døssland 1990:221; Langhelle 2006:112; Vasstveit 2016:23).⁴

Dette var sju prestar på Nordmøre og i Romsdal som i åra mellom 1712 og 1716 utgjorde eit kollektiv (Haraldsen 2009:370; Rudvin 1967:88; Vasstveit 2016:23). I følgje Vasstveit (2016:24, 26) var denne grupperinga «(...) det eneste fellesskap med regelmessige møter som vi kjenner til frå denne tiden.».

Særleg leiaren av ‘Sjustjerna’, og samstundes sokneprest i Romsdal, Thomas von Westen, er trekt fram som ein sentral aktør i den tidlege pietismen i Danmark-Noreg (Dyrvik 2011:175; Kleppe 1999:13, 15; Langnes 2011:273-274, 279).⁵ Dei seks andre prestane var fordelt i Romsdal og ytre strøk av Nordmøre, og etter kvart nordre Sunnmøre (Vasstevit 2016:26-34).

Prestane arbeidde for å spreie biblar og religiøse vekkingar, og sendte fleire oppfordringar til statsmakta i Danmark, kor dei gjorde reie for den därlege moralske og religiøse stoda i den norske befolkninga, og kva som kunne gjerast for å betre dette (Døssland 1990:221-226; Rudvin 1967:88).⁶

Fleire av oppfordringane deira vart tatt til etterretning, særleg i dei komande skule- og konfirmasjonsreformene (Døssland 1990:226; Fet 1995:31-34, 49; Haraldsen 2008:369; Kleppa og Odland 1998:21-23; Langnes 2011:279; Vasstveit 2016:23).

Ein konsekvens av innføring av obligatorisk konfirmasjon i 1736, var at alle måtte lære å lese (Fet 1995:32).⁷ Dimed vart også allmugeskulen gjort obligatorisk i 1739 i Danmark-Noreg (Nielsen 2009:57, 95). Denne ordninga tilsa at alle born skulle gå fem år på skule (Thorkildsen 1998:265). På 16- og 1700-talet var dei fleste bøker religiøse bøker. Dimed kan lesekunne og kva bøker som var lese indikere religiøst behov (Fet 1995:132-133).

⁴ Diktaren Niels Olsen Svee fra Sunnmøre er rekna som ein representant for ein ‘statspietistisk’ tankegang på Sunnmøre fordi han freista å styrke allmenn kristendomskunnskap blanda med ortodoks kollektivisme og pietistiske reformer (Fet 2015:59, 71). Svee vart publisert i Bergen, og særleg område med mykje Bergens-handel hadde Svee innverknad. I Romsdals Amt var dette meir gjeldande for Sunnmøre samanlikna med Nordmøre og Romsdal (Fet 2015:62-63).

⁵ Vasstveit (2016:23-24) granskar dei registrerte bøkene i arveskifta etter dei sju prestane og finn ein stor andel verdslege bøker, som indikerer at prestane kjente til nytenking innanfor filosofi og naturvitenskap. Til dømes fantes det i prestenes bibliotek bøker av Grotius, Spinoza, Descartes, Bayle, Holberg, Bacon og Hobbes.

⁶ I følgje Fet (1995:120-121) er utdeling av bøker frå prestane i beste fall sterkt overdrive: «Det er i det heile vanskeleg å få auge på direkte følger av reformarbeidet å Sjustjerna.». Likevel meiner Fet (1995:136) at Borgund (Sunnmøre) var eit «arnested» for den tidlege pietismen på Sunnmøre og knytt dette til soknepresten: Peder Strøm – éin av ‘sjustjerne’-prestane (Vasstveit 2016:34).

⁷ Noko offentleg allmenn undervisning hadde det vore i Noreg heilt tilbake til 1537, men denne var hovudsakleg innretta mot å lære katekisma på rams, ikkje naudsynt å kunne lese den (Fet 1995:26-28).

I følgje Fet (1995:41-43, 49, 121) tyder bøker hos allmugen på 17- og 1800-talet at ein eller fleire i husstanden kunne å lese og argumenterer for at lesekunne var noko utbredt alt før 1730-åra, og at dette var tilfelle for heile Romsdals Amt. For heile tidsrommet mellom 1690 og 1839 var det tydelege variasjonar i bokmengda mellom futedøma: 96 bøker per undersøkte arveskifte for Sunnmøre, 60 på Nordmøre og 49 i Romsdal. Denne kan indikere at befolkninga på Sunnmøre responderte tidlegare på pietismens fokus på lesekunne (Fet 1995:124).

På Sunnmøre var det ei auking i bokmengda i tida då reformene var innført, noko som indikerer at også generasjonen før reformene, utan obligatorisk skulegong, kunne lese (Fet 1995:82-90, 121).⁸ For Nordmøre og Romsdal auka bokmengda først 10-15 år seinare, som då kan indikere lågare grad av lesekunne før reformene. Auka bokmengde kan skyldast betre økonomisk situasjon med meir handel og/eller pietismens fokus på lesing.⁹ På den eine sida kan behovet for å lese ha auka, samstundes som betre økonomiske kjøpekraft kunne realisere dette behovet (Fet (1995:86-87)).¹⁰

Regionale skilnader kjem også fram i høve *sjangrar*– særleg variasjonar innanfor religiøse bøker: For alle futedøma var mengda religiøs litteratur stor (Fet 1995:133). Brote ned på eit meir kvalitativt perspektiv var det fleire kostbare Biblar/huspostilar på Nordmøre og i Romsdal, medan for Sunnmøre var det fleire (rimelegare) Ny-Testament (Fet 1995:133-134, 154). Vidare var det òg meir anna pietistisk litteratur på Sunnmøre og i Romsdal, enn på Nordmøre kor det var meir luthersk-ortodokse bøker (Fet 1995:204, 215, 224; 2015:75-77).

‘Sjustjerna’ var dimed bidragsytarar for ‘statspietismen’ (Dyrvik 2011:175; Furseth 1999:109; Rudvin 1967:88-89). Reformene skulle kunne betre kristendomsforståinga til undersåttane (Aarflot 1967:134, 146-148, 153; Furseth 1999:109; Stenius 2010:15-16). Dette medførte at individet vart trekt ut av den *private* husstanden og ‘allmenngjort’ ved å ta del i desse offentlege ordningane (Nielsen 2009:59). Samstundes var reformene nasjonale ordningar som

⁸ Fet (1995:19, 73-81) baserar si granskning på hovudsakleg på mengda bøker som er oppgjeve i skrifteprotokollar etter arveskifte, altså ei oversikt over eigedalar etter ein daud person. For Romsdals Amt har Fet (1995:75) har undersøkt i alt 16 548 arveskrifte, av desse er 12 570 skifte frå Sunnmøre, 1289 frå Romsdal og 1198 frå Nordmøre. Med andre ord er Sunnmøre klart overrepresentert i undersøkinga.

⁹ Fet (1995:11) trekk fram at garden Godøy på Sunnmøre særmerker seg med stor leseinteresse, utan å ha ei høgare formue enn vanleg. Me kan også merke oss at garden var særskilt bruksdelt (16 bruk) og ikkje utskifta før i 1938-1940 (Berg 1968:202-204; Brekke 2006:125, 128-131).

¹⁰ I denne forklaringa kan bysentera spele inn, ved at Molde og Kristiansund i større grad la føringar for handelen i områda rundt. Dette var annleis på Sunnmøre, der befolkninga handla meir direkte med Bergen (Fet 1995:121-122).

homogeniserte befolkninga (Aarflot 1967:96; Nielsen 2009: 48-49, 58).¹¹ Slik var ‘Sjustjerna’ bidragsytarar til ein statleg forankra pietisme i Danmark-Noreg.¹²

Slik forstått innførte pietismen ei opning for individuell tolking og forkynning (jf. Kriesi 2006:69; Tarrow 1998:7). Vidare kan institusjonaliseringa av pietismen i statskyrkja ført til at individ som nettopp freista å forkynne sjølv vart radikalisert ved at kyrkja framleis skulle ha eineretten til å forkynne (jf. Kjellman 2007:82-84).

Hans Nielsen Hauge og haugerørsla vart eit tidleg døme på denne religiøse radikalismen i Noreg (Aarflot 1967:231; Kleppa og Odland 1998:19; Stenius 2010:44). Hauges ideologi var hovudsakeleg retta mot *prestestanden* (Furseth 1999:130). Hauge freista å ‘vekke’ den einskilde, som vidare vart oppfordra til å bli verande i statskyrkja (Furseth 1999:13, 142). Slik retta rørsla det radikale ‘inn’ i individet, ikkje primært ut mot samfunnsordninga (jf. Witoszek 1997:81, 87).

Hauge knytte til seg ‘medarbeidarar’ som, i likskap med han sjølv, reiste rundt og forkynte, noko som resulterte i spreiling og fleire vekkingsbølgjer (Aarflot 1967:260-261, 269; Furseth 1999:141). Haugianismen hadde slik ein politisk dimensjon ved å etablere nettverk mellom haugianarar (Furseth 1999:142-143; Nielsen 2009:83; Thorkildsen 1997:148, 157).

Hauge skal ha reist gjennom Romsdals Amt i alt fire gonger i tidsrommet mellom 1799 og 1803 (Døssland 1990:492). Dette var tidsrommet kor Hauge var på sitt mest aktive (Furseth 1999:99-100).

På Nordmøre var det haugianar-miljø i indre område (Surnadal) og i Romsdal fantes slike miljø både i kystrøk (Aukra, Fræna) og indre strøk (Grytten) (Døssland 1990:492-493; Kleppa og Odland 1998:39; Kleppa 1999:17). Haugianarane i Romsdal hadde flytta dit frå Sogn, etter råd frå Hauge sjølv (Kleppa 1999:11, 16, 19).

Fet (1995:189) meiner det etablerte seg små haugianar-miljø på Sunnmøre i etterkant av reisa hans i 1799 og 1801. Særleg i indre fjordområde av Sunnmøre fantes det truleg ein del

¹¹ Samstundes skilte pietismen radikalt mellom folk som var omvendt og ikkje – også i det sosiale livet – noko som medførte at berre ‘sanne truande’ vart aksepterte, som igjen kunne nøre oppunder separatisme frå statskyrkja (Thorkildsen 1997:145).

¹² Vasstveit (2016:29, 40) finn lite dokumentasjon for ei *pietistisk* orientering i von Westens bibliotek, men forklarar dette med at berre eit fåtal verk (4 av 16) av pietistiske forfattarar var ute på marknaden då Sjustjerna og von Westen var aktive. Dette underbygg tolkinga av von Westen som føregangsmann.

haugianarar (Fet 1995:190-191).¹³ Utover første halvdel av 1800-talet er Ørsta trekt fram som eit sentrum for haugerørsla på Sunnmøre (Fet 1995:192-193; Høydal 1995:55-56).

For det første såg me at ved byrjinga av 1700-talet var fleire føregangsmenn for pietismen lokalisert i amtet, med eit tyngdepunkt i Romsdal. Pietismens ‘individfokus’ kan ha intensivert prosessen med at den einskilde også vart eit sosialt individ samfunnet (jf. Bagge 1998:34; Siedentop 1994:27; 2000:193-194, 198, 210).

Aktiviteten til ‘Sjustjerna’ var dimed eit døme på korleis religiøs nytenking vart institusjonalisert av staten (jf. Kjellman 2007:82-84; Thorkildsen 1997:143-149, 158-159; Stenius 1997:163-164; 2010:4-6, 49). Vidare kan ein *anta* at desse prestane, gjennom gudstenester og anna kontakt med befolkninga, la føringar som stimulerte til ei slik ‘inderleggjering’ som dei i reformprogramma agiterte for (jf. Furseth 1999:109; Nielsen 2009:59; Thorkildsen 1997:145).

Aktiviteten til ‘Sjustjerna’ kan dimed ha medført at menneske i Romsdals Amt fekk ei sterkare individoppfatning av seg sjølv, utanfor kyrkjas kollektive ordningar (jf. Nielsen 2009:81; Sørensen og Stråth 1997:10; Thorkildsen 1997:157-158). Ein vidare implikasjon av dette var at også andre verdslege samfunnsordningar vart påverka av individualiseringa, og slik ‘standsnedbrytande’ (jf. Nielsen 2009:82-84; Thorkildsen 1997:146)

På byrjinga av 1700-talet var lesekunne relativt utbredt i Romsdals Amt, særleg for Sunnmøre var lesekunne truleg utbredt *før* dei statlege skule- og konfirmasjonsreformene. Vidare var preferansane for bøker ulikt: På Nordmøre var det vanlegare å ha ortodoks litteratur, medan på Sunnmøre og i Romsdal var pietistisk litteratur meir utbredt. Slik forstått fekk pietismen mindre påverknad på delar av Nordmøre, enn kva som var tilfelle i Romsdal og på Sunnmøre. Dimed ein anta at det òg ville vere mindre individualiseringa på Nordmøre, enn i dei to sørlegare futedøma (jf. Nielsen 2009:81; Sørensen og Stråth 1997:10; Thorkildsen 1997:157-158

Hauge besøkte alle futedøma i Romsdals Amt, og de etablerte seg haugianarar-miljø på fleire område i amtet. Ein kan dimed *anta* at desse miljøa rekrutterte nye medlemmar (jf. Jenkins 1983:537-538). Ei vidare antaking er at desse miljøa representerte nettverk med andre delar av landet, og slik bygde relasjonar som gjekk utover lokalsamfunnet, og dimed innebar ei

¹³ I 1805 vart det straffbart å oppbevare litteratur skreve av Hauge. I Synnulven og Geiranger på Sunnmøre vart det til dømes innlevert 196 skrift/bøker frå til saman 78 personar (Fet 1995:191).

byrjande forståing av det nasjonale (jf. Thorkildsen 1997:143-149; Nielsen 2009:81-82). Dei tilflytta haugianarane i Romsdal syner slike forbindelsar mellom lokalsamfunn.

Me har sett at pietismen gjorde seg gjeldande i Romsdals Amt generelt, og Sunnmøre spesielt. I lys av tidlegare tolkingar av pietismen innverknad på samfunnet, indikerer dette at befolkninga her byrja prosessen med ‘inderleggjering’ (jf. Furseth 1999:109; Nielsen 2009:59; Thorkildsen 1997:145). Denne individualiseringa ville då også få innverknad på det sosiale livet, altså oppfatning av ‘medfødt’ status (jf. Furseth 1999:110; Nielsen 2009: 19, 56; Thorkildsen 138-139).

4.2.2 Folkeopplysing og lærarar

Reformene frå 1730-åra prega skulesystemet fram til nye reformer gjorde seg gjeldande frå midten av 1800-talet (Fet 1995:33; Hovland 1998:285; Thorkildsen 1997:142-143; 1998:266).¹⁴

I 1827 kom lova som kravde minst éin fastskule i alle prestegjeld, og i 1860 omfatta kravet at kvar skulekrins skulle ha fastskule, noko som vart økonomisk støtta av staten. I tillegg måtte læraren no ha godkjent utdanning (Nerbøvik 1999:173; Nielsen 2009:110; Tvinneim 1992:192, 205).

Staten, gjennom amta, freista frå 1850-åra å styrke dei sosiale og kulturelle banda med ungdom i bygdene ved å opprette amtsskular (Nielsen 2009:110; Tvinneim 1992:192). Folkehøgskular og Amtsskular var vidare-utdanning for ungdom ferdig med folkeskulen. Der amtsskulane var ein statleg reaksjon på den meir radikale folkehøgskulen.

Slik kan den statlege støtta til skulegong for *heile* samfunnet tolkast som ei *politisering* av skulen. Skulen skulle gjere folk i stand til samfunnsdeltaking, men òg knytte befolkninga saman omkring det nasjonal-demokratiske fellesskapet, altså homogenisering (Nielsen 2009: 48-49, 116-117).

Medan skulesystemet på 1700-talet var innretta mot konfirmasjonen, og dimed vekta religiøs litteratur, innførte skulereformene på 1800-talet eit sterkare fokus på verdsleg stoff (Fet

¹⁴ Grundtvig trekkjast gjerne fram som inspirasjon for dei skule-pedagogiske reformene ein fekk ved midten av 1800-talet, medan Christopher Bruun vart ein leiande aktør for folkehøgskulane i Noreg (Aarflot 1967:439). Grundtvig og Bruuns mål var å gje dei som ikkje hadde anledning til å studere i byane eit tilbod. Dette hadde også eit nasjonalistisk aspekt, ved at dei freista å finne det genuint *norske* hos bondebefolkninga (Nerbøvik 1999:185). Slik fantes det òg ei nasjonalromantisk linje i den nordiske opplysninga (jf. Witoszek 1998:84-85, 89). For både Bruun og Grundtvig var idealet å sameine det kristelege med nasjonale, med ei særskild vektlegginga av det siste, og slik vere ei motvekt til pietismen gjennom ein «lys og jordnær kristendom» (Klippenberg 1995:25; Nerbøvik 1999:186).

1995:33; Tvinneim 1992:191). Grunngjevinga for dette grepet var at opplyste individ ville vere staten og samfunnet til nytte (Hovland 1998:287; Nielsen 2009:85).

Soleis vart den pietistisk individorientering vidareført i 1800-talets nasjonale vekking, då undervisning vart offentleg: Fastskule-lovene syner korleis det offentlege freista å gjere skulen til offentleg arena. Dette vart gjort ved å flytte undervisninga vekk frå omgangskulane/heimen, og over i standardisert form – fastskulen – altså inn i det offentlege rommet (Nielsen 2009:56, 109,114).

Føremålet med *folkehøgskulane* var å ‘danne’ folket nedanfrå, og soleis ein form for maktbalansering ovanfor dei urbane elite-skulane. Ungdom på landsbygda skulle få utdanning og forståing av kva det folkelege innebar (Nielsen 2009:115, 280-281). Dei private folkehøgskulane vart soleis eit alternativ til det etablerte skulesystemet (Nerbøvik 1999:185).¹⁵

I Romsdals Amt fekk alle tre futedøme eigen amtsskule (Tvinneim 1992:196). Alle tre futedøma hadde i 1870-åra spreidde freistnader på folkehøgskular, men institusjonane overlevde berre nokre få år (Tvinneim 1992:194): I Romsdal futedøme var det folkehøgskule i tidsrommet mellom 1874-1876 (Veøy), På Nordmøre ein folkehøgskule i 1876 (Halsa) og på Sunnmøre mellom 1871-1893 (Skodje).

Læraren blir ofte trekt fram som ein sentral aktør i reformeringa av skulevesenet: Ein akademisk-rural elite særleg mottakeleg for ideala om at nasjonen måtte byggjast gjennom utdanning *nadanfrå* (Hovland 1998:285-286; Slagstad 1998:131; Stenius 2010:37; Thorkildsen 1997:142-143; 1998:281).

Ved borgarskulane i Ålesund og Molde vart det utdanna lærar i 1830 og 1840-åra (Tvinneim 1992:195). På Sunnmøre (Volda) var det fast lærarskule i tidrommet 1861-1866, med i alt 108 uteksaminerte lærarar (Tvinneim 1992:196). I Romsdal futedøme hadde også ein lærarskule (Nesset) i tidsrommet 1863-1867, som utdanna i alt 68 lærarar (Tvinneim 1992:195).

I motsetnad til dei første reformene om fastskule, har me sett at det var visse variasjonar i høve folkehøgskular og lærarutdanning mellom dei tre futedøma i Romsdals Amt på 1800-talet. Ein kan anta at fleire menneske gjekk på folkehøgskule og vart utdanna til lærarar på

¹⁵ Grundtvigianarane freista å opprette folkehøgskular, som ei forlenging av den folkeleg-nasjonale danninga (Hovland 1998:286; Thorkildsen 1998:268-271). I Noreg var det tre typar folkehøgskule: ein grundtvigiansk-frilyndte folkehøgskule, statlege amtsskular og pietistiske folkehøgskular (Nielsen 2009:277).

Sunnmøre og i Romsdal, enn kva som var tilfelle på Nordmøre, sidan skulane låg nettopp her. Truleg ville det òg vere elevar frå Nordmøre på desse institusjonane, noko ei nærmare gransking av elevlister ville kunne avsløre.

Som synt ovanfor fekk pietismen meir innverknad i Romsdal og på Sunnmøre, enn på Nordmøre på 1700-talet. Skulereformene på 1800-talet var reformer som meir enn tidlegare offentleggjorde skulesystemet. Amtsskular vart etablert i alle futedøma i Romsdals Amt. I høve folkehøgskular var desse private tiltak. Med andre ord var desse skulane ein ‘organisatorisk respons’ ovanfor dei statlege og urbane skulane (jf. Rokkan 1975:567; 2010:227).

Desse organisasjonane fekk lengst levetid i Romsdal og på Sunnmøre, samanlikna med Nordmøre. Dette kan indikere at på Nordmøre skapte skulane grensedragningar intert i lokalbefolkinga, altså at mange vegre seg til å slutte opp om tiltaket oppslutninga. For Nordmøre og Sunnmøre blir då slutninga at desse skulane fekk meir støtte i lokalsamfunnet, altså felles kulturell grensedragning *mot* amtsskulane (jf. Rokkan 1975:567; 2010:227).

Frå og med 1860 hadde lærarane gådd på lærarskule og representerte det utåtvende og moderne, men var samstundes ein del av lokalsamfunnet (Nielsen 2009:120-121). Berre i Romsdal og på Sunnmøre vart det utdanna lærarar gjennom 1800-talet. Med andre ord opna det seg opp ein moglegheit for å utdanne lærar, noko skuleinstitusjonane i Romsdal og på Sunnmøre responderte på. Dei einskilde lærarane vart vidare ein ‘menneskeleg ressurs’ for bygdesamfunna og sivilsamfunnet (jf. Edwards og McCarthy (2006:125-128).

4.2.3 Samanfatning

Dette underkapittelet har freista å leggje fram og granske kulturelle endringar på 17- og 1800-talet.

Hovudfokuset var å drøfte pietismens innverknad på samfunnet, i kontrast til den lutherske ortodoksien. Me såg at pietismen utfordra ortodoksien ved å vektlegge individet, heller enn kollektivet. Slik kunne pietismen bidra til individualisering i lokalsamfunnet, ved at også *sosiale* ordningar vart prega av dette brotet.

Me såg at pietismen truleg fekk eit tidleg gjennombrot i Romsdals Amt. Dette kan skyldast ‘Sjustjerna’: føregangsmenn for den statelege inklusjonen av pietismen gjennom reformprogram. Me såg at særleg på Sunnmøre var lesekunne utbredt, og dei religiøse

preferansane i hovudsak var pietistisk. Vidare såg me at alle futedøma av Romsdals Amt hadde haugianar-miljø i etterkant av at Hauge sjølv reiste gjennom amtet.

Skulereformene på 1800-talet førte til amtsskular i kvart av futedøma. Den private parallellellen til desse statlege skulane var folkehøgskular. I alle futedøma var det freistnader på slike tiltak. Me såg at desse skulane overlevde lengst i Romsdal og på Sunnmøre. Vidare skilte desse to futedøma seg frå Nordmøre, ved å utdanne lærarar på fleire tidspunkt gjennom a 1800-talet.

Skjema 1: Samanfatning kapittel 4.2

	Nordmøre	Romsdal	Sunnmøre
<i>1700-pietismen</i>	‘Sjustjerna’- prestar i kyststrokk	Tyngdepunktet for ‘Sjustjerna’.	‘Sjustjerna’-prest (Peder Strøm).
<i>Bokmengd og lesepreferanse</i>	Middels bokmengd, Mest ortodokse biblar.	Middels bokmengd, Mest ortodokse biblar.	Stor bokmengd, Mest Ny-testamentet og pietistisk litteratur.
<i>Haugerørsla</i>	Miljø i indre strøk	Miljø i indre og ytre strøk.	Miljø i indre strøk.
<i>Skule- og lærarinstitusjon</i>	Amtsskule, kort freistnad på folkehøgskule.	Amtsskule, lengre freistnad på folkehøgskule, fleire lærarskular.	Amtsskule og lengre freistnad på folkehøgskule, fleire lærarskular.

4.3 Sosioøkonomisk demokratisering

Dette underkapittelet skal ta for seg sosioøkonomisk organisering i det ‘det tradisjonelle agrarsamfunnet’. Føremålet er å vurdere sosioøkonomiske føresetnader for sivilsamfunn og politisk handling.

4.3.1 Gardsstruktur

Gjennom 1800-talet var Noreg gjennom ein agrar transformasjon, landet skifta ‘ham’ og landbruket vart individualisert og rasjonalisert (Østerud 1978:113).¹⁶ Garden var ei eining der økonomiske og sosiale og familiære faktorar samspelte (Pryser 1985:139,141). Betegninga ‘gard’ nyttast gjerne om ein matrikkelgard, medan ‘gardsbruk’ nyttast om meir eller mindre sjølvstendige driftseiningar innunder ein matrikkelgard (Try 1969:39).

Den norske garden, i form av tun-type, driftsmåtar og eigendomstilhøva, varierte mellom Noregs landsdelar: Gardar på Sør- og Vestlandet, samt delar av Nord-Noreg, var gjerne meir

¹⁶ *Hamskifte*-metaforen til Inge Krokann (1976) er ein mykje nyttta skildring i den norske agrarhistoriske litteraturen (Langnes 2015:347; Østerud 1978:190). Krokann (1976:124) knytte særleg dette skiftet til endringsprosessane etter 1850-åra: Ved å endre dei ytre og synlege karakteristikkane, for so å kle seg i noko nytt vart landet noko anna enn det hadde vore i «uminnelege» tider før.

bruksdelte – altså fleire gardsbruk under éin matrikkelgard. Bruksdelte gardar kunne ha eit fellestun (klyngetun) (Langnes 2015:107-108).¹⁷ Gardane på Austlandet og i Trøndelag var oftare *udelte* matrikkelgardar med rekkje/firkant/to-tun (Christensen 1995:252-253; Visted og Stigum 1951:53-62; Østerud 1978:89-92).

Ein gardbrukar kunne anten være sjølveigar eller leiglending. Desse to gruppene sto relativt jamt i status: Dei disponerte gjerne gardane dei brukte over fleire generasjonar (Christensen 1995:242; Dyrvik 2011:138-138; Nerbøvik 1999:86-87; Sogner 1984:235).¹⁸ Det var dimed *bruksretten* til ein gard, meir enn eigendomsretten som la føringar for sosial status i det tradisjonelle agrarsamfunnet (Pryser 1999:107; Sogner 1984:235). Dei einbølte gardane var oftare eigd av brukaren sjølv, medan brukarane på bruksdelte gardar oftare var leiglendingar (Øye 2006:89).

Romsdals Amt kan reknast som eit *agrart* overgangsområde: Nordmøre likna meir på tilhøva i Trøndelag og på Austlandet med lite bruksdeling og rekkjetun. Sunnmøre kan karakteriserast som ‘vestlandsk’ med stor bruksdeling og klyngetun, medan Romsdal var eit blandingsområde mellom desse ‘ytterpunktene’ (Langnes 2004:90, 166-170; Tvinnereim 1992:74).

4.3.2 Jordegods og sjølveige

Denne bolken skal granske overgangen til sjølveige i Romsdals Amt og kva faktorar som kan ha spelt inn i denne prosessen.

Etter reformasjonen vart staten (kongen) den største landeigaren i Noreg (Østerud 1978:84). Ved midten av 1600-talet var om lag 40 prosent av jorda i privat eige, altså ikkje eigd av kongen, kyrkja eller adelen (Dyrvik 2011:138; Sogner 1984:234).

Av det *private* godset var berre 19 prosent eigd av bønder sjølv medan den resterande andelen på 81 prosent var driven av leiglendingar (Dyrvik 2011:138). I Noreg var det mindre bondesjølveige på Vestlandet og Nord-Noreg enn resten av landet (Østerud 1978:80, 114-115).

¹⁷ Stadig fleire gardbrukarar, med sine behov om bustadhus og driftsbygning, skapte gjerne eit fortsett klyngetun på eitt einskild område for å spare den dyrkbare jorda (Christensen 1995:286-287). Christensen (1995:256) meiner at klyngetunet kan *likne* ein landsby, i europeisk forstand, men at likskapen stoppar der, fordi opphavet var ein gradvis oppdelingsprosess.

¹⁸ Grunnlova av 1814 slo fast at stemmekvalifisert var alle menn som eigde matrikulert jord, embetsmenn, dei med borgarskap og dei som hadde leigd jord i meir enn fem år (jf. 4.5).

Overgangen til sjølveige føregjekk på eit tidleg tidspunkt i Noreg, samanlikna med andre land (Østerud 1978:78). Dei økonomiske problem til sentraladministrasjonen på midten av 1600-talet gjorde at krongodset vart selt til private (Østerud 1978:116): På Vestlandet dominerte embetsmenn som kjøparar, medan borgarar dominerte på Austlandet (Dyrvik 2011:139). Ein neste overgangsfase gjorde seg gjeldande mellom 1690 og 1720, no vart jorda selt til leiglendingar som då vart sjølveigarar (Østerud 1978:117).

Sjølveige medførte at bruksrett, eigendomsrett og råderetten til ein gard var samla hos éin person (Sogner 1984:233). Som sjølveigar kunne ein gjere forbetingar på garden utan å risikere at leiga vart høgare, og ein fekk ta opp større lån (Pryser 1999:106-107; Tvinneim 1992:76). Overgangen til sjølveige opna opp for endringar i den sosiale samansetninga av agrarsamfunnet, ved at sjølveigaren kunne kontrollere bruksdelinga og/eller etablering av husmannsplassar (Sogner 1984:236) – eit aspekt me skal sjå nærmare på i kapittel 4.3.3.

Eigedomstilhøva på midten av 1600-talet, gjennom fordelinga av landsskylda, avslørar variasjonar mellom dei tre futedøma i Romsdals Amt. Nordmøre og Romsdal var på denne tida del av Trondhjem Stiftamt, medan Sunnmøre låg under Bergenhus Stiftamt (Dyrvik 2011:70):

*Tabell 1: Fordeling av landskylda i 1661.*¹⁹*

	Nordmøre	Romsdal	Sunnmøre	Noreg
<i>Bonde- og borgargods</i>	429 (41%)	290 (33%)	614 (43%)	40%
<i>Adelsgods</i>	31 (3%)	301 (35%)	397 (27%)	8%
<i>Krongods</i>	344 (33%)	124 (14%)	22 (2%)	52%
<i>Kyrkjegods</i>	236 (23%)	156 (18%)	418 (29%)	Konfiskert
<i>Samla skyld</i>	1040 (100%)	871 (100%)	1451 (100%)	100%

*Basert på, Bjørkvik og Holmsen (1972:25, 30) og Dyrvik (2011:138).

Innslag av store godskompleks kan ha forsinka overgang frå leiglending til sjølveige (Døssland 1990:385). På Sunnmøre og i Romsdal var det store godseiningar (Holmsen 1980:29-31, 87, 95-96). Desse var kvar for seg ikkje samanhengande einingar, men *strøgods* fordelt over fleire område: altså ulike gardsbruk og einskilde bruk av éin gard (partseige). På Nordmøre fanst det òg ei slik godseining (Kanegodset), men dette skal ha vore mindre enn godsa i Romsdal og på Sunnmøre (Døssland 1990:384; Weidling 1998:282).

¹⁹ I 1661 var samla skyld for Romsdal 871, 1040 for Nordmøre. Skylda er rekna om til *spann* smør (Holmsen 1972:25). Sunnmøre hadde samla skyld på 1451. For Sunnmøre er skylda rekna om til *laupar* smør (Bjørkvik og Holmsen 1972:30).

Mesteparten av adelsgodset på Sunnmøre og i Romsdal var gods overtatt av staten/kongen, medan kyrkjegodset i hovudsak høyerte til bygde-kyrkjer (Bjørkvik og Holmsen 1972:25, 30). Desse godseiningane i Romsdal og Sunnmøre var forpakta av statlege tenestemenn – futar (Holmsen 1980:29-31, 87, 95-96).

Ut frå tabell éin ser me altså at det var variasjonar i fordelinga av jorda i dei tre futedøma. Desse trekka kan ha spelt inn for overgangen til sjølveige i desse områda.

*Tabell 2: Område med tidleg/sein overgang til sjølveige (oppgjeve i antall hered).**

	Nordmøre	Romsdal	Sunnmøre
Frå 1720	3	3	0
Frå 1750	3	3	1
Etter 1800	1	2	12

*Basert på, Døssland (1990:383-384).

Overgangen til sjølveige kom først i indre område av Nordmøre og Romsdal. Truleg vart krongodset, som me ser det var mykje av på Nordmøre, tidleg selt til einskilde gardbrukarar i dette futedøme, noko som då hadde samanheng med sentralmaktas økonomiske problem på midten av 1600-talet (Dyrvik 2011:79-81, 139). Vidare kan stor overgang til sjølveige tyde på at eventuelle godseiningar vart selt til bøndene, noko som vart vanleg kring 1700 (jf. Østerud 1979:117).

Både for Nordmøre og Romsdal kom overgangen til sjølveige seinare i *midtre strøk*, noko som *kan* settast i samanheng med godseiningar i desse områda (Vestnes og Kane) (Døssland 1990:384-385). I andre halvdel av 1700-talet vart det ein markert overgang til sjølveige også i midtre delar av Romsdal, noko som kan knytast til at store jordeigarar no kom i økonomiske vanskår (Døssland 1990:383-384; jf. 4.4.1).

Ut frå *tabell to* ser me at Sunnmøre framleis var prega av låg overgang til sjølveige utover 1700-talet. Dette kan forklaraast ved at det Giskegodset – som var i statleg eige – vart kjøpt opp av embets- og handelsmenn. Soleis vart godseiningane vidareført (Døssland 1990:383-389).²⁰ Ei anna forklaring kan vere at bøndene på Sunnmøre og ytre strøk av Romsdal var meir involvert i fiskeri og dimed ikkje var like økonomisk avhengig av gardsbruket og dimed

²⁰ Døssland (1990:139-141) meiner mange sjølveigarar heldt til i perifere delar av Amtet, fordi desse områda var mindre interessante som investeringsobjekt for dei større godseigarane. Særleg om gardane heller ikkje hadde mykje skog, sagbruk og liknande godar. Område med få sjølveigarar låg i 1701 på nordre Sunnmøre og i Romsdal – område der Giskegodset og Vestnesgodset hadde mesteparten av sine eigendomar (Døssland 1990:141).

ikkje rekna sjølveige som ei naudsynt investering (Østerud 1978:124; Løseth 1985:104-107; 2004:28).

Samstundes såg me i *tabell éin* at andelen privat ‘bonde og borgargods’ var større på Sunnmøre enn kva som var tilfelle på Nordmøre og i Romsdal. Sett i lys av den seine overgangen til sjølveige, kan dette indikere at det private bondegodset skjulte andre større eller mindre godseiningar. Der sjølveigande bønder hadde leiglendingsbruk under seg (jf. Dyrvik 2011:138).

Enno i 1801 var 70% av gardbrukarane på Sunnmøre leiglendingar, og regionen skil seg ut i Noreg som eit særslag ‘tilbakeliggjande’ område i høve overgangen til sjølveige. Framleis var 50 prosent av bøndene leiglendingar i 1850 (Dyrvik 2011:140; Høidal 2014:25, 77).

Utover 1800-talet endrar dette seg: jordprisane auka, samstundes som betra fiskeri auka kjøpekrafta (Høidal 1014:78). Med andre ord kan ein anta at fleire gardsbruk lagt ut til sals og fleire gardbrukarar makta å kjøpe dei (Høidal 2014:48, 78; Langnes 2015:223; Tvinnereim 1992:76-77). Dette ser me i *tabell to*, etter 1800 var det stor overgang til sjølveige på Sunnmøre.

Framstilling av tilhøva på 1600-talet kan forklare endringane i eigendomstilhøva på 1700-talet, ved at ‘adelsgodsa’ var store strøgods med leiglendingar (sjå. Østerud 1978:83). Desse, i mindre grad enn reine krongods, kunne lettare oppretthalde *ordninga* ved at dei vart forpakta og/eller kjøp av private aktørar og embetsmenn som vidareførte desse samlingane av jordeigedom samla.

Giskegodset og Rosenkrantzgodset på Sunnmøre og Vestnesgodset i Romsdal var nettopp slike godseiningar som kom i statleg eige, og vart forpakta av statlege tenestemenn og/eller borgarar (Holmsen 1980:29-31, 87, 95-96). På Sunnmøre kjøpte borgarar til seg om lag halvparten av jorda på, før den so vart selt til gardbrukarane utover 1800-talet (Høidal 2014:48).²¹

Store godseiningar i Romsdal og på Sunnmøre som kan ha lagt grunnlaget for at sosioøkonomiske tilhøve fekk ei anna utvikling i desse futedøma, enn kva som var tilfelle på Nordmøre. Ei førebels hypotese er at denne utviklinga også fekk innverknad på den sosiale

²¹ Det mellomalderiske Giske-godset vart ei *eining* som vart freista skapt på ny av borgarar og embetsmenn i siste halvdel av 1700-talet: Handelsmannen Nils Wind kjøpte til seg til saman ein tjuedel av jorda på Sunnmøre (Døssland 1990:385). Futen Ole Alsing kjøpte i 1757 «restane av det tidlegare liliensiold-godset (...) Dette var delar av det gamle Giske-godset.» (Døssland 1990:309). Alsing eigde på eit tidpunkt éin femtedel av jordegodset i Romsdal (de Seve 1992:282).

stoda, altså sivilsamfunn og politisk handling, ved å legge føringer for ulik *organisering* internt i lokalsamfunna og ovanfor det politiske sentrum (jf. Rokkan 2010:119-221).

4.3.3 Folkeauke – Bruksdeling eller husmannsvesenet?

Ovanfor såg me nærmere på fordelinga av jordegods i Romsdals Amt. Vi såg at indre område av Nordmøre og Romsdal hadde tidlegare overgang til sjølveige, medan Sunnmøre og midtre område av Romsdal og Nordmøre hang etter på grunn av godseiningar. Denne bolken skal granske om desse tilhøva kan ha lagt føringer på husmannsordninga og bruksdeling av gardane (jf. Sogner 1984:237-238, 240).

På slutten av 1600-talet var deling av ein gard lovregulert (Dyrvik 1984:142; Sogner 1984:238). I hovudsak hadde godseigarar langt større moglegheit til å bruksdele sine leiglendingsbruk, enn kva sjølveigarar hadde (Sogner 1984:238). Slik var husmannsordninga ein måte sjølveigarar kunne innlemme yngre søsken (eller andre) i jordbruket når var det var lover mot å splitte opp sjølve garden (Sogner 1984:238-239, 241).

I 1769 vart det opna for at også sjølveigarar *kunne* dele garden i fleire bruk: Yngre søsken kunne etablere sitt eige fullverdige gardsbruk, om det utskilte bruket var stort nok. Eit slikt kriterium fantes ikkje for oppretting av husmannsplassar (Sogner 1984:239, 242-243).

Dette medførte at fleire vart husmenn utover 17- og 1800-talet, noko som då føregjekk parallelt med overgangen til sjølveige (Sogner 1984:233, 237). Ein husmannsplass/husmann var etablert *av* - og tidvis jobba *for* - ein gardeigar og/eller leiglending (Dyrvik 2011:142-144).

Eigendomstilhøva var soleis påverka av korleis overskotet i befolkninga vart kanalisiert: auka husmannsvesen og/eller ytterlegare bruksdeling av garden (Østerud 1978:96-97). Det var til sist godseigaren/sjølveigarbonden som bestemte om utviklinga skulle handsamast gjennom husmannsordning eller bruksdeling (Sogner 1984:236).

Prosessens hang òg saman med forståinga av ‘åsetesretten’ – Ein juridisk og sosial ordning som la til rette for at den eldste sonen kunne overta *heile* gardsbruket, for slik å hindre bruksdeling (Langnes 2015:47, 84-86; Sogner 1984:238).²² Truleg var dette prinsippet mindre ‘tungtvegande’ etter 1769-lova, som gjorde det enklare å dele gardsbruk og gjorde husmannsordninga mindre ‘uunngåeleg’ for yngre sysken (Sogner 1984:239-240).

²² Døssland (1990:147-150) meiner årsaka til brukdseling er vanskeleg å finne, men føreslår ei materiell forklaring: Der innmark-produksjonen var sentralt var det lite freistande å dele jorda med andre, medan der jordbruken vart subsidiert ved anna næring var innmarka mindre viktig.

I Noreg dominerte husmannsordninga på Austlandet og i Trøndelag, medan den i mindre grad var vanleg på Vestlandet (Dyrvik 2011:145-146). At *bruksdeling* var vanlegare på Vestlandet forklarast gjerne med at fiskeri og havbruk medførte at ein ikkje måtte leve av gardsdrifta aleine (Døssland 1990:147-150). I delar av landet kor næringsgrunnlaget meir innretta mot jordbruket, var òg gardane større og hadde behov for meir arbeidskraft – noko som stimulerte oppretting av husmannsplassar (Løseth 1985:104-107; Nielsen 2009:68; Sogner 1984:244-245; Østerud 1978:97).

*Tabell 3: Husmenn (m/u jord) i prosent av bønder.**

	Nordmøre	Romsdal	Sunnmøre
1701	33%	11%	13%
1762	36%	13%	16%
1801	55%	35%	17%

*Basert på, Døssland (1990:355).²³

Allereie i 1701 var det på store delar av Nordmøre meir enn 30 prosent husmenn *i prosent av gardsbruk*, medan for Sunnmøre og Romsdal var det tilhøvet i overkant av 10 prosent. Dette kan skyldast at mange bønder på Nordmøre var blitt sjølveigarar og hadde ut frå lovreguleringa ikkje moglegheit til anna enn å opprette husmannsplassar (jf. tabell to). Truleg var bruksdeling likevel eit alternativ.²⁴

Gjennom andre halvdel av 1700-talet auka befolkninga i heile Romsdals Amt og det vart færre gardsbruk, altså fleire menneske på kvar gard (Døssland 1990:348). I større grad enn på Sunnmøre førte folkeauking til fleire husmenn på Nordmøre og i Romsdal (Døssland 1990:349). Som me ser ut frå *tabell tre* fortsette veksten i tidsrommet 1762-1801, altså etter 1769-lova som gjorde det lettare å dele brukta. Dette tyder på at husmannsvesenet, heller enn bruksdeling, var på Nordmøre den mest nytta kanalen for å handsame befolkningsveksten.

I Romsdal og Sunnmøre ser me at utvikling var annleis. Lite husmannsvesenet før 1762 kan skyldast at mange var leiglendingar under store jordegods. Men me ser også at i Romsdal endra dette seg i andre halvdel av 1700-talet, då mange vart sjølveigarar (jf. tabell to). For Sunnmøre var husmannsvesenet lite heile vegen fram til 1800-talet, noko som truleg skyldast at særstaka var sjølveigarar (jf. tabell to).

²³ Døssland (1990:355) opplys om at desse tala berre er *tilnærma* rette, sidan definisjonen av husmenn er flytande og i endring frå ei folketeljing/manntal til den neste.

²⁴ I 1687 vart bruksdeling av mindre gardar utevleieg, men Dyrvik (2011:142) påpeikar at ein ikkje veit i kor stor grad lovpåbodet vart etterfølgjt. Lova var, følgje Sogner (1984:238), mot slutten av 1600-talet «for norske forhold nokså uthulet».

I første halvdel av 1800-talet hadde denne utviklinga slått rot. Folkeaukinga vart på Nordmøre og i indre Romsdal ført inn i husmannsvesenet: I 1835 var det i desse områda mellom 65-131% av husmenn i prosent av bønder, medan ytre strøk hadde noko lågare tal. På Sunnmøre var andelen husmenn i prosent av bønder lågare enn 30% (Døssland 1990:436-440).²⁵

Kva med bruksdelinga? Som synt ovanfor var det store godseiningar i Romsdal Amt som ein kan anta kontrollerte bruksdelinga av dei underliggjande leiglendingsbruka.

*Tabell 4: Antall herad der andel gardar var delt i tre bruk eller meir i 1723.**

	Nordmøre	Romsdal	Sunnmøre
<i>Over 60%</i>	0	0	3
<i>Mellan 47-60%</i>	2	3	5
<i>Under 47%</i>	5	3	2

*Basert på, Døssland (1990:152).

Ut frå tabellen ser me at bruksdeling var mest omfattande på Sunnmøre, noko mindre i Romsdal og minst på Nordmøre. På Nordmøre var det mest bruksdeling i nokre kyststrøk.²⁶ I Romsdal var bruksdeling størst i midtre strøk, medan på Sunnmøre var bruksdeling stor i heile futedømet (Døssland 1990:152).

På Sunnmøre føregjekk bruksdelinga *raskast* ute ved kysten (Løseth (1985:104). Som nemnt kan denne prosessen skyldast at ressursgrunnlaget ikkje låg i gardsdrifta aleine. Samstundes var ikkje mønsteret eintydig: Også område inne i fjordane hadde stor bruksdeling, medan andre kystområde hadde låg bruksdeling (Løseth 1985:104-107). Ein tilsynelatande vilkårleg bruksdeling indikerer at materielle forklaring ikkje alltid var gjeldande i høve bruksdeling (Døssland 1990:148-150).

Lova frå 1769 opna for at gardbrukarar sjølv kunne bestemme om garden skulle delast opp (Sogner 1984:239). Dette mogleggjorde bruksdeling, og at fleire sysken kunne dele garden mellom seg. Me har alt sett at husmannsvesenet i hovudsak auka i store deler av amtet, men ikkje på Sunnmøre og i ytre strøk i dei to andre futedøma.

Det kan i desse område vere særleg to moglege forklaringar som utpeikar seg: For det første at store jordegods-eigarar kontrollerte eigedomstilhøva på leiglendingsbruka. For det andre at

²⁵ Framover midten av 1800 talet veks folketalet jamt. Men frå 1870 åra stagnerer veksten på Nordmøre og i Romsdal, medan utviklinga held fram like sterkt på Sunnmøre (Tvinnereim 1992:38-39).

²⁶ Til dømes var Todalsgarden i Aure på ytre Nordmøre delt i 11 bruk, hadde fellestun/klyngetun og vart utskifta i tidsrommet 1886-89 (Berg 1868:206-2010).

gardbrukarane *sjølv* splitta opp gardane sine mellom jamstilte arvtakarar og/eller utanforståande.

Eit mogleg vidareføring på hypotesa reist i førre avsnitt kan vere at eigendomstilhøva synte ulike sosioøkonomiske måtar å organisere agrarsamfunnet, og vidare medførte ulike formar for intern segmentering/grensedragning (jf. Rokkan 2010:227).

Desse organiseringane var tydlegast gjennom *responsen* på befolkningsauka: husmannsordning og/eller bruksdeling (jf. Rokkans (1975:567; 2010:227). Den første ordninga var ei sosial lagdeling mellom gardbrukaren og andre, medan bruksdeling i større grad var jamstilling *mellom* gardbrukarane. Eit anna poeng er at brukarane på bruksdelte leiglendingardar var eit jamstilte sosialt lag *under* eigaren av garden/bruken.

4.3.4 Utskifting og individualisering

Til no har me sett på eigendomstilhøva i det tradisjonelle agrarsamfunnet. Denne bolken skal granske organiseringa av sjølve gardsdrifta, og er soleis ei anna vinkling på tilhøva handsama ovanfor. Ei slik vinkling kan òg tydeleggjere fenomenet *bruksdeling* fram til 1800-talet: Komplisert organisering av driftsarealet indikerer bruksdeling, fordi kvar gardbrukar skulle ha sine eigne delar av den dyrkbare jorda (Døssland 1990:148).

På gardsbruk med fleire enn éin brukar var den funksjonelle inndelinga av driftsarealet (dyrkamarka) ofte basert på eit teigblandings-system (Løseth 1985:132-133; Pryser 1985:120): Kvar gardbrukar hadde sine eigne teigar fordelt rundt på driftsarealet. Teigane varierte i størrelse, kunne ligge langt frå kvarandre og gå på omgang mellom brukarane. Teigane var ofte dårleg eigna for kultivering ved hjelp av hest og andre effektiviserande hjelpemidlar (Pryser 1985:120; Østerud 1978:90). Begrensa tilgang på dyrkbar jord er trekt fram som ein årsak til teigdeling (Østerud 1978:138). Teigdelinga synte òg individuell eigendomsrett: ‘Fullstendig sameige’ var, i motsetnad til i Nord-Noreg, lite utbredt på Vestlandet (Langnes 2004:90; 2015:91-93).

Mot slutten av 1700-talet ønskja myndighetene å rasjonalisere det norske landbruket for å auka samfunnsnytta: ‘Fysiokratiske’ embetsmenn og landhusholdningsselskap arbeidde for landbruksreformer som skulle ‘skifte ut’ teigdelinga slik at kvar brukar fekk sitt eige, meir

samanhengande, driftsareal (Christensen 1995:288; Langnes 2004:76; 2015:48-52; Tvinnereim 1992:73-74).²⁷

Under teigblandings-systemet måtte gardsdrifta koordinerast med dei andre teig-eigarane. Ei jordutskifting medføre eit meir individualiserte gardsbruk, sidan brukarane ikkje måtte koordinere drifta med dei andre i same grad som tidlegare (Nielsen 2009:67).

Den første utskiftingslova av 1821 fekk berre *noko* innverknad, då særleg på Austlandet.²⁸ Den neste reforma i 1857 fastslo at om *ein* av gardbrukarane ville ha innmarksutskifting, måtte dei andre føye seg. Staten etablerte no eit ‘skiftevesen’, samt subsidierte omkostningane ved eventuelle utskiftingar (Christensen 1995:288; Langnes 2015:135-136, 152, 452; Nielsen 2009:76; Østerud 1978:139-140). At staten både var pådrivar og støttespelar i samband med utskiftingane var eit viktig premiss for at den nye reforma vart meir vidfemnande enn den første (Langnes 2015:203, 214; Nielsen 2009:48-49, 87).²⁹

I følgje Langnes (2015:223-224, 443, 445) var det eit samanfall mellom leiglendingsbruk og innmarksutskifting: Austlands-område hadde få leiglendingar på 1700- og 1800-talet, og få utskiftingar. Det same var tilfelle ved *bruksstruktur* og utskifting: Område med mange bruksdelte gardar hadde fleire utskiftingar enn område med låg bruksdeling. Sør-, Vest- og Nord-Noreg hadde mange leiglendingar og fleire omfattande innmarksutskiftingar – særleg etter 1857 (Langnes 2015:72-73, 22, 349, 99).³⁰

Romsdals Amt, og særleg Sunnmøre, hadde i tida før reformene vore framheva som eit området med stort behov for utskiftingar, då teigdelinga her var så omfattande (Langnes 2004:75-82; Tvinnereim 1991:74). Oversikta over omfanget av jord-utskiftingane underbygg dette: Romsdals Amt hadde i tidsrommet mellom 1861 og 1875 flest innmarksutskiftingar i heile Noreg (Langnes 2004:88-91; 2015:75, 90-96; Pryser 1999:184-185).

²⁷ Tocqueville (2011: kapittel III.3) trekk fram fysiokratanes/økonomanes haldningar og idear som ein *essensiell* faktor for at samfunnsreformerer gjennom statsapparatet vart gjeldane. Noreg fekk sitt første landhusholdningsselskap på Sunnmøre i 1773, i 1776 vart eit likande selskap oppretta for Romsdal futedøme (Døssland 1990:315; Melle 2014:304). Selskapa i Romsdals Amt er kopla saman med eit ‘generasjonsskifte’ innan embetsstanden: frå sjølvrådande forretningsmenn til patriotiske folkeopplysrarar (Døssland 1990:314-318).

²⁸ Tidleg utskiftingsbølgje på Austlandet (etter 1821-reforma) kan forklaraast ved at gardsbruk på Austlandet var større, mindre bruksdelt og hadde mindre teigdeling (Langnes 2015:96-97). Noko som kunne bety at reformene vart rekna som meir tenlege og gjennomførbare (Langnes 2015:15, 349).

²⁹ Danmark og Sverige fekk utskiftingsreformer alt på 1700-talet, som eit ledd i å frigjere bønder frå foydalsystemet. I Noreg var ikkje dette tilfelle, og kan forklare kvifor reformene ikkje kom før ut på 1800-talet (Langnes 2015:198-199; Østerud 1978:148-149).

³⁰ I følgje Langnes (2015:74) vart det gjennom 1800-talet oppretta fleire *gardar* i innlandet (Lom), enn på Vestlandet (Veø og Ullensvang), medan i vestlands-områda var det innunder gardane fleire *bruk*.

Utskiftingar har tidlegare blitt forklart ut frå økonomiske nyttemaksimering, samt sosiale haldningsendringar, då særlig endra relasjonar mellom den einskilde dei andre brukarane av garden (Langnes 2015:14-18, 54, 350).³¹ Den tradisjonelle gardsfellesskapet kunne vere ei barriere for utskifting fordi det ville medføre kostnadsfulle endringar. Samstundes kunne nettopp ei komplisert gardsdrift vere ein motivasjonsfaktor til å rasjonalisere og individualisere drifta (Langnes 2015:101, 349).

Ut frå denne framstilling ser me at Romsdals Amt hadde flest jordutskiftinga i landet, særleg i andre halvdel av 1800-talet. Då Sunnmøre og Romsdal var meir likt agrarstrukturen på Vestlandet, enn Nordmøre, kan ein anta at det var på Sunnmøre og i Romsdal det førekomm flest utskiftingar.

Ei forlenging av eit slikt resonnement blir at bruksdelinga me såg var gjeldande på byrjing av 1700-talet, hadde haldt fram på Sunnmøre og i Romsdal (jf. tabell tre). Med andre ord hadde gardane haldt fram med å verte stadig meir bruksdelt og teigdelt. Dette kunne då ha medført eit ‘behov’ for utskifting, altså haldningsendringar (jf. Langnes 2015:14-18, 54, 350).

Etter 1857-reforma vart det enklare for einskilde brukarar å få i gang ei utskifting av garden, ved at staten støtta utskiftingar med økonomiske midlar og hjelp frå eit jordskiftevesen. Når Romsdals Amt hadde flest utskiftingar indikerer dette at mange gardbrukskarar/eigararar såg positivt på reforma. Slik forstått var utskiftingane eit døme på at relasjonen mellom individet og staten vart styrka på kostnad av ei mellomliggjande sosial gruppe – gardsfellesskapen (jf. Calhoun 1982:149-150; Siedentop 2000:85, 91).

Utskiftingane gjorde gardbrukskarane mindre avhengige av kvarandre – den vart individualisert. Slik forstått var utskiftingane ein respons på statens landbruksreformer. Vidare kan me her sjå ein parallel til drøftinga ovanfor, nemleg opphavet til bruksdelinga. Eit større jordegods kunne indirekte ha medført sosial individualisering av jamstilte leiglendingar. I ein kulturell forklaring ville bruksdelinga ha opphav i svakare praktisering av odel- og åsetesretten. Konsekvensen av desse to tendensane ville truleg vere den same, nemleg oppsplitting av landeigendom.

I eit slikt perspektiv ‘fullbyrda’ landbruksreformene ein prosess som alt hadde vore i gang over lengre tid – individualisering i agrarsamfunnet. Som me har sett var dette meir gjeldande

³¹ Det var gjerne gardbrukskararen med mest skyld (den mest velstående) som sette i gang utskifteprosessen (Langens 2015:416-417, 423).

i områda der befolningsveksten vart handsama ved bruksdeling, ikkje husmannsordninga. I Romsdals Amt *mest* tydeleg på Sunnmøre.

Ei forlenging av dette poenget er at ei gjennomført utskifting synte at staten hadde lukkast i å trenge gjennom den sosioøkonomiske ordninga i lokalsamfunnet (gardsfellesskapen) (jf. Calhoun 1982:149-150). Me har i dette avsnittet sett at dette samanfall med område som kan ha blitt prega av individualisering.

4.3.5 Overgang til pengeøkonomi - sparebanken

Me har sett at utskiftingane var mange og omfattande i Romsdals Amt. Denne bolken skal sjå nærare på sparebanken som eit tidleg døme på økonomisk organisasjon.

I beskrivinga av det store ‘hamskifte’ av jordbruksamfunnet sette Krokann (1976:124) vendepunktet til om lag 1850. Det har vore hevda at agrar-økonomien fram til midten av 1800-talet hovudsakleg var basert på sjølvforsyning, medan den i andre halvdel vart ‘urbanisert’ og meir basert på pengeøkonomi (Pryser 1895:135).

Østerud (1978:191) poengterer at eit markert skilje mellom ruraløkonomi og pengeøkonomi på 1800-taler kan vere misvisande, sidan eit fullstendig skilje mellom ein agar-økonomi og ein pengeøkonomi ikkje var tilfelle.

Likevel var det eit markert skifte i måten jordbruket vart innretta på kring 1850. Særleg utskiftingsreformene og overgangen til sjølveige er trekt fram som ein føresetnad som bana veg for ein langt meir marknadsinnretta og individualisert jordbruk, også for gardsbruk tidlegare mest innretta mot familiens behov (Pryser 1985:139-141; Østerud 1978:148-149, 191-192).

I følgje Tvinnereim (1992:117) hadde *noko* pengar alltid vore i omlaup i Romsdals Amt: pengeinntekter kunne skaffast gjennom sal av fisk, tømmer og handtverk. Pengar var gjerne gjennom 17- og 1800-talet naudsynt om ein skulle investere i jord eller betale skatt (Østerud 1978:169). Dette har me sett døme på ovanfor (jf. 4.3.2).

Langs kysten var kombinasjon mellom jordbruk av fiskeri vanleg. Fiskeriet kunne vere ei binæring for bøndene (Østerud 1978:189-190). Særleg for Sunnmøre er fisket som alternativ inntektskjelde framheva som ein sosialt og økonomisk utjamnande faktor (Løseth 2004:28-29, 35; Nielsen 2009:71). På Nordmøre og delar av Romsdal var fiskerinæringa organisert i ‘fiskevær’, som tilsa at fiskarane hadde salsplikt til væreigaren (Døssland 1990:387; Løseth 2004:36).

I område utan slike fiskevær kunne havet vere teigdelt (Løseth 2004:28). Løseth (2004:29) meiner teigdeling av havet var mest gjeldande for kyststrøka i Romsdal og bidrog slik til å skape økonomisk ulikskap. Men også på Sunnmøre var slik teigdeling praktisert: eigedomsretten til ulike delar av havet hadde samanheng med eigendomsretten på land (Slyngstad 1951:14-17). Teigdelinga var soleis likt mørnsteret me har sett gjorde seg gjeldande på land: kvar gardbrukar hadde ein individuelle rett til ressursgrunnlaget, noko som var gjeldande både for Sunnmøre og Romsdal.

Nordmøre og Romsdal hadde tidlegare enn Sunnmøre eit urbant sentrum: Både Molde og Fosen vart endra status frå ladested til kjøpstad av kong Kristian 6. i 1742 (Fosen vart attpå til namnet Kristiansund). Statusendringa innebar at stadenes borgarar kunne få borgarløyve og dimed drive med utanrikshandel utan å møtte gå via Trondheim (Døssland 1990:270). Ålesund på Sunnmøre fekk ladestadsrettar i 1793, men vart ikkje kjøpstad før i 1848 (Døssland 1990:402; Tvinneim 1992:114). By-privilegia til Bergen på den eine sida, og Trondheim på den andre, gjorde at Sunnmøre vart marknadsmessig meir knytt sørover til Bergen, medan Romsdal og Nordmøre meir nordover mot Trondheim (Fet 1995:49).

Sparebanken er eit døme på *institusjonalisert* overgang frå naturaløkonomi til pengeøkonomi, ved at fleire kunne ta del i pengeøkonomien. Sparebankane kunne òg ha preg av paternalisme, då føremålet ofte var å hjelpe folk til sjølvhjelp (Pryser 1985:164; Steen 1968:81). Bankane var gjerne vidareføringar av eit kornmagasin ved at kornet vart bytta i pengar (Steen 1968:82-83, 86; Wasberg 1995:101, 201; Østerud 1978:166).³²

Den første sparebanken i Romsdals Amt vart oppretta i Kristiansund i 1834, deretter fekk Molde bank i 1839, og Ålesund Sparebank skipa i 1840.

Mellom 1843 og 1870 var det oppretta i alt 16 sparebankar i Romsdals Amt: 11 plassert på Sunnmøre, tre bankar i Romsdal og to på Nordmøre (Tvinneim 1992:118, 121).³³ Bankane på Sunnmøre hadde fleire innskytarar og større forvaltingskapital enn bankane på Nordmøre og i Romsdal: I lys av folketal var 23% av sunnmøringane innskytarar mot 13 prosent i Romsdal og 16 prosent på Nordmøre (Tvinneim 1992:123).³⁴ Lokale granskingar av

³² I følgje Wasberg (1995:105-107, 129) var kornmagasina eit overskotslager som var til felles nytte i tider med dårlig avling eller uro.

³³ Me kan merke oss at Surnadal fekk eigen sparebank alt i 1843 (Tvinneim 1992:122).

³⁴ 1890 var framleis Sunnmøre dominerande i antalet bankar og mengda innskytarar i høve folketal. Fram til 1905 fekk særleg Nordmøre fleire bankar, men framleis var om lag halvparten av den samla forvaltingskapitalen i bankane på Sunnmøre. I Romsdals Amt var det i 1905 38 bankar: 4 i byane, i alt 16 låg på Sunnmøre, medan Nordmøre og Romsdal hadde 9 kvar (Tvinneim 1992:122).

innskotslistene syner at kvinner kunne dominere på innskotslistene, medan menn ofte dominerte på utlånssida (Tvinnereim 1992:121).

Nettopp den forsinka framveksten av *byen* Ålesund gjorde at den ikkje fekk den same sentraliseringskrafta som Molde og Kristiansund. Ålesund var ikkje eit like sterkt bysentrum for sitt omland, som Kristiansund og Molde var for sitt. Slik kunne/måtte bygdene på Sunnmøre i større grad skipa sin eigne bankar, enn kva tilfelle var på Nordmøre og i Romsdal (Løseth 2004:46-47).

I lys av jordbruksreformene handsama ovanfor ser me at veksten i sparebankar var størst i tidsrommet kring midten av 1800-talet. Som synt var dette samanfallande med hovudbølgja av utskiftingar i Romsdals Amt (jf. 4.3.4).

Sunnmøre og Romsdal hadde mest utskiftingar og særleg Sunnmøre hadde mange sparebankar og innskytarar. Det *kan* dimed vere samanhengar mellom sparebankane og endringane i jordbruket, eller parallelle prosessar. For denne granskninga vil teoriar om årsakssamanhangar mellom bank og utskifting vere uråd, til det må ein truleg nytte andre innfallsvinklar.³⁵

I eit sivilsamfunn-perspektiv var ‘sparebankrørsla’ del i den generelle assosiasjonsveksten på 1800-talet (Nielsen 2009:266; Try 1985:9). Etablering av ein sparebank var ein ‘organisatorisk respons’ som la grunnlaget for andre formar for økonomisk organisering (Rokkan 2010:221). Gjennom pengeøkonomien vart handelen standardisert og nasjonalisert – altså eit ledd i homogeniseringa av befolkninga (Nielsen 2009:48-49, 87).

Truleg vart ein større del av befolkninga på Sunnmøre, enn på Nordmøre og i Romsdal involvert i pengeøkonomien. Dette medførte deltaking i eit økonomisk system som var meir nasjonalt, enn basert på lokalsamfunnet og familiens behov (jf. Østerud 1978:148-149, 191-192).

Nettopp ved å ‘frigjere’ seg frå den tradisjonelle agrarøkonomien var oppretting og oppslutning kring sparebankane ein organisatorisk respons med utgangspunkt i individet meir enn ei sosial gruppe (jf. Rokkan 2010:227). Å sette inn pengar var ei frivillig handling og i *prinsippet* open for alle, og slik ein potensiell måte den einskilde kunne legge seg opp

³⁵ Langnes (2015:416-417, 451) meiner at for Romsdal futedøme er det er behov for andre forklaringar enn reint økonomiske, då utskiftingsprosessen slo gjennom før økonomiske faktorar kunne spele nokon nemneverdig rolle for ei innmarksutskifting.

ressursar uavhengig tilknyting til sosial posisjonen (Nielsen 2009:165, 249-252). Sjølvsagt ville det vere ulikskapar i moglegheitene til å *tene* pengar.

Fråværet av eit sterkt bysentrum gjorde at banka på Sunnmøre lettare kunne vere desentralisert. Vidar indikerer den store innskotprosenten indikerer at relativt mange hadde ønskje og moglegheit til å nytte ein slik organisasjon, altså haldninga.

På Sunnmøre fekk pengeøkonomien større innpass i lokalsamfunnet, enn kva den gjorde på Romsdal og Nordmøre. Den høge innskotprosenten på Sunnmøre indikerer at relativt mange menneske i fleire lokalsamfunna stilte seg positivt til denne ordninga (jf. Calhoun 1982:149-150). Med andre ord var ein individ-orientert økonomi, løyst frå gardsfellesskapen gjennom blant anna sparebankar.

Som me har sett var veksten i sparebankane samanfallande med hovudbølgja av utskiftingane på Sunnmøre. Slik forstått kunne bankane potensielt ha vore ein ressurs, som gjorde det lettare å handsame økonomiske omkostningar i høve jordutskifting. At bankstrukturen på Sunnmøre i tillegg var desentralisert, kan ha skapt fleire økonomiske nettverk. (jf. Edwards og McCarthy (2006:125-128).

4.3.6 Samanfatning

Dette underkapittelet har fokusert på føresetnader og konsekvensar av sosioøkonomisk organisering i det tradisjonelle agrarsamfunnet.

Me har sett at Nordmøre kan karakteriserast som meir lik som tilhøva på Austlandet og Trønderlag: udelte matrikkelgardar. Medan Romsdal og særleg Sunnmøre hadde bruksdelte matrikkelgardar, og slik meir likt tilhøva på Vestlandet (jf. 4.3.1).

Vidare såg me at eigendomstilhøva varierte mellom futedøma. Det var mykje krongods på Nordmøre, medan Romsdal og Sunnmør hadde fleire store godseiningar. Dette vart so **satt** i samanheng med overgangen til sjølveige: Bønder på indre strøk av Nordmøre og Romsdal vart sjølveigarar på eit tidlegare tidspunkt enn i ytre Romsdal og på Sunnmøre i heilskap (jf. 4.3.2).

Handsaminga av befolkningsauka vart det neste aspektet som vart drøfta (jf. 4.3.3). Her såg me at i sjølveigar-område vaks husmannsvesenet, medan i leiglendingsområde vart gardane meir bruksdelt.

Vidare vart aspekt ved utskifting av driftsareal granska. Me såg at amtet, og særleg Sunnmøre og Romsdal hadde mange utskiftingar. Dette er underbyggjande for at bruksdelinga hadde haldt fram i desse områda (jf. 4.3.4).

Vidare såg me samanfall mellom bruksdeling og respons på landsbruksreformene og pengeinstitusjonane på 1800-talet: område som allereie synte sosioøkonomisk og/eller kulturell individualisering (bruksdeling) responderte mest positivt til ytterlegare individualisering (utskifting og pengeinstitusjonar) (jf. 4.3.5).

Vidare vart det veklagt at handsaminga av befolkningsoverskotet (husmannsordning/bruksdeling) kunne ha skyldast individuelle haldningar og/eller eigendomstilhøva og lovreguleringar.

Skjema 2: Samanfatning kapittel 4.3

	Nordmøre	Romsdal	Sunnmøre
<i>Gardstype</i>	Mange udelte matrikkelgardar	Blanding mellom udelte og bruksdelte matrikkelgardar.	Mange bruksdelte matrikkelgardar.
<i>Folkeauke – konsekvens</i>	Stor folkeauke i indre og midtre strøk, med påfølgande vekst i husmannsvesenet alt i 1701	Stor folkeauke i indre og midtre strøk, vekst i husmannsvesenet i desse områda etter 1762.	Låg folkeauke fram til 1800, forutan ytre strøk. Stor folkeauke gjennom 1800-talet. Meir bruksdeling enn husmannsordning.
<i>Overgang til sjølveige</i>	Tidleg overgang til sjølveige.	Tidleg overgang til sjølveige i indre strøk.	<i>Minimal</i> overgang til sjølveige fram til 1800-talet.
<i>Jordutskifting</i>	Truleg få utskiftingar.	Mange utskiftingar, særleg siste halvdel av 1800-talet.	Mange utskiftingar, særleg siste halvdel av 1800-talet.
<i>Kjøpstads/by</i>	Tidleg kjøpstad – 1742 (Fosen/Kristiansund.)	Tidleg kjøpstad – 1742 (Molde).	Sein kjøpstad – 1848 (Ålesund).
<i>Sparebank</i>	Få og sentralisert, middels innskotsprosent i befolkninga.	Få og sentralisert, middels innskotsprosent i befolkninga.	Mange og desentralisert, høg innskotsprosent i befolkninga.

4.4 Politisk demokratisering

Dette underkapittelet omhandlar politisk demokratisering fram til omlag midten av 1800-talet. Målet er å drøfte politisk handling i lys av det føregåande, for å slik kunne vurdere om variasjonar i politisk kultur var eit utfall av kulturelle og/eller sosioøkonomiske faktorar.

4.4.1 Politisk handling på 17 og 1800-talet

Dette avsnittet skal granske korleis politisk mobilisering i Romsdals Amt varierte, ved fokus på bondeaksjonar og bondekommunalismen.

Bondeopprør og aksjonar på 1700-talet har gjerne blitt forklart med misnøgd, særleg i høve innføringar av ‘ekstraskatten’ på 1760-talet (Døssland og Løseth 2006:250-251; Nielsen 2009:139; Østerud 1978:228). Endringar i skattesystemet er dimed ei forklaring som avgrensar seg til å vurder *kvifor* aksjonane skjedde (jf. Jenkins 1983:528).

I Romsdals Amt er Sunnmøre og Romsdal utpeikt som område med mange bondeaksjonar i siste halvdel av 1700-talet (Døssland 1990:305-314, 319, 323, 327, 393; Døssland og Løseth 2006:251): Her var aksjonane utført av mindre grupperingar av bønder retta mot *futar* som dreiv næringsverksemd og eigde store jordegods, med pliktarbeid frå leiglendingane sine (Døssland 1990 323-328).³⁶

På Nordmøre hadde òg aksjonar i 1760-åra. Desse var meir vel-organiserte *kollektive* aksjonar der heile bydesamfunn nekta å betale skatt. Til dømes lot *heile* Nordmøre vere å betale skatt i 1762 (Døssland 1990:322-323). Initiativtakarane til aksjonane var truleg velståande bønder (jf. Døssland 1990:327).

Medan aksjonane på 1700-talet tok form som kollektive aksjonar, moglegjorde grunnlova av 1814 individuell politiske deltaking blant bøndene (Østerud 1978:206-207). Konstitusjonen vart soleis eit steg mot politisk likestilling mellom *individ* (jf. Siendetop 2000:92-94).

Grunnlova gjorde, i følgje Rokkan (2010:125), Noreg til eit «bemerkelsesverdig» demokratisk land. Bøndene var den første befolningsgruppa som vart inkludert i det politiske demokratiet i 1815, og vart slik ein sosial-politisk ‘samarbeidspartner’ (Sørensen og Stråth 1997:5, 7-8,

³⁶ Særleg futen Ole Alsings konkurs førte til ei markert overgang til sjølveige i Romsdal (jf. 4.3.2). Futeembetet var gjennom 1700-talet i endring: frå ei stilling med statlege fullmakter, som samstundes hadde rom for futens økonomiske eigeninteresser, til å bli underordna amtmannen og økonomisk innskrenka (Døssland 1990:318).

14; Witoszek 1997:67).³⁷ Av den mannlege befolkninga fekk truleg om lag 40 prosent røysterett i 1814 (Hommerstad 2012:106; Nielsen 1009:175; Rokkan 2010:130).

Bøndene fekk no møte på Stortinget både som individ og sosial gruppe (Nielsen 2009:213). Konstitusjonen gav bøndene eit middel til å balansere og påverke ‘embetsmannsstaten’ (Nielsen 2009:166; Seip 1987:17).

Røysteretten etter 1814 var innskrenka, det vil seie at ein måtte oppfylle visse krav før å gjere seg røystefør. Frå grunnlovsåret var *røystekvalifiserte* alle menn over 25 år, som anten var embetsmann, borgar eller jordeigar og/eller leiglending. Desse lovene for valdeltaking var berre ei stadfesting av at ein var kvalifisert, for å kunne bli *røystefør* måtte ein sverje konstitusjonseiden og gjere seg manntalsført.³⁸

Kor mange valmenn som kunne veljast frå kvart prestegjeld var avhengig av kor mange som hadde avgitt konstitusjonseid, og dimed gjort seg *røystefør* (Døssland 1990:497).

Valordninga var dimed indirekte: veljarane valte valmenn, som igjen valte stortingsmenn. Denne ordningane kunne stimulere eit lokalsamfunn til politisk mobilisere (Nerbøvik 2000:63-65).

Trass regionale skilnader er dei fyrste vala i Noreg karakterisert som passive – få nytta stemmeretten sin (Nerbøvik 1999:139; Nielsen 2009:157-178; Pryser 1985:280). I følgje Østerud (1978:217) var ikkje den låge valdeltakinga i Noreg eit teikn på apati blant den rurale befolkninga, men manglande mobilisering.

Tabell 5: Valdeltaking i prosent av røysteføre. *

Stortingsval	Prosent i Romsdals Amt	Prosent på den norske 'landsbygda'	Prosent i Noreg
1829	61	43	45
1832	60	47	48
1835	61	51	52
1838	62	49	50
1841	66	49	51

³⁷ Den parallele prosessen mellom å utvide demokratiet falt saman med at fleire befolkningsgrupper falt inn under det den politiske nasjonen. Som drøfta ovanfor var landbrukspolitikken utover 1800-talet eit døme ‘oppbrot’ frå eit tradisjonelt levesett der staten var det fellesnemnaren for nye bindingsformar og identitet (jf. Nielsen 2009:47-49; Siendetop 2000:92-94).

³⁸ Nerbøvik (1999:137-139; 2000:78-81) meiner ei forklaring på varierande valoppslutning kan finnast sjølv valsistemmet: Valmannsordninga, der område med flest røysteføre fekk fleire valmenn som igjen valte stortingsmenn, bidrog til å mobiliserte geografiske område opp mot naboaene på herad- og/eller futedøme.

1844	62	48	49
1847	61	47	49
1850	61	48	50
1853	59	43	46
1856	57	43	46
1859	68	46	48
1862	65	43	45
1865	64	41	42
1868	64	47	48
1870	58	46	45
1873	62	44	46
1876	45	41	43
1879	41	45	49

*Basert på, Nerbøvik (2000:64; 2004:536-537).

Statistikk over valdeltakinga i etterkant av 1814 og fram til 1870-åra syner at Romsdals Amt hadde, under eitt, landets høgste valdeltaking i prosent av røysteføre (Hommerstad 2013:113; Melle 2014:298-299).³⁹

Valet i 1829 er rekna som det første valet med kjente røystetal, og soleis den eldste indikasjonen på politisk deltaking i høve dei tidlege stortingsvala (Melle 2015:298):

*Tabell 6: Tilgang og valdeltaking stortingsvalet 1829.**

	Røystekvalifiserte i prosent av folketal (1835)	Avgitte røyster i prosent av folketal (1835)	Avgitte røyster i prosent av Røystekvalifiserte
<i>Nordmøre</i>	4,7	3,2	64,3
<i>Romsdal</i>	3,9	2,5	60,6
<i>Sunnmøre</i>	8,4	4,9	59,1
<i>Romsdals Amt</i>	6,7	3,9	60,9
<i>Landsbyda</i>	-	-	43
<i>Noreg</i>	5,56	2,52	45,26

*Basert på, Melle (2014:298-299).

Ut frå *tabell seks* ser me at det var langt fleire røystekvalifiserte på Sunnmøre, noko som indikerer at på Sunnmøre oppfylte fleire menneske røysterettskriteria, og var dimed røystekvalifisert, enn dei to andre futedøma. Dette kan skyldast mange leiglendingar (jf.

³⁹ Også på andre indikatorar skil Romsdals Amt seg ut: Av dei røysterettskvalifiserte røysta 45,6 % - også denne prosenten var landets høgaste (basert på vala 1859-1882). Ut frå folkemengda røysta 4,03 % - Dette var rett etter Lister og Mandal Amt som med 4,04% hadde landets høgaste prosent (basert på vala 1829-1892) (Melle 2014:285).

4.3.2). Vidare ser me at i prosent av folketal var det også *flest* røyster på Sunnmøre, men i prosent av dei som var kvalifisert var det noko høgare valdeltaking på Nordmøre og i Romsdal enn kva som var tilfelle på Sunnmøre.

Ved valet i 1829, samt dei to påfølgjande vala var det på Nordmøre særleg høg valdeltaking i indre områd (Surnadal). Dette er gjerne knytt til mobiliseringa til den politiske bondeagitatoren John Neergaard (Døssland 1990:498-500; Hommerstad 2012:94; Nerbøvik 2000:68-71). På Sunnmøre var det på 1830-tala høg valdeltaking i Ørsta/Volda-området (Nerbøvik 2000:64; 2004:536-537). Her er særleg aktørar frå Aarflot familien peikt ut som agitatorar (Døssland 1990:499; Hommerstad 2012:60).⁴⁰

Dette mønsteret heldt lag også ved stortingsvala dei neste ti-åra: Ved vala i tidsrommet 1829-1856 var gjennomsnittleg valdeltaking i prosent av røystekvalifiserte på Sunnmøre 46 prosent, i Romsdal 41 prosent og på Nordmøre 55 prosent (Døssland 2003:145).

Ut frå denne framstillinga er det grunnlag for å seie at valdeltakinga var stor i Romsdals Amt: Mange var kvalifiserte til å delta i valkanalen, mange gjorde seg røysteføre og mange nytta deretter den oppnådde røysteretten. Med andre ord hadde desse individua eit aktivt forhold til staten, altså medborgarlege åtferd (jf. Lorentzen 2004:99).

Vanskelegare er det å vurdere kva som var utslagsgjevande for at nokon gjorde seg røystefør og deretter røysta. Var det individuell interesse om å ta del i det nasjonal-politiske og/eller konformitet ovanfor lokale elitar med politiske ambisjonar?

Truleg var det særleg einskilde område med agitatorar som hadde spesielt høg valdeltaking, og dimed drog opp gjennomsnittet for futedømet generelt.

Kven bøndene valte til sine stortingsrepresentantar kan vere ein annan indikator på dette. Særleg ved vala fram til 1830-talet hadde bøndene hovudsakleg røysta på embetsmenn (Hommerstad 2012:114-115). I tidsrommet 1815-1837 var i overkant av 65 prosent av stortingsmenne frå Romsdals Amt bønder.⁴¹

Denne bondemobilisering kan også ha fått utlaup i det lokal sjølvstyret. I etterkant av formannskapslova utgjorde det kommunale sjølvstyret eit formannskap, representarskap og ordførar: Makt vart desentralisert vekk frå statsnivå, samstundes som den vart sentralisert på

⁴⁰ I følgje Døssland (1990:498) var det på 1830-talet var over 75% deltaking i *indre* strøk av Nordmøre og mellom 49-55% deltaking i *midtre* strøk av Nordmøre og Romsdal, samt store deler av Sunnmøre.

⁴¹ Dette var noko bak Hedemarkens og Kristians Amt der andelen var 81% og 73% (Hommerstad 2012:117).

lokalnivået (Nielsen 2009:222).⁴² I tillegg til bønder kunne embetsmenn sitte i desse lokale organa (Nielsen 2009:225-226, 239).

Innanfor futedøma i Romsdals Amt utgjorde bønder ein stor del av kven som vart valt til ordførar bønder i tidsrommet mellom 1838 og 1864: 77 prosent på Sunnmøre, 84 prosent i Romsdal og 68 på Nordmøre (Døssland 2003:145).

Ei anna aspekt ved formannskapa var korleis dei stilte seg til kornmagasina (jf. 4.3.5). Ansvaret for kornmagasina var éi oppgåve som vart overført til kommunestyra (Steen 1968:81). Det var dimed medlemmane av kommunalforvaltinga som avgjorde om kornmagasina skulle omskapast til ein sparebank (Steen 1968:82-83, 86). Som vi såg ovanfor utmerka Sunnmøre seg med fleire sparebankar på eit tidlegare stadium enn Nordmøre og Romsdal. Soleis kan ein anta av formannskapa på Sunnmøre stilte seg meir positivt til sparebank-institusjonen.

4.4.2 Føresetnader for relasjonen med det politiske sentrum

Dette avsnittet skal vurdere trekk ved den politiske kulturen i Romsdals Amt på 17- og 1800-talet lys av dei kulturelle og sosioøkonomiske faktorane lagt fram ovanfor.

Me såg at bondeaksjonane på Nordmøre var velorganiserte og kollektive ved å omfatta heile lokalsamfunn. Me har også sett at på Nordmøre var relativt mange sjølveigarande bønder på dette tidspunktet (jf. 4.3.2).

Velorganiserte aksjonar på Nordmøre kan tyde på at det fantes ei leiing som kunne koordinere mobiliseringa, og at dette var enklare innanfor ei eksisterande gruppe av sjølveigande bønder med felles interesser (Døssland 1990:500; Furseth 1999:76, 79; Jenkins 1983:532-533, 537-538).

Dei *kollektive* preget på aksjonane kan underbygge at fleire grupper i samfunnet vart mobilisert parallelt (Jenkins 1983:537-538). Delar av Nordmøre vart truleg i mindre grad prega av pietismen på første halvdel av 1700-talet (jf. 4.2). Dette *kan* vere underbyggjande for at *kollektiv* mobilisering var lettare, fordi lokalsamfunnet var mindre individualisert (jf. Nielsen 2009:82-84; Thorkildsen 1997:146).

⁴² Denne underbygginga av lokalpolitikk blir trekt fram ein føresetnad for at demokrati og nasjonalisme vart ‘folkeleggjort’ seinare på 1800-talet, og at samfunnssdeltaking i Noreg hadde eit meir ruralt tyngdepunkt enn andre land (Melle 2015:327; Nielsen 2009:228; Stenius 1997:168).

Me har sett at husmannsvesenet var utbredt på indre Nordmøre frå byrjinga av 1700-talet (jf. 4.3.3). Husmenn var avhengig av sjølveigar for å få eit økonomisk ressursgrunnlag, noko som kunne ha gjort at desse gruppene støtta sjølveigarbøndene (jf. Oberschall 1978:307).

Sjølveigande bønder og husmenn vart soleis sosiale grupper som vart mobilisert *kollektivt* i høve bondeaksjonane på 1700-talet (jf. Furseth 1999:77). På 1800-talet såg me at dei røysteføre bøndene i stor grad mobilerte til aktiv politisk handling ovanfor sentrum gjennom høg valdeltaking. At relativt mange embetsmenn vart valt som ordførarar indikerer at hovudfokuset for mobiliseringa var retta mot sentrum, ikkje lokale embetsmenn.

I delar av Romsdal og på Sunnmøre var det i hovudsak få sjølveigarar, men mange leiglendingar og store jordegods (jf. 4.3.2). Dimed var den interne lagdeling annleis her enn på Nordmøre: Det var få husmenn ‘under’ bønder, men mange leiglendingar ‘under’ godseigarar.

På 1700-talet var bondeaksjonane spontane og retta mot aktørar innad i futedøma. Med andre ord var ikkje aksjonane kollektivt organisert i same grad som på Nordmøre. Dette kan skyldast større påverknad av pietismen gjennom lågare gruppetilhørsle (jf. Furseth 1999:110; Nielsen 2009: 19, 56; Oberschall 1978:307; Thorkildsen 138-139).

Slik ser me tendensane på ulike føresetnader og responsar i høve opningar i det politiske systemet (jf. Chester og Welsh 2011:136; Furseth 1999:73-74). Me ser konturane av to typar politisk kultur som mobiliserer ulikt, ut frå sosioøkonomiske og kulturelle faktorar.

Me har sett éin mobiliseringsstrategi som handlar ut frå grensedragning *ovanfor* det politiske sentrum og éin anna mobiliseringsstrategi som handlar ovanfor det politiske sentrum *indirekte*, ved grensedragning ovanfor *mellomliggjande* instansar (jf. Rokkan 1975:567; 2010:227).

Den sosioøkonomisk framstillinga synte at Nordmøre hadde tidleg overgang til sjølveige, og få store jordegods. Dette kan ha ført til det eksisterte få mellomliggjande instansar mellom bøndene og det politiske sentrum/staten. Slik kunne eit ‘bonde-kollektiv’ lettare mobilisere til handling. Gjennom økonomisk sjølvstende og autoritet kunne desse lettare mobilisere husmenn og andre grupper (jf. Edwards og McCarthy 2006:125-128).

Derimot var valkanalen på 1800-talet berre open for bønder. Det var ikkje mogleg å mobilisere andre grupper (Kriesi 2006:69; Tarrow 1998:7). Dimed føregjekk mobilisering internt i ‘bonde-kollektivet’. Den særstake valdeltaking i indre strøk av Nordmøre og i

Volda/Ørsta på Sunnmøre tyder på slike ‘bonde-kollektiv’ (jf. Døssland 1990:498-500; Hommerstad 2012:94; Nerbøvik 2000:68-71).

Den andre typen politisk kultur finn me i hovudsak døme på i delar av Romsdal og på Sunnmøre generelt. Her såg me at dei politiske aksjonane på 1700-talet var retta mot ein aktør internt i lokalsamfunnet som låg *mellom* bøndene og staten – futen. Altså grensedragning *innanfor* lokalsamfunnet (jf. Rokkan 1975:567; 2010:227).

På 1800-talet såg med at Romsdal og Sunnmøre i særstak grad valte embetsmenn som ordførarar, altså aktørar mellom dei sjølv og staten. Dette indikerer at i desse områda hadde den tidlege politiske kulturen eit sosialt grunnlag i ei meir eller mindre jamstilt befolkning på den eine sida og ‘mellomliggjande’ maktinstansar på den andre.

Politisk handling gjekk ut på å svekke desse mellomliggjande instansane. Men som i den kulturelle og sosioøkonomiske drøftinga (jf. 4.2 og 4.3) var det gjennom 17- og 1800-talet *fleire* slike mellomliggjande ordningar som vart utfordra: pietismen ‘inderleggjorde’ religionen og kunne bryte ned ‘medfødd’ status, gardane vart bruksdelt, driftsarealet vart delt og til slutt utskifta. Vidare såg me at det var skipa private skular som alternativ til den offentlege amtsskulen og lokalsamfunnet utdanna lærarar. Desse faktorane kan indikere at organisering av det sosiale livet var ‘individualisert’ (Jf. Furseth 1999:109; Nielsen 2009:59; Thorkildsen 1997:145).

Mange leiglendingar eller mange sjølveigande bønder kan vere to slike grupper med ulikt mobiliseringsgrunnlag og ‘responstypar’ (jf. Jenkins 1983:530, 532-533; Rokkan 1975:564; 2010:71, 228-231). Med andre ord fantes det i Romsdals Amt *potensielle* rekrutteringsnetverk av bønder med forskjellige utgangspunkt til økonomisk og kulturelt ressursar i høve politisk handling (jf. Edwards og McCarthy 2006:125-128; Nielsen 2009:131).

Slik forstått kunne politisk kultur avhenge av både ei sosioøkonomisk forklaring (eigendomstilhøva) og ein kulturell forklaring (individualisering). Vidare er det føreslått at årsakssamanhengen mellom desse forklaringane er vanskeleg å vurdere utan meir lokale granskningar.

Ut frå dette kan me samanfatte to typar politisk kultur på grunnlag av relasjonen mellom det lokale civilsamfunnet og staten/politisk sentrum. Slik kan me beskrive eit lokalt fundert og *subjektivt* element i oppfatning av kva den politiske nasjonen innebar (jf. Østerurd 1994:22-24, 27, 77):

- 1) ‘**Kollektiv-stat periferi**’ gjorde seg *hovudsakeleg* gjeldande på Nordmøre. Her gjorde fråværet av mellomliggjande instansar mellom ein sterk bondestand at mobiliseringa og den ‘organisatoriske responsen’ utgjekk frå *lokale kollektiv* og retta *mot* det politiske sentrum.
- 2) ‘**Individ-barriere-(stat) periferi**’ gjorde seg *hovudsakeleg* gjeldande på Sunnmøre og i Romsdal. Her gjorde innslaget ulike mellomliggjande instansar til at mobilisering og ‘organisatorisk respons’ tok utgangspunkt i *individa* på den eine sida og den *mellomliggjande* ordninga på den andre. Til dømes mot lokale embetsmenn, mot gardfellesskapen, mot ‘medfødt’ status.

Ei førebels hypotese er at desse typane politiske kultur skjulte skiljelinjer som ville gjere seg tydlegare mot slutten av 1800-talet, då sivilsamfunnet omfatta større delar av befolkninga og interesse-organisasjonar (jf. Nielsen 2009:266; Try 1985:20, 27-28): I kva grad ville kollektivismen prege sivilsamfunnet i nokre område? Og ville sivilsamfunnet andre stader framleis vere innretta mot å svekke mellomliggjande instansar mellom individet og staten?

4.4.3 Samanfatning

I granskninga av politisk handling såg me at på 1700-talet var Nordmøre karakterisert av at lokalsamfunna hadde felles grensedragning *ovanfor* staten, altså ein kollektiv territorial respons. Vidare såg me at valdeltakinga på var særstak, noko som indikerer at den *røysteføre* bonestanden framleis mobilerte til politisk handling ovanfor det politiske sentrum då vakanalen vart tilgjengeleg etter 1814..

I Romsdal og Sunnmøre var bondeaksjonane meir retta mot mellomliggjande embetsmenn, heller enn å vere ein kollektiv territorial respons ovanfor staten. På 1800-talet var også valdeltakinga stor på Sunnmøre og i Romsdal, men ikkje i same grad som på Nordmøre. Vidare såg me at det lokale sjølvstyre også var prega av grensdragning ovanfor lokale embetsmenn, ved at bønder dominerte ordførarararabetet. Slik såg me i desse områda teikn på ein politisk kultur som stilte seg negativt til mellomliggjande instansar mellom lokalsamfunnet og staten.

Ut frå dette vart det formulert to typar politisk kultur og ei førebels hypotese om at på slutten av 1800-talet ville sivilsamfunnet i desse områda bære preg av anten forsvar av kollektive interesse, eller forsvar av individets interesser ovanfor staten.

Skjema 3: Samanfatning kapittel 4.4

	Nordmøre	Romsdal	Sunnmøre
<i>Bondeaksjonar</i>	Organisert aksjon i mot skatteinnkrevjar/lensmann (Surnadal).	Mindre organiserte bondeaksjonar mot fut.	Mindre organiserte bondeaksjonar mot fut.
<i>1830-tals vala</i>	Høg deltaking. Særleg indre strøk (John Neergaard mogleg agitator).	Høg valdeltaking.	Høg valdeltaking, Særleg midtre strøk (Aarflot-familien mogleg agitator).
<i>Røystekvalifiserte</i>	Mange sjølveigarar, mange ukvalifiserte husmenn.	Mange kvalifiserte sjølveigarar og leiglendingar.	Mange kvalifiserte leiglendingar.
<i>Det lokal sjølvstyret</i>	Middels andel bondeordførarar, få sal av kornmagasin.	Særs mange bondeordførarar, få sal av kornmagasin.	Mange bøndeordførarar, mange sal av kornmagasin.

4.5 Samanfatning: Nasjonalisme *an sich*

Dette kapittelet har lagt fram og drøfta ulike samfunnsendringar frå byrjinga av 1700-talet og fram til om lag midten av 1800-talet. Framstillinga har freista å svare på følgjande problemstilling: *Kva kulturelle og sosioøkonomiske faktorar kan ha lagt føringar for civilsamfunnet i Romsdals Amt, og kvifor fekk dei betyding for politisk handling fram til midten av 1800-talet?*

I følgje Nielsen (2009:53-54, 84, 165) var mange *statleg* funderte samfunnsendringar på 17- og 1800-talet *objektive* faktorar som bidrog til å homogenisere befolkninga – nasjonalisme *an sich*.

I dette kapittelet har me sett at slike prosessar kan hatt ulik utvikling i Romsdals Amt. Me såg at pietismen fekk tidleg gjennomslag amtet, særleg på Sunnmøre. Vidare såg me at på Sunnmøre og i Romsdal vart det oppretta folkehøgskular som alternativ til amtsskulen. Samstundes vart det ved fleire skular utdanna lærar.

Vidare har me sett at det var sosioøkonomiske variasjonar mellom futedøma. På Nordmøre var det særleg i indre strøk tidleg overgang til sjølveige, dette kan skyldast mykje krongods. På Sunnmøre og i Romsdal var det seinare overgang til sjølveige og store jordegods. Det var fleire sjølveigande gardbrukarar og fleire husmenn i *indre* strøk av Nordmøre og Romsdal, medan gardar i *ytre* Romsdal og Sunnmøre i heilskap vart bruksdelte og driftsarealet teigdelt.

Dette mønsteret kan ha opphav i anten at godseigaren splitta opp leiglendingsbruken, eller at gardbrukarane sjølv delte gardane dei dreiv. Konsekvensen av begge desse to forklaringane var formar for individualisering.

Slik var det fleire sider av tilhøva i ulike deler av amtet som svarte til dei objektive homogeniseringsprosessane. Den stor ulikskapen var at på indre Nordmøre og Romsdal vart det parallelt ei ny intern segmentering i form av husmannsvesenet, medan på Sunnmøre og delar av Romsdal vart befolkninga i større grad individualisert. Soleis kan samfunnssendringane ha lagt føringar i grunnlag for sivilsamfunnets relasjon til staten (jf. Nielsen 2009:47-49, 93; Østerud 1994:19-22).

5 Analyse 2: 1880 til 1905 – revolusjon på norsk?

5.1 Innleiing

I dei to siste tiåra av 1800-talet gjekk Noreg gjennom eit politisk systemskifte: Landet gjekk frå ‘embetsmannsstaten’ til ‘fleirpartistaten’ og sjølvstende (Seip 1997:19). I følgje Seip (1968:9-12) vare det tale om ein «glidende revolusjon». Særleg 1890-talet er trekt fram som eit nasjonalt vendepunkt: no vart folk meir bevisst på at dei var del i nasjonen (Nerbøvik 2000:57).

Dette kapittelet skal fokusere på denne dette ‘systemskifte’ med særleg fokus på Den frilyndte ungdomsrørsla og valet om styreform i 1905. Dette skal aktualiseraast ved å svare på følgjande spørsmål: *Korleis realiserte den nasjonaldemokratiske rørsla i Romsdals Amt den ‘norske revolusjonen’ frå 1880 til 1905, og korleis kan variasjonar forklaraast?*

Framstillinga vil drøfte den politiske og sosiokulturelle konteksten i Noreg generelt og Romsdals Amt spesielt.

5.2 Politisk og kulturelt systemskifte

Dette underkapittelet skal omhandle den politiske konteksten i tida mellom 1880-og 1905, med særleg fokus på venstrerørslas mobilisering i samband med vetoretten og den formelle kløyvinga av Venstre i 1887/1888 (Mjeldheim 1987:30-31, 153-155). Bolken skal presentere nokre politiske utfall i Romsdals Amt drøfte sosiokulturelle faktorar i lys av dette.

5.2.1 ‘Venstrerørsla’ og vendepunktet i 1887

Med opphav i ulike sosioøkonomiske og kulturelle rørsler vart venstrerørsla ei blanding av politisk og kulturell nasjonalisme – folkeleg identitet og medborgarskap (Nerbøvik 2000:55;

2004:544; Nielsen 2009:221). Partiet Venstre var soleis eit *sosial-liberalt* politisk parti, og ei forlenging av tidlegare uformelle samanslutningar (Nerbøvik 1999:118-119, 121; Sørensen og Stråth 1997:17).

I 80-åra eskalererte den nasjonale mobiliseringa og valdeltakinga i Noreg (Nerbøvik 1999:137-139).⁴³ Parallelt med utviklinga mot ein fastare partistruktur føregjekk også ein parlamentarisk kamp om å skipe maktbalansen mellom regjeringa og stortinget: Skulle folket ha myndighet og medansvar, måtte dei *folkevalde* ha politisk gjennomføringskraft. Gjennom 1870-talet bygde det seg opp mobilisering for at kongens vetoret skulle fjernast, noko som vart fullbyrda i 1880 (Rokkan 2010:121-122). Dette medførte ein meir reell politisk kamp mellom embetsmenn og stortingsrepresentantar og gjorde vala i 1882 og 1884 i røynda til eit *partival* mellom Venstre og Høgre (Rokkan 2010:122).

I sivilsamfunnet vart dette politiske klimaet synleggjort gjennom folkemøte med talalar, der føremålet var å skipe lokale parti (Nerbøvik 1999:126, 157).⁴⁴ Vidare vart mange av tidlegare ‘nøytrale’ foreiningane meir openbart Venstre- eller Høgre-sympatiske.⁴⁵ Med andre ord gjekk den diffuse bondekommunalismen (jf. 4.4), over til ein spesifikk politisk segmentering og kulturell organisering (Nerbøvik 1999:119; Rokkan 2010:230; Try 1985:17-18).⁴⁶

Tidlegare har me sett at Romsdals Amt i heilskap hadde landets høgste valdeltaking fram til 1870-åra. Gjennom det politiske systemskiftet i 1880 og 1890-åra gjekk valdeltakinga ned i Romsdal Amt. Dette samstundes som resten av landet vart mobilisert:

⁴³ I 1884 vart kriteriet om å ha eigendom for å være røystekvalifisert fjerna, noko som førte til ei nesten dobling av potensielle veljarar (Nerbøvik 1999:134-135; Rokkan 2010:130-131; Østerud 1978:206).

⁴⁴ Nielsen (2009:121-122, 276-282) trekk særleg *læraren* fram som den store talaren. Skulelæraren bygde vidare på arva frå vekkingane tidlegare på 1800-talet og den generelle respekten som var gjeve ein god tale og talar. Gripsrud (1990:97) meiner folkehøgskulen og læraren der kunne ha drag som likna på religiøs *karismatikk*, noko han òg argumenterer var gjeldane i den frilyndte ungdomsørsla, då særleg på stemmene.

⁴⁵ Frå midten av 1800-tallet var Thrane-rørsla ei sosial-radikale rørsle med brodd mot embetsmannregimet (Seip 1997:183-186; Nielsen 2009:214-15). Thrane-rørsla fekk låg oppslutning i Romsdals Amt. Forutan spreidde freistnader på Sunnmøre, fantes det på Nordmøre noko meir konkrete ‘thraniitt’-miljø (Tvinnereim 1992:340). I 1860-70 åra var Bondeven/Jaabæk-rørsla ei anna tidleg-politisk rørsle *mot* embetsmenn (Try 1979a:18). I Romsdals amt var det i tidsrommet til saman 23 slike foreiningar, men Try (1979b:139) framhevar at amtet utmerka seg med særsmange motforeiningar. Til dømes i Aure på Nordmøre var det skipa ‘Bondevensforeining’ 1870, samstundes vart det oppretta ein mot-institusjon i form av ei ‘Almueforeining’ (Orten 2000:614).

⁴⁶ Eit samtalelag frå Sunnmøre meldar i Sunnmørsposten i 1883 at laget «fullstændig slutter sig til den liberale Politik» (som sitert i, Rabben 1978:109). Eit døme på politiseringa av foreingar i Fiksdal (Romsdal): Eit samtalelag som vart stifta i 1883 gjekk seinare over til å bli ‘Fisksdals Venstrelag’ før so å bli til ‘Fisksdals Ungdomslag’ i 1894 (Eidhammer 1925:36).

*Tabell 7: Valdeltaking i prosent av røysteføre.**

Stortingsval	Prosent i Romsdals Amt	Prosent på den norske 'landsbygda'	Prosent i Noreg
1882	65	70	73
1885	67	73	75
1888	63	68	70
1891	61	70	74
1894	88	89	90
1897	75	84	85

*Basert på, Nerbøvik (2000:64; 2004:536-537).

Tabell sju syner at valdeltakinga fall monaleg i Romsdals Amt i 1880-åra, samanlikna med kva stoda var i tiåra før (jf. 4.4.1). Me ser at gjennomsnittleg valdeltaking var både lågare enn for landsbygda i Noreg isolert og for Noreg i heilskap.

Den politiske polariseringa i rikspolitikken gjorde at partane frykta statskupp og borgarkrig, noko som fekk Venstre til å knytte seg til folkevæpningsforeiningar, idrettslag og skyttarlag (Hoel 2011:164, 169; Rokkan 2010:122). Denne strategien var soleis venstrerørslas alternativ til det offisielle militæret og dimed i røynda ein folkemilits lojal ovanfor Venstre (Hoel 2011:164-165). I 1887 vart det konsensus om militærpolitikken og hæren vart meir desentralisert og slik eit nasjonalt og territorielt forsvar (Hoel 2011:175; Nerbøvik 2000:168).

Dei første skyttarлага i Romsdals Amt vart etablert i 1860-70 åra, men ei *amtsforeininga* vart ikkje skipa før i 1882 (Tvinnereim 1992:362-363; Vigander mfl. 1933:148).

*Tabell 8: Antall innmeldte lag i 'Møre og Romsdal folkevæpningssamlag.**

	Nordmøre	Romsdal	Sunnmøre
1882-1883	10	10	2
1884	2	6	2
1885	1	1	4
1886	1	2	3
Frå og med 1887	10	8	9
Samla	23	26	21

*Basert på, Vigander mfl. (1933:151-154).⁴⁷

Ut frå *tabell åtte* ser me at Nordmøre og Romsdal hadde flest lag tilslutta amtsforeininga for folkevæpninga/skyttarrørsla. Fram til 1884 fantes det i alt 22 skyttarlag i Romsdals Amt. Av desse var berre to frå Sunnmøre. Mellom 1884 og 1887 er antall lag koment opp i 76, no er

⁴⁷ Følgjande lag har eg ikkje klart å lokalisere: 1882-1883; 'Tjeld', 1884; 'Roald', frå og med 1887; 'Bjørge', 'Aspøy' og 'Holmemstrand'. Eit mogleg etterhald er at somme lag kan ha *lat vere* å melde seg inn i fellessforeininga, slik at framstillinga gjer eit skeiv bilet av den geografiske fordelinga.

fordelinga mellom futedøma jamnare. På Sunnmøre var det langt fleire lag i nordre og ytre strøk, samt Volda/Ørsta-området. For Nordmøre og i Romsdal var skyttarlaget meir geografisk fordelt, men flest i midtre og indre strøk (Vigander mfl. 1933:151-154).

Vidare kunne skyttarlag ha eit breiare aktivitetsregister enn berre våpentrenings (Tvinnereim 1992:362-363). Dette kan innebere at skyttarlaget i denne tida kan ha fungert som *kulturelle* organisasjonar gjennom 1880 og 1890-talet, då truleg i forlenging av det ‘nasjonalradikale’ utgangspunktet (jf. Hoel 2011:168-169; Rokkan 2010:122).

Skyttarrørsla vart politisert i byrjinga av 1880-åra, då venstrerørsla frykta statskupp frå ‘det etablerte’ med hjelp frå den offisielle hæren (Hoel 2011:164-165-175). Ved militærreforma i 1887 vart skyttarrørsla og hæren meir samanfallande, gjennom desentralisering. Slik sett vart den sentralisert hæren ufarleggjort, og soleis vart skyttarrørsla *indirekte* normalisert og inkludert i den statlege ordninga (jf. Kjellman 2007:79-82, 104).

Ut frå *tabell åtte* såg me at det var langt fleire skyttarlag på Nordmøre og i Romsdal frå og med 1882, medan oppslutninga frå Sunnmøre var minimal. I åra mellom 1883 og 1886 var det forholdsvis få lag som meldte seg inn, medan det kom ei ny bølgje frå og med 1887, altså etter at skyttarrørsla vart ‘inkludert’ i hæren. Etter reforma fekk også Sunnmøre mange lag, og stod ikkje tilbake frå veksten i ei to andre futedøma. Med andre ord ser me at skyttarørsla hadde stor oppslutning på Nordmøre og Romsdal då den var ein milits, medan Sunnmøre fekk mange lag då den i røynda *ikkje* var ein milits.

Dei ulike grupperingane som hadde utgjort Venstre byrja i 1880-åra å skilje lag, og vart til slutt splitta i partia ‘Moderate Venstre’ og ‘Reine Venstre’ i 1888 (Rokkan 2010:123-124; Nerbøvik 1999:127, 163-165).

Den ‘moderate’ fløya hadde opphav i lekmannsrørsla på Vestlandet, og vekta kyrkjeleg sjølvstyre for lekfolk på kostnad av prestane (Mjeldheim 1984:145). Den ‘reine’ venstrefløya var nasjonalradikal og særleg kritisk til unionen med Sverige (Hoel 2011:152; Mjeldheim 1984:143; Rokkan 2010:138, 146).⁴⁸

I Romsdals Amt varierte partipreferansar mellom futedøma: På Sunnmøre fekk både Høgre og Venstre stor oppslutning (Rabben 1978:113). Medan på Nordmøre og i Romsdal sto Venstre sterkare enn Høgre. Ved valet i 1885 fekk Venstre 83 prosent av røystene på Nordmøre, 88 prosent i Romsdal og 67 prosent på Sunnmøre i (Tvinnereim 1991:344-345).

⁴⁸ Lekmannsrørslas fanesak var, skriv Mjeldheim (1984:145), eit kyrkjeleg sjølvstyre som hovudsakleg skulle lokaliserast til lokalnivået ved å opprette sokneråd som igjen skulle velje soknets prest.

Ved valet i 1891 hadde Moderate Venstre større oppslutning på Sunnmøre enn på Nordmøre og i Romsdal (Øidne 1986:48).

Tidlegare forklaringar på de negative tendensen i valdeltaking tatt utgangspunkt i at ‘reservoaret’ av røystekvalifiserte var tomt: Ein stor del av dei kvalifiserte var allereie blitt mobilisert til å gjere seg røystefør (jf. tabell seks) (Nerbøvik 2000:75). Vidare har det vore påpeika at det polariserande politiske klimaet var kunne verke framandgjerande og at Venstre vart assosiert med ateisme (Nerbøvik 2000:77; Tvinneim 1991:345).

Me har sett at valdeltakinga gjekk ned i Romsdals Amt i 1880-åra, før å ta seg opp att i 1890-åra, men den var jamt lågare enn gjennomsnittet for landet elles (jf. tabell sju). Granskinga av skyttarrørsbla syner at Sunnmøre var ‘tilbakeliggjande’ i tidleg i 1880-åra, men tok nærma seg mengda skyttarlag på Nordmøre og i Romsdal frå og med 1887.

I lys av Rokkans (1975:567; 2010:227) ‘reponstypologi’ (jf. 2.4) ser me her risset av to ulike kulturelle responsar: Den første responsen, synleg gjennom den første bølgja skyttarlag, var både ei grensedragning ovanfor sentrum samt internt i lokalsamfunna. I Romsdals Amt mest synleg på Sunnmøre, enn dei to andre futedøma.

Den andre bølgja av skyttarlag, frå 1887, nøytralisierte den interne segmenteringa: Også Sunnmøre responderte med å opprette skyttarlag, moglegvis fordi skyttarrørsbla frå då av innebar forsvar av den politiske *nasjonen*, meir enn ‘Venstrestaten’. Det samla Venstre kunne dimed vere ei ‘barriere’ for å etablere skyttarlag (jf. Rokkan 2010:119-221). Då dette tilhøvet var oppheva i 1887, identifiserte skyttarlaga den politiske *nasjonen* meir enn forvar mot ein intern fiende. Dette vendepunktet samanfall med kløyvinga av Venstre i 1887/1888. At slike barrierar forsvann fekk størst utfall på Sunnmøre, der Høgre og moderate venstre fekk store andelar av røystene ved stortingsvala.

5.2.2 Nokre sosiokulturelle skiljelinjer

Frå 1830-talet byrja misjonsforeiningar å oppstå og fekk eit organisatorisk tyngdepunkt i Den Norske Lutherstiftelsen, stifta i 1868 (Kleppa og Odland 1998:26-27; Tvinneim 1992:377). Organisasjonen var i hovudsak ei underavdeling av statskyrkja, og dimed ein landsorganisasjon for misjonen (Mjeldheim 1984:144). Slik vart lekmannsrørsbla utover 1800-talet inkludert i den lutherske statskyrkja (Rudvin 1967:244-245; Thorkildsen 1997:146). Lutherstiftelsen politikk var at lekmenn *kunne* forkynne i, men berre i ‘naudstilfelle’ (Kleppa og Odland 1998:33).

Fellesforeininga for Romsdal Indremisjon vart skipa i 1874 og slutta seg til Lutherstiftelsen, og er omtala som særslitlig sjølvstendig ovanfor landsorganisasjonen. Vidare var det få lokale foreiningar (Kleppa og Odland 1998:39-40; Kleppa 1999:27-28).

Ei fellesforeining for Nordmøre Indremisjon vart etablert i 1885, med haldepunkt i Kristiansund (Kleppa og Odland 1998:40). I likskap med foreininga i Romsdal hadde også indremisjonen på Nordmøre eit forsonleg forhold til Lutherstiftelsen (Tvinnereim 1992:378).

Sunnmøre fekk ei felles indremisjonsforeining i 1882, i likskap med stoda på Nordmøre, vart Ålesund eit sentrum i verksemda (Kleppa og Odland 1998:41-42; Tvinnereim 1992:378). Ulik foreiningane for Nordmøre og Romsdal er foreininga på Sunnmøre karakterisert som kritisk ovanfor landorganisasjonen (Kleppa og Odland 1998:42-43; Tvinnereim 1992:378).

Aktørar innan indremisjonen på Sunnmøre hadde sidan 1870-talet arbeidd konkret for ei ny misjonsforeining, som skulle vere eit alternativ til Lutherstiftelsen (Kleppa og Odland 1998:43-44, 53-54, 58; Kleppa 1999:30; Rudvin 1970:45). Dette ønskje grunna i misnøgd med at Lutherstiftelsen i realiteten innskrenka lekfolks moglegheiter til å forkynne, til fordel for prestebetet (Kleppa og Odland 1998:49, 53).

Den opphavlege freistnaden om ein landsorganisasjon mislukkast og det var heller etablert ein *vestlandsk* organisasjon, som gjekk inn for større uavhengigheit ovanfor prestestanden, men ikkje bryte med den lutherske kyrkja (Kleppa og Odland 1998:52-54, 59-62).⁴⁹ Ved skipinga av Det Vestlandske Indremisjonsforbund i 1898 vart eit slikt alternativ til Lutherstiftelsen fullbyrda (Kleppa og Odland 1998:54-55).

Romsdal Indremisjon meldte seg inn i den det vestlandske forbundet etter skipinga, medan indremisjonsforeininga på Nordmøre vart kløyvd: nokre foreiningar gjekk til organisasjonen for Vestlandet, medan andre vart verande i Lutherstiftelsen (Tvinnereim 1992:378).

Alle tre futedøma hadde på 1880- og 1890-talet fleire religiøse ‘vekkingsmøte’ med lekepredikantar. Særleg for Sunnmøre er desse trekt fram som særslitlig vidfemnande (Kleppa og Odland 1998:39-44; Rabben 1978:138).⁵⁰

⁴⁹ Skipingsnemndas første punkt i samband med ein vestlandsk indremisjonsforeining: «*I. betragning af de strømninger, som er oppe i tiden, både m. h. t. læren og ordningen af de læge kræfters virksomhed, bør indremissjonsvennerne søge at bevare indremisjonsarbeidets frihed og uafhengighed af andre autoriteter end Guds ord og den luth. kirkes bekjendelse.*» (Som sitert i, Kleppa og Odland 1998:60).

⁵⁰ Særleg ei vekkingsmøta i samband med lekepredikanten Paul Gerhard Sand trekt fram som spesielt populære (Høydal 1995:64; Kleppa og Odland 1998:43; Rabben 1978:134; Tvinnereim 1992:376-377, 380).

Landsmålet var i byrjinga assosiert med kulturradikalisme: Venstrerørsla freista å kombinere ein politisk nasjonalisme, med ein kulturell nasjonalisme (jf. Nerbøvik 1999:182; Nielsen 2009:204; Østerud 1994:42-43; 1996:30). Difor vart *målsaka* noko Venstre ‘måtte’ stille seg bak, om partiet verkeleg ville representere det *folkelege* og soleis halde på ein kulturfront mot Høgre (Hoel 2011:105-106; Mjeldheim 1984:196, 391-392, 396).⁵¹

Frå slutten av 1880-åra byrja også religiøse å nytte landsmålet (Hoel 2011:148-149). Slik fekk kristne aktørar også er rolle i utbreiinga av landsmålet på slutten av 1800-talet (Hoel 2011:150-151, 161). Dette medførte at delar av den radikale kulturnasjonalismen òg fekk ei kristen forankring (Høydal 1995:177-178; Nerbøvik 2000:58).

Kristen og ‘moderat’ omfamning av landsmålet vart dimed ein nøytralisering av målsaka, på kostnad av koplinga til eit bestemt politisk ståstad: målska vart «normalisert» meir enn «avradikalisert» (Hoel 2011:157-158).

Sunnmøre generelt, og Volda/Ørsta-området spesielt, hadde ei særstode i denne utviklinga: I 1886/1887 skipa ei gruppering – ‘Riste-kollektivet’ – både lærarseminar og ei anarkistisk avis på landsmål, som motpol til allmugeskulen i bygda (Hoel 2011:124, 149; Høydal 1995:75; Tvinnereim 1981:110-111; 1992:351).⁵² Den radikale avisa fekk få tingarar og måtte etter kort tid legge ned verksemda (Tvinnereim 1992:355). To år etter vart det i Volda skipa landets første kristne avis på landsmål – Stille Stunder’ – som bidrog til at landsmål vart meir akseptert blant kristne (Hoel 2011:133,135,149; Høydal 1995:76-77; Tvinnereim 1992:351-352).

Vidare fekk Volda òg amtets einaste lærarskule i 1895 (Tvinnereim 1992:197). Skulen skilte seg ut blant dei andre skulane i landet med sterkt fokus på ein nasjonal og kristeleg profil (Høydal 1995:190-192, 263).

Av elevane mellom skipinga og 1905 var om lag 40 prosent av elevane frå Romsdals Amt (Høydal 1995:112). Brote ned på futedømenivå var det i for tidsrommet 1895-1905, var det langt fleire elevar frå Sunnmøre, enn frå Nordmøre og Romsdal (Høydal 1995:123).⁵³

⁵¹ Hoel (2011:54) meiner at medlemstala for Norigs Maallag og Norigs Ungdomslag er dei sikraste indikasjonane på omfanget til målrørsla etter førige århundreskifte.

⁵² ‘Kollektivet’ bestod hovudsakeleg av Per Riste, Synnøve Riste, Rasmus Steinsvik og Anders Vassbotn (Hoel 2011:124-126; Tvinnereim 1992:348).

⁵³ For Sunnmøre i heilskap var det i gjennomsnitt fire elevar pr. tusen innbyggjar, for Romsdal i heilskap var det éin elev pr. tusen innbyggjar og for Nordmøre var det mindre enn éin elev pr. tusen innbyggjar (Høydal 1995:123).

Føremålet med etableringa av Lutherstiftelsen var å institusjonalisere lekmannsrørsla i den offisielle kyrkja (Jf. Kjellman 2007:79-82, 104). Slik var organisasjonen eit døme på korleis radikale utanforståande element var ‘konformert’ av den lutherske statskyrkja (jf. Stenius 1997:161,167; 2010: 24-26). Konsekvensen var at delane av misjonsrørsla som *ikkje* var samde med Lutherstiftelsen vart radikalisert, noko det vestlandske forbundet vart eit døme på (jf. Kjellman 2007:6-9, 103).

Dei tre samlaga for indremisjonen i Romsdals Amt hadde ulikt tilhøve ovanfor Lutherstiftelsen. Medan foreiningane på Nordmøre og i Romsdal var lojal ovanfor landsorganisasjonen, jobba foreininga på Sunnmøre aktivt for eit vestlandsk alternativ som skulle svekke *prestens* rolle. Då dette seinare vart realisert slutta også Romsdal seg til, medan *delar* av foreiningane på Nordmøre vart med i den vestlandske organisasjonen.

Slik ser me at delar av lekmannsrørsla i andre halvdel av 1800-talet i representerte eit motkulturelt perspektiv og ein ‘territorial’ respons ovanfor sentrum, då i form av statskyrkjas organisering av *misionen* (jf. Rokkan 1975:567; 2010:227). Men samstundes var *ikkje* utbrytarane på Vestlandet meir motkulturelle enn at dei etablerte ein ny organisasjon *innanfor* rammene av statskyrkja. Soleis var det *ikkje* statskyrkja i seg sjølv dei var i mot, men dei ‘mellomliggjande’ prestane.

Moderate Venstre *var* både sympatisk til målrørsla og lekmannsrørsla (Hoel 2011:152-154). Ting tydar på at denne ideologiske profilen svara best til dei politiske preferansane på Sunnmøre, meir enn på Nordmøre og i Romsdal. Døma frå avisstriden og lærarskulen tyda på dette: Nasjonalistiske og kristne verdiar vart kombinert, *ikkje* satt opp mot kvarandre, altså ein ‘kristen-nasjonalisme’. Dimed vart ein potensiell kulturell konfliktpotensiale internt i lokalsamfunnet nøytralisiert ved at kulturelle organisasjonar nettopp forsvarte ein nasjonal *og* kristeleg identitet (jf. Rokkan 1975:567; 2010:227-229).

Vidare vart ‘læraren’ ein ekspert-person og ideologisk kjelde for nasjonaldemokratiske rørslle i slutten av hundreåret (Høydal 1995:345-348). Lærarane var med andre ord ein potensiell leirar og agitator for i mobiliseringa for den nasjonaldemokratiske rørsla (Edwards og McCarthy 2006:125-128). Som den einaste lærarskulen i Romsdals Amt på 1890-talet hadde dimed skulen i Volda ei særstilling.

Desse faktorane kan ha bidratt til at den negative tendens i høve valdeltaking snudde. Somme ser i *tabell sju* auka valdektakinga relativt kraftig til valet i 1894. Dette tydar på at dei

‘framandgjorte’ veljarane er tilbake, og medborgarskap-tradisjonen styrka (jf. Lorentzen 2004:99).

5.2.3 Samanfatning

Dette underkapittelet har freista å beskrive den politiske og sosiokulturelle kontekstek i 1880 og 1890-åra, og vidare sett korleis dette fortona seg i Romsdals Amt.

Me såg tidlegare at Romsdals Amt utmerka seg med landets høgste valdeltakinga, og at denne trenden var gjeldande for heile tidsrommet mellom 1829 og 1870-talet, men vart frå og med 1870-talet lågare enn landet elles. Skyldast dette at det var tomt for røystekvalifiserte og/eller framandgjering frå den poliske stoda i Noreg?

Me såg at den politiserte skyttarørsla i byrjinga av 1880-åra fekk langt større oppslutning på Nordmøre og i Romsdal. Vidare såg me at då rørsla vart normalisert vart det òg mange innmeldte lag på Sunnmøre. Vidare såg me at Moderate Venstre og Høgre sto sterkare på Sunnmøre, enn kva tilfelle var på Nordmøre og i Romsdal. Samstundes vart lekmannsrørsla meir politisk på Sunnmøre enn i dei to andre futedøma. Denne kombinasjonen mellom kristendom og nasjonalisme var også gjeldande for andre institusjonar på Sunnmøre.

Dette var grunnlaget for to ulike relasjoner ovanfor det politiske sentrum: På Nordmøre og i Romsdal var den organisatoriske responsen hovudsakleg ‘sekulær-nasjonalistisk’, illustrert gjennom oppslutning om det samla Venstre, skyttarørsla og ei passiv lekmannsrørsle. På Sunnmøre hadde den organisatoriske responsen ei ‘kristen-nasjonalistisk’ forankring: vegring mot skyttarørsla før 1887, oppslutning om Moderate Venstre, politisk aktiv lekmannsrørsle som kritiserte presteembetet, og andre verdslege institusjonar som kombinerte kulturnasjonalisme og kristendom.

Skjema 4: Samanfatning kapittel 5.2

	Nordmøre	Romsdal	Sunnmøre
<i>Parti-preferanse</i>	Venstre og Reine-venstre	Venstre og Reine-venstre	Venstre og Høgre, Moderate Venstre.
<i>Skyttarrørsla</i>	Stor oppslutning frå 1882.	Stor oppslutning frå 1882.	Stor oppslutning frå og med 1887
<i>Kulturelle organisasjoner</i>	Skyttarlag kan ha hatt fleire funksjonar.	Skyttarlag kan ha hatt fleire funksjonar.	‘Riste-kollektivet’, ‘Stille-stunder’, Volda Lærarskule.
<i>Misjonen</i>	Indremisjonen lojal ovanfor Lutherstiftelsen.	Indremisjonen lojal ovanfor Lutherstiftelsen fram til nytt alternativ.	Indremisjonen kritisk ovanfor Lutherstiftelsen og aktiv for å etablere vestlandsk alternativ.

5.3 Den frilyndte ungdomsrørsla fram til 1905

Dette underkapittelet skal handle om Den frilyndt ungdomsrørsla. Ungdomsrørsla i kvart av futedøma er grunnlaget for samanlikning. Kjeldematerialet er møteprotokollane til dei dei ungdomssamlaga (jf. 3.3).

5.3.1 Ei nasjonaldemokratisk rørsle

Den nasjonaldemokratiske rørsla var, som venstrerørsla generelt, bygd opp av fleire mindre rørsler (Hoel 2011:56; Klippenberg 1995:23-26).⁵⁴ Den frilyndte ungdomsrørsla plasserte seg i dette landskapet, hovudsakleg kring to nasjonalistiske kampsaker: politisk frigjering frå unionen med Sverige, kulturell og språkleg frigjering frå Danmark (Nerbøvik 2000: 28, 56; Stenius 2010:46; Sørensen 1997:121, 123, 133).

Kulturnasjonalismen kan delast i ei akademisk retning som løfta fram og idealiserte den norske bonden og bygde-Norge, og ein variant der folket sjølv skulle løfte fram bygdekulturen i møte med samfunnsendringane (Gripsrud 1990:109; Nerbøvik 1999:180-181; Stenius 2010:37). Den frilyndte ungdomsrørsla og målrørsla blir gjerne karakterisert som døme på den siste retninga (Gripsrud 1990:105-106; Hoel 2011; Klippenberg 1995:35, 140-145; Rokkan 2010:221, 223).

Hoel (2011:56) argumenterer for at målrørsla og ungdomsrørsla var lenge to sider av same sak: 'målrørsla' som omgrep var ikkje reelt før i mellomkrigstida, og hadde i tiåra rundt hundrearsskiftet overlappa med andre rørsle. Hoel (2011:56) vidareførar dimed Mjeldheims (1983:395) syn på at det var ungdomsrørsla som var den sentrale organisasjonen for målsaka, på grunn av «norskdomsideologien», og det eksisterande organisasjons-apparatet.

Ordet frilyndt er vanlegvis tyda som liberal, open, tolerant, fordomsfrei og framstegsvenleg (Gripsrud 1990:108-109).⁵⁵ Eit ungdomslag var soleis ein organisering av ungdom med mål om å gje medlemmane 'kunnskap' gjennom lagsarbeid, som var tolka som eit premiss for demokratisk samfunnssdeltaking (Steinsland 1981, kap 2:27; Tvinneim 1982:41).

Ungdomsrørsla kan tidfestast til dei to siste tiåra av 1800-talet. Dei første ungdomslag-liknande foreiningar daterast gjerne til 1870-talet, men det vart først i 1890-åra mengda

⁵⁴ Thorkildsen (1996:191) peikar på det paradoksale ved at ei nasjonalistisk rørsle var så sterkt inspirert frå Danmark, landet den freista å frigjere seg frå kulturelt.

⁵⁵ Klippenberg (1995:20) definerer ordet som ein form for reformvenleg liberalisme som innebar toleranse og 'frisinne' ovanfor andre meiningar og levevis. 'Frilyndt' er den meir person-beskrivande nemning på ein tolerant og framstegsvennleg person, som vidare ofte vart sett i samband med orda nasjonal og folkeleg (Tvinneim 1981:205).

regionale fylkeslag og lokallag auka og byrja å kalle seg *ungdomslag* (Hoel 2011:53; Klippenberg 1995:15, 19; Nerbøvik 1999:2000; Steinsland 1981:5).

Rørsla er rekna som eit tidstypisk døme på det generelle organisasjonssamfunnet på 1800-talet og som ei vidareføringa av tidlegare samanslutningar (Klippenberg 1995:15, 19; Rokkan 1975:564; 2010:71, 228-231; Tvinnereim 1981:140-144).⁵⁶ Særleg den lokale presten eller lærarar er framheva som føregangspersonar i skiping av ungdomslag (Klippenberg 1996:141; Tvinnereim 1981:140-141).⁵⁷

Lekmannsrørsla er trekt fram som ein årsak til at ungdomslag vart stifta, då som motvekt til pietisme (Klippenberg 1995:21-23; Rabben 1978:122).⁵⁸ I realiteten, meiner Hoel (2011:159-160), var tilhøvet mellom lekmannsrørsla og ungdomsrørsla ei tevling om oppslutning, heller en ideologiske motsetnader: dei freista begge å ‘vekke’ einskildindivid til å ta del i sivilsamfunnet (jf. Nielsen 2009:81-85; Stenius 2010:22). I følgje Tvinnereim (1981:106) var den frilyndte rørsla delt i éi retning som vekta individuell frigjering og utvikling, og ei anna som fokuserte på samfunnsreformer.

Rørslas organisasjonsstruktur var inndelt etter lokallag, samlag/regionlag og landslag. I den tillege fasen i 1890-åra var samlagas viktigaste funksjon å organisere årsstemne og skaffe føredragshaldarar til sine eigne og lokallagas arrangement (Klippenberg 1995:45-47; Tvinnereim 1981:83, 86). Noregs Ungdomslag (heretter berre NU) vart stifta i 1896 (Hoel 2011:171).

Det er peikt på at rørsla i byrjinga var radikal men vart kring 1900 meir politisk moderat og sympatisk ovanfor kristne aktørar og verdiar – den vart ’normalisert’ (jf. Hoel 2011:157-159; Tvinnereim 1981:115-116). Dette var synleg i avisene rørsla nytta som organ: Først radikale ‘Unge Skud’ og ‘Den 17. Mai’ (Hoel 2011:125-128; Tvinnereim 1981:111-112). Etter hundreårsskiftet vart den moderat-kristne avisa ‘Symra’ hovudorgan (Hoel 2011:158-159; Høydal 1995:178; Tvinnereim 1981:116).

⁵⁶ Steinsland (1981:8) – som definerer ungdomslag som eit ikkje-kristent lag for *ungdom* - meiner det ikkje er korrekt å sjå på desse første laga som ungdomslag: «70-års-laga syner seg enten å ha vore religiøse lag (...) eller så var dei ikkje spesielt for ungdomen (...) Samanhengen er truleg den at ein del lag frå 70-åra har vore utgangspunkt for skiping av ungdomslag et par ti-år seinare.».

⁵⁷ Steinslands (1981:20) granskning av leiarkakgrunnen i ungdomslaga fram til 1896, syner at på Sunnmøre og i Romsdal hadde 5 lærarar etablert lag, mot éin på Nordmøre.

⁵⁸ Det religiøse var òg ein del av idégrunnlaget til frilyndte institusjonar: For Grundtvig var det folkelege og nasjonale grunnlaget for ei folkekirkje samanknytt gjennom felles språk, men forutan Trøndelag, var det i realiteten lite grundtvigiansk kristendomsforståing i ungdomsrørsla utover det symbolske, skriv Thorkildsen (1996:233-239).

Det er hevd at målsaka og rikspolitikk hovudsakleg var ei interesse for leiarane på regionsplanet og NU og i mindre grad i grunnorganisasjonen (Hoel 2011:53, 188; Klippenberg 1995:65,142; Tvinneim 1981:141).⁵⁹ Tidlegare er det peikt på at særleg ungdomslag på Austlandet ikkje meldte seg inn i landsorganisasjonen på grunn av den ideologiske forankringa til organisasjonen (Steinsland 1981, kap 4: 5-9; Warholm 2002:107-108).

5.3.2 Venstre intensiverer kulturnasjonalismen

Denne bolken skal sjå på den unionsaktivistiske fløya av Venstre. Hovudfokuset er korleis nederlaget i høve unionsaka sommaren 1895, stimulerte ei kursendring for å oppretthalde det folkelege engasjementet *for* unionsoppløysing.

Freistnad om sjølvstyre ovanfor Sverige fekk først utløp gjennom konsulatsaka. I 1892 vedtok Stortinget at å arbeide for å få eit *norsk* konsulatvesen (Nerbøvik 1999:197). Dette arbeidet nådde eit høgdepunkt våren 1895: Sverige kravde unionsrevisjon, sa opp mellomkrigslova og auka krigskreditiva nokre dagar seinare. Noreg og Sverige risikerte no borgarkrig, men venstrekoalisjonen slo sprekkar og ga etter for den svenske strategien: 7. juni vedtok Stortinget at arbeidet med unionsoppløysing skulle ta slutt (Hoel 2011:170-171; Nerbøvik 1999:197-200; Rokkan 2010:124).

Nederlaget i 1895 vart eit tilbakeslag for dei unionskritiske innan Venstre (Hoel 2011:179). No vart det retta fokus på behovet for ein kulturell ny-orientering: Mobilisering kring unionsoppløysing måtte byggjast opp nedanfrå og *folket* måtte samle seg bak det same kulturelle og politiske plattforma (Hoel 2011:171-175).⁶⁰

Ungdomsrørsla var eit potensielt middel i denne strategien (Nerbøvik 1999:200). Blant Venstre-politikarar var håpet at ungdomslaga kunne fungere som *rekrutteringsplattform* for ‘Venstre-haldninga’ (Mjeldheim 1984:396). Ungdomslag kunne soleis mobilisere og sosialisere dei som enno ikkje hadde røysterett (jf. Furseth 1999:79; Jenkins 1983:537-538; Stenius 2010:23).

Landsskipnaden, NU, vart etablert i 1896 og markerte ein kraftig vekst talet på foreiningar og medlemmar i ungdomsrørsla (Hoel 2011:175; Thorkildsen 1996:199-200). Freistnaden om å

⁵⁹ Desse poenga finn ein igjen i den første formålsparagrafen til Noregs Ungdomslag: «Det norske ungdomslag vil arbeide for en opplyst og nationalt tenkjande ungdom» (Klippenberg 1995:42).

⁶⁰ Halvdan Kohts tale på eit ungdomsstemne veka etter unionskriza blir trekt fram som eit døme på denne ny-orienteringa: «Me hev nyleg tapa – og tapa stygt – i ein stor nasjonal strid (...) Det gjeld aa arbeida for, at ikkje noko slikt kan hende ein gong til. Med andre ord: det gjeld um aa reisa ei ny folkekjensle, ein ægte norskdom i landet» (som sitert i, Hoel 2011:171).

skipe landskipnad var basert på at einskilde ungdomslag måtte gå saman i kvar sine fylkeslag, som vidare kunne danne eit landslag.⁶¹

Til skipingsmøte av landsorganisasjonen møtte i alt sju fylkeslag/samlag (Steinsland 1981, kap 4:3). Desse representerte 129 ungdomslag, medan heile 235 lag vart ståande utanfor. Blant dei seks laga var særleg Romsdal og Sunnmøre godt representert (Steinsland 1981, kap 4:9).⁶²

Fleire i leiinga av NU hadde koplingar til Venstre-foreiningar eller venstresympatiske aviser (Hoel 2011:172-173; Steinsland 1981, kap 4: 6). Venstrefolk stod soleis bak *noko* av denne motivasjonen for kulturell sosialisering av befolkninga gjennom ungdomsrørsla, men Venstre var pådrivar i ein prosess som allereie var emning (Hoel 2011:174: Steinsland 1981, kap 4:1-5). Slik påverka den Venstre-dominerte staten, om enn indirekte, ein kollektiv aktør ved å inkludere den i den politiske prosessen (jf. Kjellman 2007:79-82, 104)

Ungdomslag eksisterte før 1895, men særleg etter unionskrisa vart rørsla sentralisert og inklusiv, ved å skulle samle ‘folket’ (jf. Jenkins 1983:539). Difor er det interessant å granske nærare om eit ungdomslag/fylkeslag vart stifta før eller etter nederlaget 7. juni 1895. Slik kan ein vurdere om den var eit fenomen nedanfrå, eller ovanfrå, i etterkant av Venstres freistnad på spesifikk nasjonal mobilisering.

Den politiske prosessen med Venstre i spissen kan dimed fortelje oss *noko* om *kvifor* mange ungdomslag oppstod i formell form i 1890-åra. For å granske *korleis* rørsla mobiliserte skal resten av dette underkapittelet omhandle dei tre *samlaga* i Romsdals Amt (jf. Chester og Welsh 2011:7-8; Furseth 1999:45, 49).

5.3.3 Etableringsfasen: respons nedanfrå eller ovanfrå?

Dette stykket skal granske opphavet til ungdomsrørsla og samlaga i Romsdals Amt. Var etableringa ein respons på unionskrisa i 1895?

⁶¹ Steinsland (1981, kap 1: 2-3) syner at det fantes *nokre* fylkeslag/samlag allereie: «det gald Ungdom forbundet Breidablikk (1893), fylkeslag i Vest-Agder (1893), Sunnmøre Ungdomslag (1894) og eit fylkeslag i Rogaland /vedtaket vart gjort i 1894, skipinga i 1895». Vidare vart det i opptakta til skipingsmøtet for landslaget etablert lag i/på Nordmøre, Romsdal, Nordfjord, Telemark og Aust-Agder.

⁶² Av desse seks frammøtte fylkeslaga hadde Romsdal og Sunnmøre flest einskildlag med henholdsvis 28 og 32. Eidsiva hadde 15 lag, Innrønderlag 23, Aust-Agder 11 og Telemark 20 lokallag.

På Nordmøre vart fylkeslaget ‘Nordmøre Ungdomssamlag’ stifta i Kristiansund 5. oktober 1895, altså etter ‘unionskrisa’. På Skipingsmøtet – som må seiast å ha eit elitepreg⁶³ – vart det vedtatt at dei frammøtte fekk i oppgåve å etablere sine eigne lag, slik at ein ved neste årsmøte kunne foreta ein meir fullstendig organisering.⁶⁴ Den første formannen – J. Hestens – var redaktøren i venstreavisa Romsdalsposten og leiar for ‘Romsdals Amtsvenstreforening’ (Hals 2005:165,168).

Noko nytt møte vart ikkje haldt før oktober året etter (Dette var også siste møte før 1899). Styret skriv at lagets aktivitet har vært «ubetydelig» utanom foredragsverksemd av folk frå leiinga.⁶⁵ I alt er det 20 lokallag innmeldt.⁶⁶ Styret forklarar at den låge aktiviteten med at året skulle fungere som ei etableringsperiode for lokallaga.⁶⁷

Når det då, året etter, eksisterer 20 innmeldte lag kan ein anta at denne tanken har vorte imøtekome, anten av styret eller utanforståande. Truleg fantes det aktive ungdomslag på Nordmøre ungdomslag før samlaget.⁶⁸

Samanfatta var samlaget på Nordmøre skipa av nokre få personar i etterkant av unionskrisa. Først etter at samlaget vart etablert slutta det seg til medlemslag, som vidare synte låg interesse for samlaget.

I Romsdal, vart tanken om eit ‘Romsdals Ungdomssamlag’ reist i samband med eit stemne 24. juni 1895 – altså tett i etterkant av ‘unionskrisa’ (7. juni) (Hoel 2011:171). Initiativtakar var amtskulebestyrar A. O Sand, og hans føremål var å få etablert eit samlag for

⁶³ Styrets oppgjevne yrkestitlar: Redaktør Hestnes, kirkesanger Maurstand, stortingsmann Meisingset, amtskolebestyrer Skuggevik og postmester Kaam (Skipingsmøte. 5. oktober 1895. Forhandlingsbog for Nordmøre Ungdomslag 1895-1921).

⁶⁴ Skipingsmøte. 5. oktober 1895. Forhandlingsbog for Nordmøre Ungdomslag 1895-1921.

⁶⁵ Aarsberetning. 4. oktober 1896. Forhandlingsbog for Nordmøre Ungdomslag 1895-1921.

⁶⁶ Olsvik (1970:7) meiner at sidan det i 1896 alt var 20 lokale lag innmeldt i Nordmøre Ungdomslag, kan ein anta at nokre av desse også eksisterte før samlaget vart skipa året før. Om medlemstalet skriv Olsvik (170:22) at det ikkje er opplyst om medlemstal for ungdomsrørsla på Nordmøre før i 1908. Då var det til saman 11 lag med i alt 465 medlem. Frå då av stig talet jamt fram til eit toppunkt i 1914, då det er 30 lag og 1426 innmelde.

⁶⁷ Aarsberetning. 4. oktober 1896. Forhandlingsbog for Nordmøre Ungdomslag 1895-1921.

⁶⁸ I ei *ufullstendig* oversikt over faner til ungdomslag i Noreg, står det på fana til «Ungdomslaget Ottar Birting» i Tingvoll og «Ungdomslaget Frihug» ved Ålvundfjorden på Nordmøre vart begge skipa i 1893 (Thomassen 2014: 106-107). I følgje Halse (1991:20, 150, 153) vart ‘Todalens Ungdomslag’ (Surnadal) skipa 3. mars 1891 med i alt 55 medlemmar. Steinslands (1981:11) oversikt bekreftar at Todalen Ungdomslag vart etablert 1891, og at neste laget på Nordmøre ‘Fremskridt, Tusteren’ vart skipa i 1894.

ungdomsrørsla i Romsdal.⁶⁹ Det vart antatt at omlag 2000 folk møtte til skipingsstemnet, og at det var representantar frå 19 av dei 25 ungdomslaga som ein *antok* alt eksisterte i Romsdal.⁷⁰

For å arbeide med sjølve formaliseringa av samlaget vart det valt ei nemnd, beståande av Sand sjølv, redaktør Nøsen og klokkar Lødøen.⁷¹ Nøsen var redaktør i den venstrepolitiske avis Romsdals Budstikke frå og med 1896, venstrepolitkar og ordførar i Molde frå 1900 til 1902 (Langnes 2005:128).

I hovudsak var samlaget i Romsdal etablert *etter* unionskrisa, i samarbeid med allereie-eksisterande lag og einskildpersonar. Lokalaga synte stor interesse for samlaget i skipingsfasen.

Soga til Sunnmøre Frilyndte Ungdomssamlag byrjar ved eit stemne sommaren 1893.⁷² Truleg var initiativtakar ‘Hovdebygda Ungdomslag’ (Ørsta). I følgje Tvinneim (1981:45) hadde fleire personar knytt til dette miljøet gådd på skule i Volda i 1880-åra og seinare skipa eit ungdomslag 1888.⁷³ Men me veit også at det allereie fantes 24 ungdomslag, samt liknande lag, på Sunnmøre før 1893.⁷⁴

Sjølve organisasjonen vart etablert året etter, då representantar frå til saman 11 lag vedtok lover for eit *samlag*. Dette skjedde parallelt med utviklinga for ‘songarlaga’ på Sunnmøre som òg arrangerte eigne stemne. Plana til det nyskipa samlaget vart soleis å få desse retningane til å slå seg saman.⁷⁵

⁶⁹ I ein fotnote på Førstesida datert. 17. september 1924. forklarar A.O Sand at stemnet sommaren 1895 var den eigentlege skipingsdagen fordi formålet var nettopp å få i gang ei samlag for dei allereie-eksisterande laga i Romsdal (Framsida. Forhandlingsprotokoll for Romsdals Ungdomslag 1895-1909).

⁷⁰ Ser ein nærrare på lokalnivået. Vart det i Romsdal stifta i alt 16 foreiningar før 1895. Av desse var 8 lag stifta i 1894 (Heggdal mfl. 1925:335-336; Steinsland 1981:11). Med andre ord eksisterte det fleire miljø som seinare glei inn i det som skulle identifiser seg som ‘den frilyndte ungdomsrørsla’ fleire år før ‘unionskrisa’.

⁷¹ Skipingsmøte. 24. september 1895. Forhandlingsprotokoll for Romsdals Ungdomslag 1895-1909.

⁷² Referat. 1893. Møtebok for Sunnmøre Frilynde Ungdomssamlag 1893-1922.

⁷³ Som antyda i førige kapittel - og elles mykje handsama i den regionale forskinga - har det eksisterte ein ‘akademisk’ kultur i dette området sidan 1700-talet. Denne tradisjonen blir vanlegvis spora attende til presten Hans Strøm og ‘arvtakaren’ hans, Sivert Aarflot, som oppretta det første avis- og boktrykkjeriet på den norske landsbygda (Fet 1995:58)

⁷⁴ På Sunnmøre var det til dømes på Stranda eit samtalelag frå 1875, samt eit songlag, utvikla seg til eit ungdomslag 1893, etter initiativ frå presten i bygda (Gjærde og Kjølås 1968:15-20). Steinslands (1981, kap 1: 11) gransking oppgjev at det i alt var 24 ungdomslag før 1895: i 92 kom 3 lag til, medan for både 93 og 94 vart 8 lag innmeldt.

⁷⁵ «Det vart ordskifte um ei samskiping av dei frilynde ungdomslagi paa Sunnmøre og um songarstemnor saman med dei paatenkte aarlige ungdomsstemnor (for songarlagi innan den paatenkte samskipina av ungdomslag). Ein vart einige um aa freista samskiping av dei frilynde ungdomslagi utsyver Sunnmøre. (...) Den 15de oktober møttest utsendingarne i Aalesund. Der møtte utsendingar fraa 11 lag. (...) Lover vart vedtekne, og styre valt. (...)» (Referat. 1894. Møtebok for Sunnmøre Frilynde Ungdomssamlag 1893-1922). Ingen konkrete lover vart nedtekna men ved ei lovedenring i 1902 lyd føremålsparagrafen som følgjer: «§1. Ungdomslaget hev til

I ulikskap med Normøre og Romsdal eksisterte det eit samlag for ungdomsrørsla på Sunnmøre før ‘unionskrisa’. Mange lokallag var delaktig i etableringa, men truleg var einskilde miljø meir dominerande.

Granskinga syner soleis at for alle tre områda truleg fantes *mobiliserbare* grupper i forkant av Venstres nasjonale mobilisering i 1895 (jf. Furseth 1999:77). Den største ulikskapen var at på Nordmøre var ingen lokallag med i etableringa av samlaget, medan i Romsdal og på Sunnmøre var mange lokallag *delaktig* i denne prosessen.

5.3.4 Samlagas tilhøve innad

Denne bolken skal sjå nærmare på dei interne tilhøva i samlaga. Både i styret og til dei underliggjande medlemslagene..

I Nordmøre Ungdomslag var det som nemnt ingen møteaktivitet mellom oktober 1896 og september 1899. Av dei i alt 20 laga innmeldt 1896, var det berre ni som møtte på møtet 1899.⁷⁶ Styret meldar at arbeidet, i likskap med tre år før, måtte karakteriserast som «ubetydelig». Foredragsverksemda som hadde vore gjort vart omtala som ein fiasko grunna liten interesse frå lokallaga.⁷⁷

Utanom foredrag var det skiping av årsstemne som opptok styret. Årsstemnet i Todalen sommaren 1900 var dimed det første *sjølvstendige* stemnet ein veit vart arrangert i regi av Nordmøre Ungdomssamlag.⁷⁸ Etter hundrearsskiftet er det overlapping mellom stemne og årsmøte.⁷⁹ For framtida var samlagets mål å arrangere fleire *lokale* stemner rundt om på Nordmøre, skaffe föredragshaldar, og oppfordre medlemslag til avistingsing.⁸⁰

Etter dei inaktive åra vart föredrag framleis mykje veklagt då møteverksemda vart tatt opp att (jf. 5.3.3). For å mobilisere kring dette freista styret å arrangere ein ‘samankomst’ i Kristiansund der lokalaga vart oppfordra til å kontakte «lærere, agronomer, prester, jurister og andre om at faa dem til at holde foredrag over almennyttige emner».⁸¹

fyremaal aa arbeida for norskdom, fridom og upplysning.» (Årsmøte/årsmelding. 24. juni 1902. Møtebok for Sunnmøre Frilynde Ungdomssamlag 1893-1922.).

⁷⁶ Aarsmøde. 23. september 1899. Forhandlingsbog for Nordmøre Ungdomslag 1895-1921.

⁷⁷ Aarsberetning. 23. september 1899. Forhandlingsbog for Nordmøre Ungdomslag 1895-1921.

⁷⁸ Det er ikkje oppgjeve om det var Todalen i Aure eller Surnadal (Aarstevnet. 9. juni 1900. Forhandlingsbog for Nordmøre Ungdomslag 1895-1921).

⁷⁹ Aarstevna. 29. juni 1901. Forhandlingsbog for Nordmøre Ungdomslag 1895-1921.

⁸⁰ Styremøte. 17. august 1901; Styremøte. 8. mai 1902. Forhandlingsbog for Nordmøre Ungdomslag 1895-1921.

⁸¹ Bestyrelsesmøde. 29. desember 1899. Forhandlingsbog for Nordmøre Ungdomslag 1895-1921.

Styremøtet våren 1902 blir opplyst å vere eit styremøte i etterkant av «eit lite ungdomstemne». No vart det fatta å arbeide for skogsaka ved å kjøpe inn ei bok emnet og dele ut til lokallaga.⁸²

Dei interne tilhøva i ungdomsrørsla på Nordmøre framstår som krevjande. Det var låg interesse kring samlagets aktivitetar. Vidare arrangerte samlaget få stemne og hadde låg møtefrekvens og få oppfordringar til lokallaga.

Som nemnt møtte det fram om lag 2000 menneske frå 19 ungdomslag på etableringsstemnet for Romsdals Ungdomslag i 1895.⁸³ Året etter, vart stemnet lagt til Molde – Romsdalens største by med om lag 1700 innbyggjarar (Innbyggjaratal frå 1900 i, Tvinneim 1992:274). Styret omtala stemnet som ein suksess, og estimerte at omlag 3000 menneske møtte fram til demonstrasjonstoget gjennom byen.⁸⁴

Også stemnet i 1897 vart arrangert i Molde med godt oppmøte: Til toget, som gjekk gjennom byen, møtte det fram 1700 menneske, men til talane og føredraga antok styret at omlag 3000 fekk med seg.⁸⁵

I Romsdal vart det på skipingsmøtet i 1895 vedtatt at samlagets formål var å arbeide for ungdommens ‘opplysning’ og ‘forståing’ for tidsaktuelle saker. Alle lokallag som freista å oppnå dette målet var velkomne i samlaget.⁸⁶ På det andre styremøtet vart det furore då ein sokneprest føreslo at formålsparagrafen skulle ha ein langt meir konkret *kristen* orientering. Dei påfølgjande protestane meinte det kristelege ikkje burde være *nemnd* i lova, nettopp fordi det kristelege ikkje skulle være ein del av foreiningas verksemd, og sokneprestens forslag vart nedstemt.⁸⁷

Mellan 1898 og 1901 såg me ein nedgang i aktivitetsnivået til samlaget. Mange lokallag har byrja å melde inn om nedlagt verksemd, grunna mangel på leiing, interesse og forsamlingslokale. Stemnet i 1898 haldast utanfor Molde (Veøy) og står fram som eit lite arrangement.⁸⁸ Stemnet i 1899 haldast i Molde med eit oppmøte på omkring 1500

⁸² Styremøte. 8. mai 1902. Forhandlingsbog for Nordmøre Ungdomslag 1895-1921.

⁸³ Framsida. Forhandlingsprotokoll for Romsdals Ungdomslag 1895-19091.

⁸⁴ Referat. 28. juni 1896. Forhandlingsprotokoll for Romsdals Ungdomslag 1895-1909.

⁸⁵ Referat. 9. september 1887. Forhandlingsprotokoll for Romsdals Ungdomslag 1895-1909

⁸⁶ Skipingsmøte. 24. september 1895. Forhandlingsprotokoll for Romsdals Ungdomslag 1895-1909.

⁸⁷ Styremøte 30. desember 1895. Forhandlingsbok for Romsdals Ungdomslag 1895-1909.

⁸⁸ Referat. Udatert, antakeleg skreve mellom 19. september 1898 og 10. august 1899. Forhandlingsprotokoll for Romsdals Ungdomslag 1895-1909.

menneske.⁸⁹ Året etter held den negative trenden fram: Omlag 400 møtte til stemnet i 1900.⁹⁰ Styrets løysing på rekrutteringsproblema var meir byråkratisk kontroll: berre gjennom årsmeldingar frå lokallaga kan styret få naudsynt kunnskap til «at holde organisationen sammen».⁹¹

Det ser ut til at samlagets tiltak hadde positiv effekt. Året etter har fleire lokallag bygd seg forsamlingshus, eller byrja å spare pengar med dette formålet.⁹² I tillegg antek styret at om lag 800 møtte fram på stemnet (Nesjestranda).⁹³

Sjølv om protokollen til samlaget var skiven på riksmål, var samlaget positiv til målsaka. Våren 1896 oppfordra ungdomslaget Eidsiva om å stille seg bak ei anmodning til Stortinget om å få grunnlova utgjeve på landsmål. Styret i Romsdal stilte seg positivt og oppfordra vidare sine tilslutta lokallag å ta stilling til dette: I alt 17 lokallag i Romsdal vart med på henstillinga.⁹⁴

Eit av måla til NU var å skaffe foredragshaldarar til samlaga (Klippenberg 1995:41).⁹⁵ Denne målsettinga meinte samlaget i Romsdal ikkje vart oppfylt godt nok, og til sist var tolmodet slutt:⁹⁶ I 1903 oppfordra styret kvart einskild lokallag til å ta stilling til utmelding frå landslaget og truga med å auke kontingenzen om ein framleis skulle vere medlem.⁹⁷ Sommaren året etter vart det slått fast at samlaget vart *værande* i landslaget.⁹⁸

Ungdomsrørsla i Romsdal står fram dei første åra i som velorganisert. Det var stor oppslutning kring samlagets arrangement og mange medlemslag, særleg fram til århundreskiftet. Styret synte intern einsemd då fleirtalet røysta ned forslaget om ein kristen forankring på kostnad av det sekulære/radikale.

Skiping av samlaget i Romsdal vart initiert av den første formannen, men i samarbeid med mange einskildlag. Denne nære relasjonen mellom leiing og lokalplan kan forklare den store oppslutninga og tette koplinga dei første åra (jf. Furseth 1999:76). Styret fungerte som eit

⁸⁹ Referat. Udatert, antakeleg skreve mellom 10. august 1899 og 25. april 1900. Forhandlingsprotokoll for Romsdals Ungdomslag 1895-1909.

⁹⁰ Referat 25. juni 1900. Forhandlingsprotokoll for Romsdals Ungdomslag 1895-1909.

⁹¹ Årsberetning. 1900-1901. Forhandlingsprotokoll for Romsdals Ungdomslag 1895-1909.

⁹² Årsberetning. 1901-1902. Forhandlingsprotokoll for Romsdals Ungdomslag 1895-1909.

⁹³ Referat. 25. juni 1901. Forhandlingsprotokoll for Romsdals Ungdomslag 1895-1909.

⁹⁴ Styremøte. 8. desember 1896. Forhandlingsprotokoll for Romsdals Ungdomslag 1895-1909.

⁹⁵ Føremålsparagrafen: «Norlig Ungdomslag vil arbeide for folkeleg upplysing paa fullnorsk grunn og for samhald og samyrke millom landsens ungdom» (Som sitert i, Klippenberg 1995:42).

⁹⁶ Årsberetning. 1901-1902. Forhandlingsprotokoll for Romsdals Ungdomslag 1895-1909.

⁹⁷ Bestyrelsesmøde. 8. november 1903. Forhandlingsprotokoll for Romsdals Ungdomslag 1895-1909.

⁹⁸ Ombudsmøde. 25. juni 1904. Forhandlingsprotokoll for Romsdals Ungdomslag 1895-1909.

mellomledd mellom NU og lokallaga, og freista å oppretthalde denne stillinga ved å sosialisere medlemslaga gjennom årsmeldingar, kontingenoten og anmodningar (jf. Furseth 1999:79). Vidare var styret sameint om den ideologiske retninga, noko forkastinga av forslaget om ein kristen føremålsparagraf synte (jf. Furseth 1999:76-77; Oberschall 1978:307).⁹⁹

I ungdomsrørsla på Sunnmøre vart stemna i 1893 og 1894 arrangert i Ørsta/Volda-området. Året etter vart stemnet arrangerert i Ålesund. Stemnet i 1896 vart lagt til Stranda og det meldast om «mykje folk frammøtt». I 1897 er stemnet tilbake i Ålesund, også denne gongen skal det ha vore «mykje folk frammøtt». Stemnet i 1898 vart lagt til Aasentunet i samband ei avduking av eit minnesmerke over Ivar Aasen. I alt skal det ha møtt fram 3000 menneske til dette stemnet.¹⁰⁰

I året 1898-99 vart fokuset til samlaget å hjelpe dei einskilde medlemslaga. Mangelen på føredragshaldarar vart reist som ei forklaring på kvifor aktiviteten i mange lokallag hadde stagnert.¹⁰¹ Som mottiltak ville samlaget den komande tida arbeide for å skaffe einskildlaga føredragshaldarar og økonomiske midlar.

Me såg i etableringsfasen at ungdomsrørsla på Sunnmøre var desentralisert: det var mange lag med i etableringsfasen (jf. 5.3.3). Det desentraliserte preget gjer seg også gjeldande dei første åra i organisasjonen, ved at aktørar innan rørsla opponerte mot det etablerte styret:

Tanken om eige blad vart drøfta på stemnet i 1895, men «ein saag seg ikkje syn med det».¹⁰²

I 1898 vart det so forhandla med ‘Yggdrasil’ om å nytte denne avisas som kanal for samlaget.¹⁰³ Under forhandlingane lanserte samlagets bladstyrar – Ivar Flem – planar om eit eige alternativ til ‘Yggdrasil’. Noko som fekk formannen (Vassbotn) til å irettesette Flem for å handle uavhengig av kva styret hadde bestemt.¹⁰⁴ Flem hadde overtatt som redaktør for den

⁹⁹ I følgje Steinsland (1981, kap1:18) utmerka Romsdal seg i etableringsfasen til ungdomsrørsla i Noreg ved at «skilje-linjene mellom frisinna ungdomslag og kristne foreiningar å vere mindre prega av religiøse motsetningar enn det som var vanleg på mange andre stader. To kristne foreiningar vart såleis med i Romsdals Ungdomslag, i 1895 og 1896.». Me har sett at *noko* strid var det (jf. 5.3.4).

¹⁰⁰ Referat. 1893; 1893; 1895; 1896; 1897; 1898-1899. Møtebok for Sunnmøre Frilynde Ungdomssamlag 1893-1922.

¹⁰¹ Referat. 1898-1899. Møtebok for Sunnmøre Frilynde Ungdomssamlag 1893-1922.

¹⁰² Referat. 1895. Møtebok for Sunnmøre Frilynde Ungdomssamlag 1893-1922.

¹⁰³ I følgje Steinsland (1981, kap2: 3) hadde det allereie i 1895 vore eit innlegg i ‘Unge Skud’ det på stemnet i 95 hadde vore nedstemt eit forslag om eiga avis for ungdomsrørsla på Sunnmøre. «Tvert om vart det åtvara mot eit nytt ungdomsblad i Ålesund, av omsyn til tingartalet for ‘Unge Skud’..». Ålesundsavisa ‘Yggdrasil’ trekkjast fram som eit ‘frisinna ungdomsblad’, men fekk ei redusert rolle grunna den sterke posisjonen til ‘Unge Skud’ på Vestlandet generelt, og venstreavisen ‘Sunnmørspostens’ tilknyting ungdomsrørsla på Sunnmøre (Steinsland 1981, kap3: 3).

¹⁰⁴ Referat. 1898-1899. Møtebok for Sunnmøre Frilynde Ungdomssamlag 1893-1922.

venstresympatiske ålesundsavisa Sunnmørsposten i 1894 (Alme 2005:105). Vassbotn var del av ‘Riste-kollektivet’ og ungdomslaget i Ørsta/Volda (jf. 5.2.2).

Denne interne maktkampen kom òg fram nokre år seinare: Styret ville opprette ei stipendordning i samband med Møre Folkehøgskule i Ørsta. Grunngjevinga var den ideologiske og praktiske tilknytinga mellom ungdomsrørsla og folkehøgskulen.¹⁰⁵ Vedtaket møtte motbør, og Flems forslag om å kansellere stipendordninga vart vedtatt «med stort fleirtal».¹⁰⁶

Gjennom året 1904 var aktivitet til samlaget hovudsakeleg retta mot å opprette ei ‘Kaffistove’ i Ålesund.¹⁰⁷ Arbeidet med kaffistova opptok styret ut 1904 og fram til opninga 7. juni 1905.¹⁰⁸ Opprettiging av eigen kafé syner særleg to ting: At samlaget ville etablere ei kvardagsleg inntektskjelde, og dimed integrere seg sjølv i bybilete og skape ein offentleg arena rørsla har kontroll over sjølv.

Ungdomsrørslas på Sunnmøre hadde høg aktivitet dei første åra, som i likskap med Romsdal stagnerte noko kring hundreårsskifte. Mange lag var med i etableringsfasa av samlaget, truleg med eit miljø frå Ørsta/Volda i brodden.

På Sunnmøre hadde samlaget hatt utgangspunkt i fleire lokallag. Aktiviteten dei første åra hadde stor oppslutning frå lokalaga. Vidare såg me at det interne arbeidet ovanfor andre aktørar vart ved fleire høve stoppa på grunn av intern opposisjon og styret. Desse sakene kan indikere splid i leiinga med opphav i interessekonfliktar mellom Ålesunds-området på den eine sida, og Ørsta/Volda på den andre (jf. Oberschall 1978:30). Det desentraliserte opphavet kan underbyggje at styret kan ha vore oppfatta som partisk ovanfor einskilde område og dimed ikkje fekk tilstrekkeleg autoritet (jf. Furseth 1999:76-77).

Alle dei tre samlaga har tidsrom med stagnasjon, men til ulik tid: På Nordmøre kjem nedgangstida tidlegare. I Romsdal og på Sunnmøre går det lengre tid før ein ser denne negative tendensen. Rørsla var svak og sentralisert på Nordmøre. I Romsdal var det ei aktiv leiing og mange lokallag. På Sunnmøre var det mange lokallag og tendensar til intern splid i styret. Likt for alle tre områda var at nokre aktørar/miljø står fram som meir framtredande.

¹⁰⁵ Styremøte. 20. juni 1903. Møtebok for Sunnmøre Frilynde Ungdomssamlag 1893-1922.

¹⁰⁶ Årsmøte. 22. juni 1903. Møtebok for Sunnmøre Frilynde Ungdomssamlag 1893-1922.

¹⁰⁷ Styremøte. 22. mai 1904. Møtebok for Sunnmøre Frilynde Ungdomssamlag 1893-1922.

¹⁰⁸ Årsmelding 1904-1905. Møtebok for Sunnmøre Frilynde Ungdomssamlag 1893-1922.

5.3.5 Samlagas tilhøve utad

Dette stykket skal ta for seg dei tre samlagas tilhøve utad, altså korleis samlaga freista å mobilisere utanforstande personar/organisasjonar som var sympatiske ovanfor rørsla, samt tilhøvet ovanfor NU. Målet er å granske dei *eksterne* rekrutteringsstrategiane til dei tre samlaga (jf. Jenkins 1983:537-538).

På Nordmøre var samlagets tilhøve ovanfor landsorganisasjonen passivt. Då NU vart skipa i 1896 hadde samlaget på Nordmøre berre sendt ei støtteerklæring, ikkje eigen utsending.¹⁰⁹ Ei konkret innmelding vart gjort då samlaget tok opp att møteverksemda i 1899. På styremøtet vart det då drøfta og vedtatt å melde seg inn i «landsungdomslaget».¹¹⁰

Dei komande fire åra er samlagets tilhøve til NU avgrensa til å vidareformidle publikasjonar utgjeve av NU.¹¹¹ Val av utsending til landsmøte i landsorganisasjonen blir ut frå kjeldematerialet berre gjort i 1900.¹¹²

I møteprotokollen er det få referansar til andre lag og organisasjonar. Ved etableringa av eit ‘brennvinssamlag’ i Kristiansund, meldte styret at dei stilte seg bak avhaldssaka og oppfordra difor lokalaga til å boikotte utsalet.¹¹³

Samlaget på Nordmøre hadde lite kontakt med utanforståande organisasjonar og aktørar, inkludert NU. Det kan dimed tyde på at samlaget kan ha vegra seg noko for å melde seg inn i NU (jf. Klippenberg 1995:38). Dette kan tyde på at målet til NU ikkje hadde utstrekta støtte i lokallaga (jf. Furseth 1999:79). Med andre ord var ikkje den ideologiske appellen tilstrekkeleg for å halde oppe interessa frå lokalaga i hevd (jf. Furseth 1999:74-76; Oberschall 1978:307).

Til samanlikning med Nordmøre greidde samlaget i Romsdal betre å rekruttere og ‘utnytte’ samfunnet rundt. På skipingsstemnet til Romsdal Ungdomssamlag heldt avisredaktør L. Nøsen og lagmann W.S Dahl tale.¹¹⁴ Ved stemnet i Molde året etter talte blant anna Hans

¹⁰⁹ Steinsland (1981:kap4:6) knyt koplinga mellom ‘Nordmøre Ungdomslag’ og ‘Noregs Ungdomslag’ til Hestnes og Meisingset som begge var styremedlem i ‘Romsdals Amtvenstrelag’, og medlem av det første styret i samlaget på Nordmøre.

¹¹⁰ Bestyrelsesmøde. 29. desember 1899. Forhandlingsbog for Nordmøre Ungdomslag 1895-1921.

¹¹¹ Styremøte. 3. mai 1901. Forhandlingsbog for Nordmøre Ungdomslag 1895-1921; Styremøte. 1. mars 1903. Forhandlingsbog for Nordmøre Ungdomslag 1895-1921.

¹¹² Referat. 9-10. juli 1900. Forhandlingsbog for Nordmøre Ungdomslag 1895-1921

¹¹³ «Ungdomen i Nordmøre fylkeslag hev sett upp avholdsaki paa arbeidslista ei. Naar dei daa no i Kristiansund vil faa upp att bennevins-samlaget, lyt me difor paa det sterkeste segja i mot og innrengjande beda kvar sann ungdomsven i byen, som hev tankar fyr ungdomen i nefort (?) og lukkeleg framtid, at dei aldri gjeng eto og gi eitt port til det.» (Styremøte. 8. mai 1902. Forhandlingsbog for Nordmøre Ungdomslag 1895-1921).

¹¹⁴ L. Nøsen var redaktør i Romsdals Budstikke (Langnes 2005:128), medan Walter Scott Dahl er mest kjent som aktor i riksrettsaka mot Selmer-regjeringa i 1884 (Tvinnereim 1990:348).

Thiis Møller.¹¹⁵ Stemnet vart truleg sett på med milde auge i byen, for året etter vart stemnet lagt til byen på nytt.¹¹⁶ Nærare bestemt i lokala til Molde Skule kor «bestyreren velvillig havde overladt lokaler og gårdsplads».¹¹⁷

Koplinga til landsmåls-pressa var sterk frå byrjinga: Allereie hausten 1895 bestemte styret at kommunikasjonen til lokallaga skulle gå gjennom ‘Unge Skud’.¹¹⁸ Tanken om ei eiga avis for ungdomslaga i Romsdal vart reist av redaktør Nøsen i 1896. På grunn av dei store utgiftene dette ville medføre vart det heller takka ja til eit tilbod frå Romsdals Budstikke – avisa Nøsen no også vart redaktør for (Langnes 2005:128).¹¹⁹

Rundt århundreskiftet stagnerte aktivitetsnivået, grunna manglane økonomiske midlar. Dette freista styret å løyse ved å søke offentleg og private stønad.¹²⁰ Både i 1902 og 1903 vart «Molde brændevinssamlag» spurt om økonomiske bidrag.¹²¹ Denne taktikken grunnla styret i ei lovendring om statleg regulering av brennevinssal, og dimed «påbudt afsættelse af et bestemt beløp til bedste for landdistriktene».¹²² ‘Brendevinsamlaget’, i tillegg til Molde Sparebank, følgde opp søknaden og gav økonomisk støtte til samlaget.¹²³ Desse pengane resulterte i eitt av årets to husflidskurs. Det andre vart arrangert «væsentlig af statsmidler».¹²⁴

Miljøet kring Romsdals Ungdomssamlag var delaktig i etableringa av landslaget (Klippenberg 1995:39-40). Styret sendte tre representantar til skipingsmøtet i Trondheim 1896.¹²⁵

Formannen i samlaget vart også valt inn i det første landsstyret (Klippenberg 1995:40). I sjølve unionsoppløysingsåret spurde NU om å få legge sitt neste stemne og årsmøte til Romsdal (Vestnes), eit tilbod samlaget aksepterte.¹²⁶

Tilhøvet til lekmannsrørsla blir aktualisert i høve planlegging av stemnet 1903, som styret freista å legge til Vestnes. Stemnet vart avlyst to gonger av legen i Vestnes på grunn av utbrot av epidemi. Styret vedtok resignert at det difor ikkje kom til å bli noko årsstemne, men var

¹¹⁵ Møller var handelsmann og omtala av Tinnereim (1992; 115) som «ein av dei mektige i byen».

¹¹⁶ Ikkje alle var like fornøgde: I 30-års soga blir det sagt at Moldes ‘høgreblad’ «gøydde etter dei 12 reine flagga som stemnefolket bar gjennom gatene» (Rekdal 1925:234).

¹¹⁷ Styremøte 9. september 1887. Forhandlingsprotokoll for Romsdals Ungdomslag 1895-1909.

¹¹⁸ Styremøte 30. desember 1895. Forhandlingsprotokoll for Romsdals Ungdomslag 1895-1909.

¹¹⁹ Styremøte. 9. desember 1896. Forhandlingsprotokoll for Romsdals Ungdomslag 1895-1909.

¹²⁰ Årsberetning. 1901-1902. Forhandlingsprotokoll for Romsdals Ungdomslag 1895-1909.

¹²¹ Bestyrelsesmøde. 21. desember 1903. Forhandlingsprotokoll for Romsdals Ungdomslag 1895-1909.

¹²² Årsberetning. 1902-1903. Forhandlingsprotokoll for Romsdals Ungdomslag 1895-1909.

¹²³ Aarsberetning. 1903-1904. Forhandlingsprotokoll for Romsdals Ungdomslag 1895-1909.

¹²⁴ Årsberetning 1904-1905. Forhandlingsprotokoll for Romsdals Ungdomslag 1895-1909.

¹²⁵ Styremøte 28. juni 1896. Forhandlingsprotokoll for Romsdals Ungdomslag 1895-1909.

¹²⁶ Årsmøde. 24. juni 1905. Forhandlingsprotokoll for Romsdals Ungdomslag 1895-1909.

samstundes mistenksam til prosessen, sidan det *vart* arrangert eit stort misjonsmøte på Vestnes då epidemien herja, utan at det vart avlyst av legen.¹²⁷

Samlaget i Romsdal hadde ei inkluderande linje ovanfor andre aktørar, einskildpersonar, utanforståande organisasjonar og staten. Vidare såg me at lekmannsrørsla, om enn gjennom ein tredjepart, vart ansett som ein rival, trass i at det kristne aspektet gradvis vart meir del av samlagets profilering.

For Romsdal såg med at samlaget kommuniserte med andre organisasjonar i lokalmiljøet, både i samband med arrangement og freistnadar på økonomisk støtte. Dette tyder på at samlaget greidde å mobilisere andre aktørar som var sympatiske til rørsla (jf. Edwards og McCarthy 2006:125-128). Også ovanfor NU hadde styret nære koplingar, og NU la eit av sine årstemne til Romsdal. Både ovanfor skulen, brennvinnssamlaget og staten hadde samlaget i Romsdal ein *inkluderande* strategi dei kunne dra nytte av i mobiliseringa ved å få økonomiske midlar (jf. Jenkins 1983:539).

Vidare var dette døme på korleis staten, gjennom lovendringar, opna politiske moglegheiter ein sivil organisasjon som ungdomsrørlas kunne utnytte, noko samlaget i Romsdal då også gjorde (jf. Kjellman 2007:92, 102; Kriesi 2006:69). Nærare århundreskiftet ser me at det kristelege blir meir ein del av samlagets profil, moglegvis ein konsekvens av samansetninga i styret. Samstundes såg me at lekmannsrørsla og sympatisørar framleis var *ansett* som ein potensiell rival (jf. Gerlach and Hine 1968:26-37).

I etableringsfasen til samlaget på Sunnmøre såg me at styret freista å slå saman ‘songarlaga’ og ‘ungdomslaga’. Denne inkluderande linja vart vidareført til andre organisasjonar: som kunne tenkjast å vere *rivalar*: Stemnet sommaren 1903 vart arrangert i lokala til Arbeidarforeininga i Ålesund og på festen heldt «Byfut Rønneberg» talen.¹²⁸ Seinare på året, i samband med å skaffe føredragshaldarar og kurs, freista samlaget å samarbeide med ’Møre og Rauma maallag’, ’Kristelige ungdomsforbund’ og amtets skogplantingsselskap.¹²⁹

Særleg tilhøvet til kristne aktørar er særmerkt for rørsla på Sunnmøre. I ungdomsrørsla på Sunnmøre var det religiøse (lekmannsrørsla), tidleg delaktig på årstemna til samlaget. Noko seinare var òg prestar og kyrkjer ein del av aktivitetane. Dette synte det overlappande tilhøvet

¹²⁷ Årsberetning 1902-1903. Forhandlingsprotokoll for Romsdals Ungdomslag 1895-1909.

¹²⁸ Årsmøte. 22. juni 1903. Møtebok for Sunnmøre Frilynde Ungdomssamlag 1893-1922.

¹²⁹ Styremøte. 3. september 1902. Møtebok for Sunnmøre Frilynde Ungdomssamlag 1893-1922; Samlagsåret 1899-1900. Møtebok for Sunnmøre Frilynde Ungdomssamlag 1893-1922.

mellan nasjonalisme (målsak) og det ‘høgkyrkjelege’, som gjorde seg gjeldande på Sunnmøre (jf. Hoel 2011:151).

Årsstemnet i 1896 hadde både «fleirstemmig song» i bedehuset og foredrag av prost Laksegaard. På stemnet i 1897 holdt ein prest foredrag om Arne Garborg. I 1898 vart heile stemnet arrangert og prestediktaren Anders Hovden hold tale.¹³⁰

I 1900 vart heile stemnet arrangert i kyrkja.¹³¹ Sommaren 1901 vart stemnet lagt til Ørsta med eit estimert frammøte på omlag 3000 menneske. Kyrkja vart nytta til føredrag og gudsteneste «og kyrkja vart mange gonger for lita.»¹³² På stemnet i 1902 (Ørskog) tala Steinsvik om målsaka, deretter var det ‘målgudsteneste’ med soknepresten. På stemnet to år etterpå (Volda) vart det heldt gudsteneste på landsmål i kyrkja, med påfølgjande fest i både ungdomshus og bedehus.¹³³

Også på årsstemnet 1905 (24-25.juni) vart kyrkja brukt mesteparten av stemnet og presten talte. Den rikspolitiske stoda prega stemnet og samlaget vedtok å sende ei støtteerklæring til «storting og riksstyre» i samband med sjølvstendekampen. Vidare vart det også sendt telegram til kyrkjeråden «med bøn um, at det maa verta innsett norsktalande stiftskapellalar.»¹³⁴

Samlagets på Sunnmøres tilhøve ovanfor NU må karakteriserast som aktivt-deltakande: Det vart foreslått, drøfta og einsemda om å melde seg inn i NU som «tett fyrr var skipa».¹³⁵ Som Romsdal vart Sunnmøre representert både på skipingsmøte – Per Riste og Ivar Flem – òg i det første landsstyret – Anders Vassbotn (Klippenberg 1995:40). I skipingsåret, og dei påfølgjande åra, var til NU var hovudfokuset til samlaget på Sunnmøre ovanfor NU innstilt på å gjere landsorganisasjonen til ein forkjempar for målsaka.¹³⁶

¹³⁰ Referat: 1896; 1897; 1898-1899. Møtebok for Sunnmøre Frilynde Ungdomssamlag 1893-1922.

¹³¹ Som synt var dette stemnet også årsstemne for Noreg Ungdomssamlag (jf. 5.3.4). Også landsleiinga heldt den kristne profilen i hevd gjennom sine taleemna.: «Mondags morgenon heldt so formannen i Norigs ungdomsslag hr. Sven Moren foredrag – ogso i kyrkja- um: ‘Norsk kultur’, og hr. Klaus Sletten tala um: ‘Ungdomen og kyrkja’.» (Årsmelding, 1900-1901. Møtebok for Sunnmøre Frilynde Ungdomssamlag 1893-1922.

¹³² Årsmelding. 1900-1901. Møtebok for Sunnmøre Frilynde Ungdomssamlag 1893-1922.

¹³³ Årsmøte/årsmelding. 24. juni 1902. Møtebok for Sunnmøre Frilynde Ungdomssamlag 1893-1922; Referat. 24. juni 1904. Møtebok for Sunnmøre Frilynde Ungdomssamlag 1893-1922.

¹³⁴ Årsmelding. 1904-1905. Møtebok for Sunnmøre Frilynde Ungdomssamlag 1893-1922.

¹³⁵ Innmelding i landslaget var i følgje protokollen drøfta på stemnet i 1895, men landslaget vart etablert 11. juli 1896, noko som indikerer at *organisasjonsåret* gjekk mellom kvart årsstemne: altso frå sommaren til sommaren året etter (Referat. 1895. Møtebok for Sunnmøre Frilynde Ungdomssamlag 1893-1922).

¹³⁶ Referat. 1896. Møtebok for Sunnmøre Frilynde Ungdomssamlag 1893-1922.

Sommaren 1900 arrangerte samlaget på Sunnmøre og NU fellesstemne.¹³⁷ Som nemnt hadde dette stemnet eit kyrkjeleg preg, noko som syner den ideologiske dreininga i NU: frå radikalisme til ein kristeleg og moderat posisjon kring århundreskiftet (jf. Klippenberg 1995:53-55; Tvinneim 1981:102-108).

Samlaget samarbeida særleg tett med kristne. Me såg at rørsla vart akseptert av fleire prestar på *ulike* delar av Sunnmøre. Både lekmannsrørsla og høg-kyrkjelege aktørar var involverte. Me såg at koplinga mellom ungdomsrørsla og dei religiøse ofte var innretta mot målsaka. I tråd med Hoel (2011:151) syner granskninga at prestar *var* delaktig i den tidlege mobiliseringa for landsmål. Kristne aktørar var med andre ord *ikkje* ein opposisjon for samlaget (jf. Gerlach and Hine 1968:26-37). Prestane var heller ein ‘ressurs’ for ungdomsrørsla, og kyrkjene og bedehusa var ‘materielle ressursar’ stilt til ungdomsrørslas disposisjon (jf. Edwards og McCarthy 2006:125-128).

Når samlaget i 1905 opna eigen kafé syntet det ein mobiliseringsstrategi som freista å skape ein materiell ‘rekrutteringsarena’. Eit slikt lokale kunne samle medlemmane, samt vere økonomisk inntektsbringande (jf. Furseth 1999:77; Edwards og McCarthy 2006:125-128).

På Sunnmøre samarbeida samlaget med ein rad ‘utanforståande’ einskildpersonar og organisasjonar. Vidare var tilhøvet ovanfor NU aktivt. På Nordmøre var ikkje dette tilfelle, og samlaget var i hovudsak passiv ovanfor andre aktørar.

5.3.6 Frå radikalisme til moderasjon?

Denne bolken skal granske det kvalitative innhaldet i samlagas aktivitet og korleis dette endra seg frå skipinga og fram til 1905 (jf. 5.3.1). Tidlegare har det vore peikt på at ungdomsrørsla gradvis vart meir politisk moderat og kristen kring hundreårsskifte (Gripsrud 1990:110; Tvinneim 1981:115).

Som ment skulle samlaget på Nordmøre arbeide for ‘opplysning’ og ‘forståing’ av tidsaktuelle saker, og alle som ikkje var i mot dette var velkommen som medlem.¹³⁸ På årsstemnet i 1900 vart det drøfta korleis ungdomslaga kunne verke positivt for både einskildmedlem og samfunn. Programmet framover skulle tuftast på solidarisk samanknyting gjennom praktisk og ideologisk arbeid.¹³⁹

¹³⁷ Årsmelding. 1900-1901. Møtebok for Sunnmøre Frilynde Ungdomssamlag 1893-1922.

¹³⁸ Lov. 5. oktober 1895. Forhandlingsbog for Nordmøre Ungdomslag 1895-1921.

¹³⁹ Aarstevnet. 9. juni 1900. Forhandlingsbog for Nordmøre Ungdomslag 1895-1921.

Klassiske merkesakene for ungdomsrørsla vart satsingsområde til samlaget.¹⁴⁰ Det skulle arrangerast eit husflidskurs same haust, og ein skulle oppfordre alle ungdomslag til å opprette idrettslag og å melde seg inn i «norsk centralforening for idræt».¹⁴¹ I høve målsaka vart det vedtatt å få arrangert foredrag om landsmålet og oppfordre ungdomslaga til å tinge avisene ‘Den 17.mai’ og ‘Symra’ og arbeidet for å skaffe Nordmøre ei eiga målavis.¹⁴²

For samlaget på Nordmøre var ikkje noko religiøst fokus i byrjinga. Først ved hundreårsskifte blir det kristne innslaget meir aktuelt. Framover mot 1905, då styret freista å føre arbeidet inn i praktiske og ideologisk retning, kom også det religiøse aspektet tydlegare fram: Styret slo fast at ungdomslaga skulle ‘opplyse’ medlemmane, samt at «Moral skulde utvikles, og de religiøse begreper næres paa denne maade.»¹⁴³ Styret byrjar no å arrangere religiøse føredrag og talar av prestar på stemna.¹⁴⁴

Døme på militær mobilisering var gjeldande ved eit par anledningar kring århundreskifte: Samlaget freista i 1901 «at faa kaptein Angell eller Westley til at halde foredrag i ungdomslagene».¹⁴⁵ Også året før hadde det reist rundt ein løytnant og haldt foredrag på Nordmøre.¹⁴⁶

Som me såg var samlaget på Nordmøre ein respons på ‘unionskrisa’ 1895, med påfølgjande låg aktivitet (jf. 5.3.1). Då samlaget starta opp att møteverksemda kring århundreskiftet var aktiviteten i tråd med den ‘offisielle’ ideologien til rørsla (jf. 5.3.1). Det kristne innslaget gjeldande både gjennom samlagets retningslinje og tinging av ‘Symra’. Samstundes var det døme på militær mobilisering i høve føredragshaldarar. Soleis var samlaget på Nordmøre òg eit døme på ungdomsrørlas politiske moderasjon kring 1900 (jf. Hoel 2011:157-159; Tvinnereim 1981:115-116).

¹⁴⁰ «For at ungdomslagene kan klive til størst mulig gavn for hver som er med og for samfundet, bør (...) lagene sig i mellom holde trofast du i enigt, hensynsfult og broderlig samarbeid og bør ungdomslagene for kommende arbeide for fremme af heliegjørlige (?) maalet – der under for ...styrkende lek og legemsøvelser, for husflidssagen med tanke om husflidsutstillingen under næste aarstevne, samt maalsagen, for skogplanting og endelig for ædruelighetssagen, og bør man som underholdningsmiddel ogsaa optage sagafortelling.» (Aarstevnet. 9. juni 1900. Forhandlingsbog for Nordmøre Ungdomslag 1895-1921.

¹⁴¹ Styremøte. 17. august 1901. Forhandlingsbog for Nordmøre Ungdomslag 1895-1921.

¹⁴² Styremøte. 17. august 1901. Forhandlingsbog for Nordmøre Ungdomslag 1895-1921; Styremøte. 8. mai 1902. Forhandlingsbog for Nordmøre Ungdomslag 1895-1921.

¹⁴³ Aarstevnet. 9. juni 1900. Forhandlingsbog for Nordmøre Ungdomslag 1895-1921.

¹⁴⁴ Styremøte. 8. mai 1902. Forhandlingsbog for Nordmøre Ungdomslag 1895-1921; Styremøte. 26. juni. 1905. Forhandlingsbog for Nordmøre Ungdomslag 1895-1921; Aarsmøte 23-24. september 1905. Forhandlingsbog for Nordmøre Ungdomslag 1895-1921.

¹⁴⁵ Styremøte. 17. august 1901. Forhandlingsbog for Nordmøre Ungdomslag 1895-1921.

¹⁴⁶ Aarstevna. 29. juni 1901. Forhandlingsbog for Nordmøre Ungdomslag 1895-1921.

I løpet av 1905 hadde det vore halde eit foredrag om sjølvstendekampen.¹⁴⁷ Årsmøtet til Nordmøre Ungdomslag vart gjennomført mellom 23 og 24. september. Unionen med Sverige vart opplyst 24. september, noko som vart kunngjort på sjølve årsmøtet: «Med det same festi byrja kom det melding til bladstyrar Nisje um at der var upnaadd semje millom Norig og Sverik. Han kunngjorde dette til folket». På stemnet vart deretter debattert om kva Noreg ‘kravde’ av ungdomen i den komande tida, i tillegg talte ein kaptein om «forsvar og ungdommen».¹⁴⁸

Det er ting som tydar på at det ‘unionsradikale’ gjekk gjennom andre kanalar enn ungdomsrørsla på Nordmøre, og at dette var bevisst frå aktørar innan rørsla sidan dei sjølv nyttet desse kanalane: I februar 1905 hadde J. Hestnes, gjennom si avis Romsdalsposten, tatt initiativ til eit folkemøte med om lag 400 menneske, kor målet var å støtte unionsoppløysinga (Hals 2005:168-169). I september seinare på året skal J. Hestnes også ha tala *mot* ei forsonleg linje i forhandlingane med Sverige (Hoel 2011:196).

Det første *ordinære* stemnet for ungdomsrørsla i Romsdal i 1896 byrja med demonstrasjonstog gjennom Molde «hvori foreningene deltager med faner eller flag».¹⁴⁹ Det nasjonal-radikale preget var òg tydeleg på kveldsfesten: då holdt formann Sand føredrag for «fædrelandet, hvorefter Molde mandssangforening sang ‘Ja vi elsker’». Dagen etter vart det tale av Hans This Møller om «for det rene flag».¹⁵⁰ Stemnet kulminerte med formannens tale om «Hvorledes opstaar revolusjonære tilstände?»:

«Dette foredrag afsluttedes med, at taleren opfordrede forsamlingen til at udbringe et trefoldige hurra for den romsdalske ungdom, som vilde være med på en jevn fremmadskridende udvikling, så vort fædreland kunde forsikres for en blodig krise som den franske revolution eller for en sørgelig undergang som det ulykkelige Polen – hvilke opfordring forsamlingen kraftig etterkom».¹⁵¹

Den nasjonalistiske linja fortsatte på stemnet året etter: «vi vilde demonstrere for Norges selvstændighet, for enighed om at feire vore nationale minder og festdage, for det norske mål og for enighed om det norske flag».¹⁵²

¹⁴⁷ Aarsmøte. 23-24. september 1905. Forhandlingsbog for Nordmøre Ungdomslag 1895-1921.

¹⁴⁸ Aarsmøte 23-24. september 1905. Forhandlingsbog for Nordmøre Ungdomslag 1895-1921.

¹⁴⁹ Styremøte 14. juni 1896. Forhandlingsprotokoll for Romsdals Ungdomslag 1895-1909.

¹⁵⁰ Styremøte 28. juni 1896. Forhandlingsprotokoll for Romsdals Ungdomslag 1895-1909.

¹⁵¹ Styremøte 28. juni 1896. Forhandlingsprotokoll for Romsdals Ungdomslag 1895-1909.

¹⁵² Til dette stemnet mislukkast samlaget i å få Bjørnson til å tale, men diktaren vart ikkje gløymd: «Romsdals ungdomsamlag samlet til stævne på Molde sender Dem den hjertligste tak for Deres trofaste arbeid i fædrelandets teneste» (Styremøte. 9. september 1897. Forhandlingsprotokoll for Romsdals Ungdomslag 1895-1909).

Etter nedgangstida i åra mellom 1898 og 1901 vedtok styret å endre fokus for den komande tida: arbeidet vart no vendt mot praktisk arbeid, nærare bestemt skogsaka og kurs/utstillingar om husflid, samt folkekulturelle arrangement (kappleik med felespel).¹⁵³

Som me såg var dei radikale/sekulære i overtal i etableringsfasen, likevel vart det ved stemnet i 1896 heldt tale av «prost Bang» i kyrkja.¹⁵⁴ Årsstemnet i 1901 vart starta med gudsteneste.¹⁵⁵ Dette er første gong det var gudsteneste i samband med eit stemne, om mogleg ein konsekvens av nye styremedlem.¹⁵⁶ Dreilinga mot ein meir kristen profil held fram på dei komande åra, og i 1904 vart stemnegudsteneste programfesta (jf. 5.3.6).¹⁵⁷

Like fullt, men unntaksvis, var det føredragshaldar med militær bakgrunn: til dømes marinløyntant W. Coucheron Aamot¹⁵⁸ og kaptein Angell.¹⁵⁹ Dette kan tyde på eit visst framhald av den nasjonalradikale linja gjennom militær mobilisering.

I Romsdal såg me me at i skipingsfasen for samlaget var det freista på å gje samlaget ein kristeleg profil. Dette mislukkast fordi den nasjonalistiske ideologien sto sterke i leiinga. I Romsdal sto nasjonal-radikalisme sterkt dei første åra. Særleg Sands ‘revolusjonstale’ er tidlegare trekt fram som døme på sosialradikalisme (Steinsland 1981, kap 2:20-21), men som me såg var talen eit forsvar for *reform* heller enn revolusjonær agitasjon. Denne relativt radikale nasjonalismen forsvann og vart gradvis erstatt av eit breiare aktivitetsregister kring kulturelle og praktiske aktivitetar. Med andre ord vart også ungdomsrørsla i Romsdal ‘normalisert’ omkring århundreskiftet (jf. Hoel 2011:157).

Dei påfølgjande åra forsvann mykje av dette preget, for so i *nokon* grad dukke opp att på stemnet i sjølve unionsoppløysingsåret: Ein oberst heldt tale om ‘forsvarssagen og dens betydning for ungdommen’, ein kaptein heldt tale om ‘Vort fædrelands forsvar’ og det vart tala om Islands frigjering frå Danmark.¹⁶⁰

¹⁵³ Årsberetning. 1900-1901; Referat. 25. juni 1902; Styremøde. 4. januar 1904; Styremøde. 16. juni 1904. Forhandlingsprotokoll for Romsdals Ungdomslag 1895-1909; Styremøde. 16. juni 1904. Forhandlingsprotokoll for Romsdals Ungdomslag 1895-1909.

¹⁵⁴ Referat. 28. juni 1896. Forhandlingsprotokoll for Romsdals Ungdomslag 1895-1909.

¹⁵⁵ Referat. 25. juni 1901. Forhandlingsprotokoll for Romsdals Ungdomslag 1895-1909.

¹⁵⁶ Kyrkjessongar Kristvik vart valt inn i styret til Samlaget i 1899. Ei mindre stemnet det året vart heldt han foredraget «Om Kristedommens åndelige seier» (Styremøte. 24. august 1899. Forhandlingsprotokoll for Romsdals Ungdomslag 1895-1909).

¹⁵⁷ Referat. 25. juni 1902. Forhandlingsprotokoll for Romsdals Ungdomslag 1895-1909; Styremøde. 16. juni 1904. Forhandlingsprotokoll for Romsdals Ungdomslag 1895-1909.

¹⁵⁸ Aamot var militær, historikar, eksentrikar og eit meir eller mindre seriøst alternativ til prins Carl til å verte norsk monark i 1905 (Langnes 2005:137-140).

¹⁵⁹ Årsberetning. 1900-1901. Forhandlingsprotokoll for Romsdals Ungdomslag 1895-1909.

¹⁶⁰ Styremøte 5. februar. Forhandlingsprotokoll for Romsdals Ungdomslag 1895-1909.

I Romsdal nytta formannen i samlaget avisene til agitasjon for unionsoppløysing: Tett før valdagen i august hadde Sand eit innlegg i Romsdals Budstikke der han mana til valdeltaking, då *for* unionsoppløysing (Langnes 2005:133). I forkant av valet om styreform hadde Sand eit nytt innlegg, no *for* republikken (Langnes 2005:133, 142).

Som lagt fram ovanfor var stemnet i 1893, rekna som Sunnmøre Ungdomssamlags byrjing (jf. 5.3.1). Dette stemnet er tidlegare karakterisert som eit «maalstemna» (Straumsheim 1919:22). Stemnet var soleis ei aktualisering av målsaka (Ivar Aasens 80års-dag¹⁶¹). Det målpolitiske preget underbyggjast ved at Rasmus Steinvik heldt tale om «landsmaalet og landsmaalsbokheimen».¹⁶²

Dei første åra var målsaka sentral, sjølv om den ideologiske plattform vart breiare ved den formelle skipinga av samlaget i 1894.¹⁶³ Som me har sett var målsaka motivet for eit aktiv tilhøve ovanfor NU frå samlaget å Sunnmøre (jf. 5.3.5).

Samlaget på Sunnmøre var det einaste av samlaga i Romsdals Amt som nytta landsmål heilt frå byrjinga. Vidare var samlaget også det einaste som var inkluderande ovanfor utanforståande kristne aktørar frå byrjinga. Denne haldninga ved vedvarte etter århundreskiftet, gjennom fokus på målsak og tilhøvet mellom frilyndt og kristeleg ungdomsarbeid¹⁶⁴ Vidare er andre kulturelle saker (felespel, husflid) utgangspunkt for frittståande arrangement, fordi desse sakene mobilerte «interesse for denne side av vort nasjonale liv, som ein har all grunn til aa gledja seg yver.».¹⁶⁵

I granskingsa av aktivitetane for Sunnmøre Ungdomssamlag er militær mobilisering og kritikk av det politiske sentrum sjeldan. Berre til stemnet i 1899 freistar Samlaget å «få kaptein Angell til å tale» – noko han heller ikkje har moglegheit til.¹⁶⁶ Dette kan nyanserast ved at Rasmus Steinvik var delaktig på fleire stemne i granskingsperioda.¹⁶⁷

På Sunnmøre har me tidlegare sett at arbeidet med kaffistova opptok mykje av aktivitetane i året 1904 og fram til opninga 7. juni 1905: «Det som elles hende denne dagen gjorde sitt til aa

¹⁶¹ Inntrykket av at Ivar Aasen vart sett på og nytta som samlande symbol heldt fram: Til dømes var det på stemnet i 1899 avduka ein minnestein over Ivar Aasen, noko som styret antok av minst 3000 møtte fram til (Referat. 1898-1899. Møtebok for Sunnmøre Frilynde Ungdomssamlag 1893-1922).

¹⁶² Referat. 1893. Møtebok for Sunnmøre Frilynde Ungdomssamlag 1893-1922.

¹⁶³ Referat. 1894. Møtebok for Sunnmøre Frilynde Ungdomssamlag 1893-1922; Referat. 1895. Møtebok for Sunnmøre Frilynde Ungdomssamlag 1893-1922.

¹⁶⁴ Årsmelding. 1900-1901. Møtebok for Sunnmøre Frilynde Ungdomssamlag 1893-1922.

¹⁶⁵ Årsmøte/årsmelding. 24. juni 1902. Møtebok for Sunnmøre Frilynde Ungdomssamlag 1893-1922.

¹⁶⁶ Referat. 1898-1899. Møtebok for Sunnmøre Frilynde Ungdomssamlag 1893-1922.

¹⁶⁷ Referat. 1893; Årsmøte/årsmelding. 24. juni 1902. Møtebok for Sunnmøre Frilynde Ungdomssamlag 1893-1922.

leggja ei djup og varm stemning yver laget. Formannen gav først eit umsyn paa samlaget sitt arbeid. Sidan skifte det med talar og song og hurra for stortinget og det sjølvstendige Norig.».¹⁶⁸ Seinare på sommaren vart den moralske stønaden underbygd: «Sunnmøre frilynde ungdomslag samla til møte i Haram sender storting og riksstyre helsing og takk. Alle vil med gleda vera dei offer, det sjølvstendige Norig vil krevja.».¹⁶⁹

I følgje Straumsheim (1919:38) sendte samlaget på Sunnmøre i forkant av folkerøysting om styreform eit opprop og eit «folkeskrift» som argumenterte for republikken. Kjeldematerialet seier ingenting om dette.

Den politisk moderate retninga vart jamvel styrka mot slutten av 1905: Samlaget hadde fått forespørsel om å ha fleire sosialradikale føredragshaldarar. Styret meldte at dei har forståing for at dette spørsmålet er relevant mellom arbeidarane på Austlandet «men daa livskori her er so heilt annarleis, er me visse paa, at det heller vil skada enn gagna vaar sak aa taka upp dette arbeidet her.».¹⁷⁰

På Sunnmøre var innhaldet i samlagets aktivitetar først fokusert på målsaka, og at kristen aktørar var særslig delaktig i dette målet. Dette underbygg synet på Sunnmøre var fleire rørsler i røynda samanfallande, heller enn å vere avskilt (Hoel 2011:157-158).

Som meg såg var målsaka dominerande i samlaget på Sunnmøre. Det same gjaldt den nære relasjonen til kristne aktørar. Dette inneber at ungdomsrørsla på Sunnmøre var ‘normalisert’ alt frå etableringa. Samlaget fungerte dimed som eit samlingspunkt for fleire retningar som soleis vart samanfallande. Med andre ord hadde den nasjonaldemokratiske rørsla på Sunnmøre trekk som hegna rundt ein målvennleg og kristen identitet – altså tendensar til ‘verzuiling’ (Jf. Rokkan 1975:565; 2010:301).

5.3.7 Samanfatning

Innleiingsvis såg me at den nasjonaldemokratiske rørsla bestod av fleire retningar som samlast kring politisk og kulturell frigjering frå Sverige og Danmark (Jf. 5.3.1).

Vidare såg me at dei politiske arbeida med unionsoppløysinga stimulerte venstrefolk til ein ny mobiliseringsstrategi som freista å knyte seg til kultur-nasjonalistisk verdiar, ‘folkeleggjere’

¹⁶⁸ Årsmelding 1904-1905. Møtebok for Sunnmøre Frilynde Ungdomssamlag 1893-1922.

¹⁶⁹ Årsmelding. 1904-1905. Møtebok for Sunnmøre Frilynde Ungdomssamlag 1893-1922.

¹⁷⁰ På tampen av 1905 var det handsama samlaget på Sunnmøre ein forespørsel om å skaffe fleire sosialradikale talar/føredrag. (Styremøte. 25. desember 1905. Møtebok for Sunnmøre Frilynde Ungdomssamlag 1893-1922.).

seg sjølv, og skaffe seg breiare støtte (jf. Hoel 2011:174-175; Nielsen 2009:283).¹⁷¹ Slik freista Venstre å nytte seg til kulturelle ressursar og ‘allereie eksisterande nettverk’ for å oppretthalde unionsaktivismen (jf. Edwards og McCarthy 2006:125-128; Furseth 1999:79).

Slik såg me korleis ‘venstrestaten’ endra tilhøva i den politiske prosessen (jf. Kjellman 2007:17-18): Mobiliseringa som oppstod i 1895 var dels Venstre-initiert og soleis indirekte statleg. Med andre ord eit døme på korleis staten påverka kollektive aktørar (jf. Kjellman 2007:17-18). Venstre hadde ‘bruk’ for ei nasjonalistisk rørsle og freista dimed å opne opp for og *inkludere* Den frilyndte ungdomsrørsla i det politiske systemet (Kjellman 2007:79-82, 104)

For å kunne vurdere om den nasjonaldemokratiske rørsla i Romsdals Amt var i ein *respons* på denne inklusjonen frå aktørar innan Venstre, såg me nærmare på etableringsfasen til ungdomsrørsla (jf. 5.3.2). Granskinga synte at samlaga på Nordmøre og Romsdal var skipa etter unionskrisa, og då truleg inspirert av Venstres mobilisering sommaren 1895 (jf. Kriesi 2006:69; Tarrow 1998:7). Detta var ikkje tilfelle på Sunnmøre som fekk eige samlag *før* unionskrisa.

Vidare såg me at for både Romsdal og Sunnmøre eksisterte det *lokallag* *før* samlaget. I begge futedøma var lokallag *delaktig* i etableringa av samlaget. Dette tyder på at dei første initiativtakarane (Sand og Volda/Ørsta-miljøet) hadde kjennskap og/eller relasjonar til *eksisterande* netteverk som var sympatiske ovanfor eit samlag (Jenkins 1983:533-534-537-538). På Nordmøre kom medlemslaga til *etter* at samlaget var etablert. Som me såg kom det til mange medlemslag etter det første året på Normøre, altså fantes det netverk som støtta organisasjonen den første tida (jf. Jenkins 1983:537-538).

For å kunne vurdere mobiliseringa i ungdomsrørsla og ideologiske preferansar vart dei interne tilhøva granska (jf. 5.3.4). I hovudsak var aktivitetsnivået i ungdomsrørsla på Nordmøre lågt og lite kordinert. I Romsdal var det særstak aktivitet både i samlaget og stor oppslutning frå medlemslaga. På Sunnmøre var det også stor oppslutning, men også teikn på moglege interessekonfliktar i *styret*.

Det neste aspektet som vart granska var samlagas tilhøve ovanfor utanforståande aktørar (jf. 5.3.5). Her såg me at samlaget på Nordmøre samarbeid lite med utanforståande aktørar, også ovanfor NU. I Romsdalen var det mykje samarbeid, særleg med einskildpersonar og ikkje-

¹⁷¹ Hoel (2011:174) meiner at koplinga mellom Venstre og ungdomsrørsla er eit døme som underbygg Hutchinsons poeng om at politisk nasjonalistar freistar å knytte seg til kultur-nasjonalistiske aktørar for breiare støtte.

religiøse organisasjoner og NU. På Sunnmøre var det òg mykje samarbeid, særleg med *målvennlege* og kristne aktørar

Felles for samlaga i Romsdal og på Sunnmøre, samanlikna med Nordmøre, var eit omfattande samarbeida med andre institusjonar og aktørar. Blant anna deltok lokale elitepersonar og andre organisasjoner og miljø som var sympatisk innstilt, noko som kan ha ført til at rørsla vart ‘normalisert’ i samfunnet dei første åra (jf. Edwards og McCarthy 2006:125-128).

Det siste aspektet som vart framstilt var ungdomsrørslas utvikling frå skipinga og fram til 1905 (jf. 5.3.6). Samlaget på Nordmøre hadde eit innhald som ikkje skilde seg frå NU, heller ikkje den kristne vendinga kring hundreårsskiftet. I Romsdal var rørsla særskilt nasjonal-radikal i byrjinga, men vart gradvis moderat. På Sunnmøre var den heilt frå byrjinga inkluderande ovanfor målsaka og kristne.

I alle dei tre samlaga var det berre *noko* merksemrd i samband med unionsoppløysinga i 1905. Oppløysing vart sett på med positiv auge, men aktørar med tilknyting smalaga agiterte hovudsakleg gjennom andre kanalar.

Skjema 5: Samanfatning kapittel 5.3.

	Nordmøre	Romsdal	Sunnmøre
<i>Etableringsfasen – før/etter 1895</i>	Samlaget ein respons frå eliteperson <i>etter</i> 1895, få allereie-eksisterande lag.	Samlaget ein respons frå eliteperson <i>etter</i> 1895, mange allereie-eksisterande lag delaktig i skipinga.	Etablert av miljø <i>før</i> 1895, fleire allereie-eksisterande lag delaktig i skipinga.
<i>Tilhøve utad</i>	Lite samarbeid	Samarbeid med organisasjoner og elitepersonar.	Samarbeid med organisasjoner, kyrkja og elitepersonar. Delvis samanfallande.
<i>Tilhøve innad</i>	Koordinert frå leiing, låg medlemsinteresse.	Koordinert frå leiing, særskilt stor medlemssinteresse, teikn på ideologisk maktkamp.	Ideologisk maktkamp i leiing, stor medlemsinteresse.
<i>Kristen verdiforankring</i>	Lite, antakeleg knytt til einskildpersonar.	Gradvis endring frå anti-religiøsitet til kristen forankring.	Sterkt kristen forankring: Hovudsakleg lågkyrkjeleg før 1900, høgkyrkjeleg etter 1900.
<i>Endring før/etter</i>	Meir kulturelt og	Meir forsonleg	Meir fokus på det

1900	praktisk arbeid i tråd med rørlas standard-ideologi. Noko merksem i høve unionsoppløysinga.	tilhøve mellom det radikale og kristne. Meir fokus på det kulturelle. Noko merksem i høve unionsoppløysinga.	kulturelle og organisasjonens økonomisk grunnlag. Noko merksem i høve unionsoppløysinga.
------	---	--	--

5.4 1905 og valet om styreform

Dette underkapittelet skal ta for seg unionsoppløysinga og valet om styreform. Korleis kan variasjonar i høve folkerøystinga om monarki eller republikk forklaraast?

5.4.1 Republikk eller monarki?

Ovanfor unionen med Sverige var både den politiske venstresida og høgresida av prinsipp for jamstilling av Noreg og Sverige, men venstresida var meir konsekvent motstandar av å godta konsesjonar (Nerbøvik 1999:193). Republikanismen og anarkismen var ein tredje veg, som vekta fullstendig nasjonal sjølvstende, frå den politiske unionen med Sverige og kulturelle med Danmark (Nerbøvik 1999:13, 197). Mot slutten av 1800-talet vart kulturradikalisme og unionsmotstand to sider av same sak og slik vart radikalismen ‘normalisert’: ei tilnærming mellom den kulturelle og politisk nasjonalismen (jf. Hoel 2011:157-158; Nerbøvik 1999:197).

I 1905 vart det arrangert to folkerøystingar i Noreg. Den første – oppløysing av unionen med Sverige – var initiert frå svensk side. Den andre – om konstitusjonen skulle ha ein republikansk eller monarkisk styreform – var initiert frå dansk side: Prins Carl ønskja ei folkerøysting for å akseptere tilbodet om å verte norsk monark (Bjørklund 1999:127).¹⁷²

Republikanismen vart knytt til nasjonalisme, men hadde òg preg av å vere radikal venstrepolitikk, medan monarki meir høgrepolitiske (Bjørklund 1999:130). Oppslutninga om republikken var, i følgje Bjørklund (1999:130), størst i «bygdesamfunn som var eksponert for det tradisjonelle.» Nerbøvik (1999:214) meiner områda kor det var flertall til republikk samanfall med kjerneområda til den frilyndte ungdomsrørsla, altså ‘fjell og fjord-Noreg’ (sjå 2.4). I følgje Hoel (2011:200) hadde antakeleg «grunnstamma» av dei forkjemparane for offensiv taktikk ovanfor unionsforhandlingane med Sverige tilknyting til ungdomsrørsla/målrorsla.

¹⁷² Valet om unionsoppløysing vart avholdt 13. august 1905. Valdeltakinga var 85,4% kor 99,9% stemte «ja» til å opplyse unionen. Valet om styreform vart heldt 12-13 november 1905. Valdeltakinga var 78,9%, kor 78,9% stemte «ja» til å innsette prins Carl som Noregs konge (Bjørklund 1999:127).

Folkerøystinga om styreform vart arrangert i november 1905 og det vart stilt eit ja/nei spørsmål om Prins Carl var ønskja som monark. Det var Stortinget som foreslo å innsette eit monarki, og la dimed sin autoritet i folkerøystinga (Bjørklund 1999:129).

*Tabell 9: Andel nei-røyster i prosent.**

	Nordmøre	Romsdal	Sunnmøre	Romsdals Amt	Noreg
<i>Landsbygda</i>	36	20	11	21	20
<i>By</i>	29 (Kristiansund)	14 (Molde)	18 (Ålesund)	19	23

*Basert på, Tvinneim (1991:346).

Ut frå *tabell ni* ser me at Nordmøre låg godt over gjennomsnittet i Noreg og amtet i andel nei-røyster, både for landsbygda og Kristiansund. I Romsdal låg Molde under gjennomsnittet, medan bygdene ikkje skilte seg ut frå landet elles. På Sunnmøre ser me at andelen nei-røyster var lågare enn landet og amtet elles, særleg på bygdene.

I følgje Tvinneim (1992:347) var det indre strøk av Nordmøre som markerte seg med størst andel nei-røyster (Surnadal). I Romsdal var det særleg mange republikanske nei-røyster i midtre strøk (Vestnes). Dette er tidlegare satt i samanheng med at formannen i ungdomssamlaget – Sand – heldt til i Vestnes (Langnes 2005:143-144).

På Sunnmøre var det særleg mange republikk-røyster i Ørsta/Volda, samt ved kysten i nordre delen av futedømet (Haram). Tidlegare har det vore peikt på at Ørsta/Volda hadde fleire republikanske aviser (Hoel 2011:196; Melle 2005:94, 99-102). Vidare veit me at den tidlegare formannen i ungdomssamlaget, Vassbotn, agiterte sterkt for republikk (Melle 2005:94-95).

Me har tidlegare sett at dette området og hadde eit anarkistisk miljø (jf. 5.2.2). Frå nettopp desse to områda på Sunnmøre hadde avisar ‘Den 17. mai’ fått inn mange meldingar om at Noreg måtte bryte forhandlingane ovanfor Sverige (Hoel 2011:197). Som me har sett tidlegare sto ungdomsrørsla sterkt i desse områda, då særleg i Ørsta/Volda og Haram (jf. 5.3.4).

5.4.2 Sekulær og/eller kristen nasjonalisme?

I lys av den føregåande har me sett at ungdomsrørsla i nokon grad arbeida for unionsoppløysing i åra mellom 1900 og 1905. I hovudsak var det einskildpersonar med tilknyting leiarplanet som agiterte for ei unionsaktivistisk linje og/eller for republikk. Dette var gjeldande for alle tre samlaga i Romsdals Amt. Dette kan indikere at område kor desse

agiterte sterkast vart utslaget fleire republikanske røyster: Vestnes i Romsdal og Ørsta/Volda er truleg dei tydlegaste på ei slik forklaring.

Med eit meir overordna perspektiv på ungdomsrørsla og republikanisme ser me at på Nordmøre, der rørsla hadde lite aktivitet, låg interesse frå medlemmane og lite samarbeid med samfunnet elles, var republikanismen i *heilskap* størst. Truleg vil dimed andre indikatorar enn nettopp ungdomsrørsla vere meir forklarande. Som me såg ovanfor var den tidlege, radikale, skyttarørsla vidfemnande på Nordmøre (jf. 5.2.1).

Truleg var det i skyttarørsla radikalismen fekk utløp, og som vart synleg i valet om styreform 1905. Som me også har sett var det mange ungdomslag tilslutta samlaget på Nordmøre etter skipinga (20 lag). Mange av desse kan i røynda ha vore omskapte skyttarlag, og/eller ungdomslag skilt ut frå eit skyttarlag, og soleis eksisterande grupper som var mobiliserbare (jf. Jenkins 1983:532-533, 537-538). Den *påfølgjande* låge interessa i ungdomsrørsla på Nordmøre kan soleis tyde på at den ideologiske appellen/målet for rørsla ikkje svara til haldningane til lokallaga som allereie hadde meldt seg inn (jf. Furseth 1999:79; Oberschall 1978:307).

For Romsdal kan denne forklaringa vere *delvis* dekkjande. I likskap med Nordmøre sto skyttarrørsla sterkt i ‘milits epoka’. Me såg at då samlaget i ungdomsrørsla vart etablert, eksisterte det mange lag som var mobiliserbare i høve ei samanslutning. Dette preget farga aktivitetsnivået dei første åra: dei sekulær-nasjonalistiske elementa var sentrale. Samstundes var interessa for samlaget relativt stor også etter at rørsla vart mindre radikal i åra kring 1900. Dette tydar på at også dei ideologisk moderate elementa var støtta av mange medlemslag. Valet om styreform i Romsdal futedøme speglar dette: relativt mange republikanarar, men ikkje i same grad som på Nordmøre. Romsdal var i sanning eit overgangsområde.

Om Nordmøre var eitt ytterpunkt, var Sunnmøre det andre. Me har sett at ‘milits epoka’ for skyttarørsla ikkje fekk støtte. Då skyttarrørsla vart ‘normalisert’ og eit nasjonalt parti med kristen verdiforankring vart etablert, fekk også skyttarrørsla gjennomslag på Sunnmøre. Me ha sett at mellom 1887-1894 vart også ungdomsrørsla etablert på Sunnmøre (jf. 5.3.3). Og me har sett at fleire institusjonar kombinerte nasjonalisme med kristendom (jf. 5.2.2). Ungdomsrørsla hadde òg denne kombinasjonen: kristendom og nasjonalisme føregjekk parallelt. Noko som medførte ei positiv innstilling til Noregs politiske og kulturelle sjølvstende, men *ikkje* til saker som indikerte intern polarisering, mest tydeleg i åra før 1887.

I valet om styreform ser me att denne politiske kulturen på Sunnmøre: republikanismen vart truleg sett på som eit radikalt brot med oppfatninga av kva politiske nasjonen innebar (jf. Østerud 1994:22-24, 27, 77). Monarkiet var dimed ein moderat, men samstundes nasjonalt alternativ til republikk. Som me såg var monarkiet det meir populært på Sunnmøre, i sterkare grad enn kva som var tilfelle dei to andre futedøma og Noreg elles.

Lekmannsrørsla i dei tre futedøma kan underbygge desse slutningane (jf. 5.2.2). Me såg at Indremisjonsforeiningane på Nordmøre og Sunnmøre var lojal ovanfor Lutherstiftelsen, medan foreininga på Sunnmøre arbeide for å skipe ein ny landsorganisasjon for misjonen, som skulle styrke relasjonen mellom lekmenn og statskyrkja, på kostnad av presteeimbete. Slik ser me at lekmannsrørsla på Sunnmøre, gjennom sivilsamfunnet, freista å svekke ein mellomliggjande institusjon (Luthersstiftelsen/prestar) mellom dei sjølv og det politiske sentrum (Statskyrkja). Som me såg vart det ein organisasjon for Vestlandet med same føremål. Romsdalsforeininga og delar av Nordmørsforeininga slutta seg til.

Slik kan ein argumentere for at dei *subjektive* betingelsane i forståinga av den ‘politiske nasjonen’ varierte mellom futedøma, og at desse variasjonane gjorde seg gjeldande frå byrjinga av 1880-åra og fram til og med valet om styreform i 1905 (jf. Østerud 1994:22-24, 27, 77): I hovudsak kan ein tolke sekulær-nasjonalismen og republikk som eit kollektiv/horisontalt syn på den politiske nasjonen, medan kristen-nasjonalisme og monarki som eit meir vertikalt tilhøve mellom monarki og ei jamstilt befolkning.

Ei viktig innvending er sjølvsagt at variasjonane som denne tolkinga byggjer på er forsterka. Den moderat skyttarrørlsa etter 1887 fekk også oppslutning på Nordmøre og I Romsdal, det same gjorde monarkiet som styreform. Likefult har me sett at nokre særmerkte ulikskapar gjorde seg gjeldande.

Ut frå denne drøftinga kan resultata ved folkerøystinga om monarki eller republikk forklarast ved to ulike typar politisk kultur i Romsdals Amt i tida mellom 1880 og 1905.

- 1) ‘**Sekulær-nasjonalisme**’ gjorde seg i hovudsak gjeldane på Nordmøre og tidvis i Romsdal og på Sunnmøre. Denne politiske kulturen vekta ein sekulær nasjonalisme som grunnlag for territorial grensedragning ovanfor sentrum. Sivilsamfunnet var differensiert på grunnlag av intern grensedragning mellom kulturelle identitetar.
- 2) ‘**Kristen-nasjonalisme**’ gjorde seg i hovudsak gjeldande på Sunnmøre. Denne typen politisk kultur var basert på låg intern grenseddragning i lokalsamfunnet og kulturelle spørsmål. Den interne differensieringa var låg, fordi fleire organisasjonar i

lokalsamfunnet i stor hadde felles identitet. Relasjonen til det politiske sentrum var prega fokus på fellesinteresser med sentrum på kostnad av mellomliggjande instansar.

I avslutninga på kapittel fire vart det reist ei hypotese om at tilhøva i tidsrommet mellom 1880 og 1905 ville syne skilelinjer i tråd med tilhøva i tida før (jf. 4.4.3). Ut frå dei to skisserte typane for politisk kultur i *dette* kapittelet, har me sett at kollektivisme gjorde seg gjeldande i oppslutning kring sekulær og territorial grensedragning *mot* sentrum (embetsmannsstaten). Medan individualiserte område i hadde felles grensedragning i lokalsamfunnet *med* det politiske sentrum, men *mot* mellomliggjande instansar.

5.4.3 Samanfatning

Dette underkapittelet har granska realiseringa av systemskiftet mellom 1880-åra og 1905 i Romsdals Amt. Hovudsfokuset har vært å tolke resultata frå folkerøysting om styreform for det sjølvstendige Noreg i lys av sosiokulturelle skilelinjer som gjorde seg gjeldande i sivilsamfunnet i futedøma.

Me såg at det var tydelege variasjonar mellom futedøma i høve andelen nei-røyster til monarki. I hovudsak var det fleire nei-røyster på Nordmøre mot monarkiet, samanlikna med Romsdal og Sunnmøre.

Drøftinga har freista å tolke resultatet i lys av tilhøva frå byrjinga av 1880 og fram til 1905. Me har sett på ulike politiske og sosiokulturelle indikatorar (jf. 5.2). Vidare har granskingsa fokusert på Den frilyndte ungdomsrørsla i kvart av futedøma (jf. 5.3). Fokuset på ungdomsrørsla har fungert som ei avgrensing og indikator for meir gjennomgåande tendensar i sivilsamfunnet.

Resultata ved folkerøystinga vart forklart ved to variantar av polisk kultur: ein ‘sekulær nasjonalistisk’ og ein ‘kristen-nasjonalistisk’. Desse vart drøfta i lys av det føregåande.

Desse kulturane kunne gjere seg gjeldande parallelt og på fleire stader, men i hovudsak var den sekulære nasjonalismen sterkest på Nordmøre, medan den kristne nasjonalismen var sterkest på Sunnmøre. Romsdal hadde ein mellomposisjon.

Skjema 6: Samanfatning kapittel 5.4

	Nordmøre	Romsdal	Sunnmøre
<i>Val om styreform</i>	Mange nei-røyster over <i>heile</i> futedømet.	Mange nei-røyster på <i>einskilde</i> stader.	Mange nei-røyster på <i>einskilde</i> stader.

5.5 Samanfatning: Nasjonalisme *fur sich*

Dette kapittelet har drøfta systemskiftet mellom 1880 og 1905 i Romsdals Amt. I denne tida føregjekk ein meir aktiv nasjonal mobilisering frå det politiske sentrum (jf. 5.3.2). Vi har med andre ord freista å vurdere variasjonar innanfor Romsdals Amt i lys av spesifikk nasjonalisme – nasjonalisme *fur sich* (Nielsen 2009:53-54, 84).

Framstillinga har freista å svare på følgjande problemstilling: *Korleis realiserte den nasjonaldemokratiske rørsla i Romsdals Amt den ‘norske revolusjonen’ frå 1880 til 1905, og korleis kan variasjonar forklarast?*

Utganspunktet var å vurdere korleis den nasjonale politiske mobiliseringa gjekk føre seg i Romsdals Amt. Med andre ord korleis ulike aktørar i sivilsamfunnet responderte på den politiske konteksten mellom 1880-1905 (jf. Kjellman 2007:79-82, 104; Kriesi 2006:69; Tarrow 1998:7).

Gjennom framstillinga har me sett at Nordmøre tidleg responderte med organisasjonar lojale ovanfor det *tidlege Venstre*, som greidde å mobilisere ‘sekulær-nasjonalistisk’ respons. Dette preget vart vidareført i *etableringsfasen* av ungdomssamlaget, men den påfølgjande låge aktiviteten tydar på at *ungdomsrørsla* ikkje svarte til den eksisterande politiske kulturen. Stor andel republikanske røyster i 1905 underbygg dette.

I Romsdal var oppslutninga kring det *tidlege Venstre* sterkt. Etableringa av ungdomsrørsla vidareførte dette preget i etableringsfasen og dei første åra. Interessa var stor og med mykje samarbeidet med andre aktørar – den ‘sekulær-nasjonalistisk’ kulturen dominerte. Vidare heldt interessa seg nokon grad ved like når rørsla vart meir moderat. Dette indikerer at den politiske kulturen i Romsdal var både ‘sekulær-nasjonalistisk’ og ‘kristen-nasjonalistisk’. Relativt mange republikanske røyster underbygg at denne kombinasjonen gjorde seg gjeldande.

På Sunnmøre stod det *tidlege Venstre* relativt svakt. Særleg frå og med 1887 slutta mange på Sunnmøre oppunder Venstre (Moderate) og skyttarrørsla. Ungdomsrørsla vidareførte det kristelege og nasjonale *før* den nasjonale mobiliseringa etter 1895. Denne ‘kristen-nasjonalismen’ dominerte fram til 1905. Særskilt låg andel republikanske røyster underbygg denne tolkinga. Samstundes var nokre område meir prega av rivalisering mellom ‘sekulær-nasjonalisme’ og ‘kristen-nasjonalisme’ (Ørsta/Volda).

6 Konklusjon

Denne oppgåvas hovudproblemstilling var: *Korleis forløp oppbygginga av sivilsamfunnet i Romsdals Amt fram mot 1905, og kvifor var det variasjonar i tilhøvet ovanfor det politiske sentrum?*

Dette spørsmålet skulle undersøkjast gjennom to underproblemstillingar som utgjorde utgangspunktet for kvart sitt analysekapittel:

Kva kulturelle og sosioøkonomiske faktorar kan ha lagt føringar for sivilsamfunnet i Romsdals Amt, og kvifor fekk dei betyding for politisk handling fram til midten av 1800-talet?

Korleis realiserte den nasjonaldemokratiske rørsla i Romsdals Amt den ‘norske revolusjonen’ frå 1880 til 1905, og korleis kan variasjonar forklaast?

6.1 Funn og forklaringar

I dette stykket skal eg legge fram sentrale funn og konklusjonar, samt ein typologi som syntetiserar funn og konklusjon.

Me har sett at kulturelle og sosioøkonomiske faktorar kan ha spelt inn i korleis lokalsamfunna i dei tre futedøma i Romsdals Amt handla politisk, i det som kan betegnast som ‘før- og tidleg demokratiske’ tid (jf. kapittel fire).

Me såg at byrjinga av 1700-talet kan markere eit religiøst vendepunkt gjennom pietismen. Pietismen vekta individet meir enn kollektivet. Denne ‘inderleggjeringa’ i religiøs overtyding, kan ha medført sosial individualisering. Med andre ord ei dreiling bort frå medfødt status.

Me såg at pietismen kan ha fått tidleg innverknad i Romsdals Amt (jf. 4.2.1): På byrjinga av 1700-talet oppheldt føregangsmenn for ‘statspietismen’ seg i amtet, særleg i Romsdal.

Pietistane vekta lesekunne som ein måte den einskilde kunne betre kristendomskunnskapa, noko som leda til skulereformer. Som me såg var lesekunne utbredd i Romsdals Amt før reformene, noko som kan indikere tidleg påverknad av pietismen. Vidare varierte lesepreferansane: På Sunnmøre og i Romsdal var det meir pietistisk litteratur, enn kva som var tilfelle på Nordmøre. Dette kan ha vore underbyggjande for at haugerørsla etablerte seg på einskilde stader i futedøma (jf. 4.2.1) og sosialt grunnlag for av andre skuleinstitusjonar (jf. 4.2.3).

Deretter vart dei sosioøkonomiske tilhøva i amtet granska (jf. 4.3). Me såg at eigendomstilhøva varierte mellom futedøma. Bøndene på indre Nordmøre og Romsdal vart

sjølveigarar på eit tidlegare tidspunkt, enn ytre Romsdal og Sunnmøre i heilskap. Dette vart satt i samanheng med at innslag av godseiningar: Gardane under godsa var leiglendingar (jf. 4.3.2). Vidare såg me at delar av Romsdal og Sunnmøre hadde meir bruksdelte gardar og få husmenn, medan Nordmøre hadde mindre bruksdelte gardar og mange husmenn (jf. 4.3.3). Mange utskiftingar på andre halvdel av 1800-talet indikerte at bruksdelinga hadde haldt fram i desse områda (jf. 4.3.4). Innslaget av pengeinstitusjonar kan ha framprovoserte utskifting, særleg på Sunnmøre (jf. 4.3.5).

Til sist såg me at den politiske kulturen på 17- og 1800-talet varierte. Me såg at bondeaksjonane på midten av 1700-talet i Romsdals Amt var kollektive handlingar, men for Nordmøre omfatta dette kollektivet store delar av befolkninga og var i retta mot det politiske sentrum. På Sunnmøre og i Romsdal var handlingane i større grad spontane aksjonar utført av grupperingar av bønder, retta mot lokale embetsmenn. Gjennom den *innskrenka* valkanalen på 1800-talet såg me at Romsdals Amt hadde landets høgste valdeltaking. Vidare såg me at særleg einskildområde hadde sterk mobilisering og slik trakk opp valdeltakingsprosenten for sitt futedøme. Den sosiale bakgrunnen for ordførar synte at Sunnmøre og særleg Romsdal i større grad føretrekte bønder framfor embetsmenn.

Konklusjonen for den første underproblemstillinga er at ulike kulturelle og sosioøkonomiske faktorar la føringar for sivilsamfunnet, og relasjonen ovanfor den politiske sentrum. Slik vart det to ulike formar for politisk kultur i Romsdals Amt på 17- og 1800-talet: ein kor sivilsamfunnet var basert på kollektiv grensedragning ovanfor staten, og ein der sivilsamfunn var basert på individuell grensedragning ovanfor mellomliggjande ordningar og instansar.

Meir spesifikt fekk område med tideleg overgang til sjølveige ei ny *intern* lagdeling i lokalsamfunnet gjennom husmannsordninga. På 1700-talet var tilhøvet prega av gjensidig nytte og kollektiv mobilisering ovanfor staten var slik lettare. I område med leiglendingar/jordegods var den interne lagdelinga basert på leiglendingen på den eine sida og jordeigaren på den andre. Dette medførte ein maktinstans internt i lokalsamfunnet, *mellan* bøndene og staten. Denne tendensen vart truleg vidareført på 1800-talet: nokre område mobiliserte sterkare ovanfor det politiske sentrum, medan andre ovanfor lokale embetsmenn.

Denne sosioøkonomiske forklaringa kan underbyggjast av ei kulturell forklaring: individualisering gjorde at lokalsamfunnet i mindre grad vart sosialt lagdelt. Bruksdeling og husmannsordninga syner to ulike tilnærmingar til dette. Eit viktig poeng er at den

sosioøkonomiske strukturen òg kan ha medført individualisering. Truleg er det snakk om ulike årsakssamanhangar som kunne gjere seg gjeldande parallelt.

Slik munna det første analysekapittelet ut i ei tese om at dei to typane for politisk kultur vart vidareført i ein type sivilsamfunn med utgangspunkt i kollektive interesser ovanfor staten, og ein annan type som var meir innretta mot mellomliggjande instansar mellom individet og staten.

Dette var utgangspunktet for å oppgåvas andre hovuddel som skulle svare på den *andre* underproblemstillinga, og vektleggje tidsrommet mellom 1880 og 1905, karakterisert av nasjonal mobilisering for politisk og kulturell sjølvstende (jf. kapittel fem).

Me såg at 1880-åra var prega av låg valdeltaking i Romsdals Amt. Vidare såg me at den radikale venstrerørsla fekk større oppslutning på Nordmøre og i Romsdal, enn på Sunnmøre. Dette vart særleg synleg gjennom den *tidlege* skyttarrørsla og Reine Venstre. Vidare såg me at 1887/1888 vart eit vendpunkt: no vart oppslutninga om venstrepartia og skyttarrørsla stor i alle futedøma (jf. 5.2.1). Desse tilhøva vart forklart ved sosiokulturelle skilelinjer (jf. 5.2.2): Sunnmøre var, meir enn dei to andre futedøma, i 1880 åra prega av moderat nasjonalisme. Sunnmøre slutta først opp om nasjonalismen, då den òg innebar ei kristen forankring.

Fokuset på ungdomsrørsla fungerte som ei ytterlegare granskning av dei sosiokulturelle skillinjene (jf. 5.3): Me såg at ungdomssamlaga på Nordmøre og i Romsdal var etablert i etterkant av ‘unionskrisa’ og var slik inspirert av den unionsaktivistiske fløya av Venstre (5.3.2 og 5.3.3). Samlaget på Sunnmøre vart skipa *før* ‘unionskrisa’. Vidare såg me at mange ungdomslag-liknande lokallag deltok i etableringa av samlaga på Sunnmøre og i Romsdal. På Nordmøre var ingen lag med i etableringa, men det slutta seg til mange lag i tida etter skipinga (jf. 5.3.2 og 5.3.3).

I granskninga av dei interne tilhøva såg me at den lokale oppslutninga var stor på Sunnmøre og i Romsdal, samanlikna med Nordmøre (Jf. 5.3.4). Granskninga av dei eksterne tilhøva syntetiserte at samlaga på Sunnmøre og i Romsdal samarbeida med andre aktørar, medan relasjonar til utanforståande aktørar var særstilt på Nordmøre (jf. 5.3.5). Eit siste aspekt var den kvalitativ endringa i samlagas aktivitetar (jf. 5.3.6): Me såg at kombinasjonen av målsaka og kristendom var sentral på Sunnmøre gjennom heile perioda. I Romsdal var det i byrjinga sterkt innslag av sekulær nasjonalisme, men vart gradvis moderat. Ungdomsrørsla på Nordmøre følgde same tendens som i Romsdal, men i langt mindre omfang.

Til sist vart valet om styreform i 1905 granska. Me såg at andelen røyster som var mot monarkiet som styreform var størst på Nordmøre, noko mindre i Romsdal og minst på Sunnmøre (jf. 5.4.1).

Konklusjonen for den andre underproblemstillinga er at variasjonar i valet om styreform kan forklarast ved styrke tilhøvet mellom to formar for politisk kultur (jf. 5.4.2): ‘sekulær-nasjonalisme’ og ‘kristen-nasjonalisme’

På Nordmøre såg me at den nasjonal demokratiske rørsla frå 1880-åra blant anna fekk utløp i skyttarrørsla, då den i røynda var ein milits for det samla Venstre. Dei mange lokalaga som sluttar seg til ungdomssamlaget, før deretter å so miste interessa. Dette tydar på at for Nordmøre stod ‘sekulær-nasjonalismen’ sterkare i sivilsamfunnet, enn ‘kristen-nasjonalismen’ samlaget arbeida for kring hundreårsskiftet (jf. 5.3.6).

I Romsdal såg me at skyttarrørsla var sterkt i ‘militsperioda’, samt at det ‘sekulær-nasjonalistiske’ fekk sterkt fokus dei første åra. Samstundes var oppslutninga kring ungdomsrørsla stor då det ‘kristen-nasjonalismen’ vart meir framtredande. Vidare agiterte formannen i samlaget for republikk, men i andre kanalar enn ungdomsrørsla. Dette kan ha fått utslag ved at einskilde område i Romsdal hadde mange motstandarar av monarkiet (Vestnes).

Sunnmøre var i 1880-åra politisk moderat, og ungdomsrørsla på Sunnmøre var tidleg ‘kristen-nasjonalistisk’. Nasjonalismen fekk utløp gjennom målsaka. Det same var gjeldande for andre institusjonar. Vidare var det personar tilknytt samlaget som agiterte for republikk. Likt som i Romsdal, kan dette ha fått utslag i stor andel nei-røyster i einskilde område (Volda/Ørsta).

Med andre ord var realiseringa av den ‘norske revolusjonen’ og valet av styreform avhengig av styrkeforholdet mellom desse typane for politisk kultur i sivilsamfunnet. Dei var begge gjeldande innanfor den generelle nasjonal demokratiske rørsla.

Me kan no freiste å svare på oppgåvas overordna problemstillinga.

Me har sett at sivilsamfunnet i Romsdals Amt synte variasjonar i tida fram til 1905.

Konklusjonen er at dette kan forklarast ved at både sosioøkonomiske og kulturelle faktorar bidrog til at den politiske kulturen vart anten *kollektivisert* eller *individualisert*. Ovanfor det politiske sentrum ville desse ulikskapane gjere seg gjeldande i eit sivilsamfunnet med anten kollektiv grensedragning *mot* sentrum, eller felles grensedragning *med* sentrum mot mellomliggjande instansar. Samstundes vil desse kulturane truleg kunne gjere seg gjeldande parallelt i lokalsamfunna.

Område som var individualisert, men samstundes lagdelt før 1850, syntetiserte ein politisk kultur som retta seg mot mellomliggjande instansar. Dette var mest gjeldande for Sunnmøre og delar av Romsdal. Mellom 1880 og 1905 vart slike område kjenneteikna av at mange organisasjonar samarbeida om ein nasjonalisme som var lojal ovanfor det politiske sentrum. Dette var grunnlaget for eit sivilsamfunn og politisk kultur som baserte seg på relasjonen mellom einskildindividet og staten. Kritikk vart retta mot instansar som forhindra denne relasjonen. Til dømes låg oppslutning om særskilde organisasjonar. Særleg Sunnmøre og delvis Romsdal passar inn i denne politiske kulturen.

Område som var mindre individualisert og lagdeling før 1850 syntetiserte ein politisk kultur og sivilsamfunn som i større grad var kollektivisert og retta mot andre territorium (det politiske sentrum). I slike område ville det innskrenka demokratiet skjule den interne lagdelinga. Mellom 1880 og 1905, då større befolkningsgrupper deltok i sivilsamfunnet ville den politiske kulturen bli meir differensiert ut frå kollektive interesser. Altså ei vidareføring av den interne lagdelinga. I 1880-1905 kunne dette få utslag i eit sivilsamfunn som baserte relasjonen til det politiske sentrum på kollektive interesser, forstått både som lokale kollektiv og/eller nasjonale kollektiv. Til dømes i form av skyttarlag for Venstre og republikanismen (folkestyre). Denne politiske kulturen var mest synleg på Nordmøre og dels i Romsdal.

Funna lagt fram ovanfor og konklusjonen på den overordna problemstillinga kan syntetiserast i følgjande typologi:

Typologi: Politisk kultur i Romsdals Amt

	‘Individ-stat periferi’	‘Kollektiv-stat periferi’
<i>Før 1850</i>	Grensedragning ovanfor mellomliggjande sosioøkonomisk og kulturell organisering.	Felles grensedragning i lokalsamfunn ovanfor det politiske sentrum
<i>Mellan 1880-1905</i>	Felles grensedragning i lokalsamfunn basert på individuelle fellesinteresse <i>med</i> det politiske og kulturelle sentrum.	Differensiert grensedragning i lokalsamfunn basert på kollektivets interesser <i>mot</i> det politiske og kulturelle sentrum.

Soleis kan den innleiande tesa: *periferiområde prega av individualisering vil slutte sterkest opp under det politiske sentrum – forsvarast.* Me har sett at ulike sosioøkonomiske og kulturelle faktorar samanfall med grensedragning *mot* instansar mellom individet og staten.

Når slike instansar forsvann såg me eit nytt samanfall i slike område: civilsamfunnet vart basert på fellesinteresser mellom individua og det politiske sentrum.

Den raude tråden er dimed individualisering og grensedragning mot mellomliggjande instansar – gjennom civilsamfunnet.

6.2 Litt om tidlegare forsking

I tråd med tidlegare forsking på politiske og sosiokulturelle variasjonar i Romsdals Amt, finn denne oppgåva at Nordmøre og delvis Romsdal var meir sosialt lagdelt og politisk radikalt enn Sunnmøre (Høydal 1995:276-283; Løseth 2004:22-24, 34, 47; Nerbøvik 2000:80-81; 2004:539; Melle 2014:294-296, 328-331). Denne oppgåva har freista å beskrive prosessar som kan forklare kvifor det var slik. Oppgåva har framheva at det var områda som var *minst* egalitære på 17- og 1800-talet som vart *mest* egalitære på slutten av 1800-talet. Vidare kan slike føresetnader vere underbyggande for Nerbøviks (2000:80-81) tese om ‘systemlojalitet’ ovanfor det politiske sentrum.

Ei forlenging av denne argumentasjonen kan overførast til debatten mellom Seip og Rokkan (jf. 2.4). Seip (1983:207-209, 214-215) kritiserte Rokkan for å legge for sterkt fokus på det motkulturelle preget i periferiområde. Eit skilje mellom ‘individualiserte’ periferiar og kollektiviserte periferiar kan løyse denne problemstillinga, fordi nokre føresetnader vil auke fellessinteressen *med* sentrum, medan andre vil auke fellesinteressene med eit kollektiv *mot* sentrum.

Vidare kan felles grensedragning internt i lokalsamfunnet, vere eit utgangspunktet for å nyansere det tidlegare framheva motsetningstilhøvet mellom kristen og kulturnasjonalistiske aktørar (jf. Øidne 1986:46-47; Rokkan 2010:229). Særleg for Sunnmøre er det nære tilhøvet mellom slike aktørar interessant, noko som vidare kan vere eit norsk døme på ‘verzuiling’-prosessar, nemleg markert utbygging av organisasjonar rundt ein identitet (jf. Rokkan 1975:565; 2010:227-301). I Sunnmøres tilfelle ‘kristen-nasjonalisme’.

Typologien kan vere eit forslag for ‘innhaldet’ i Østeruds (1994:22-24, 27, 77) ‘politiske nasjonsbegrep’, ved å peike på spesifikke responsar og grensedragingar som la føringar for subjektiv forståing av det politiske sentrum. Særleg gjennom fokus på individualisering, staten og mellomliggjande instansar (jf. Bagge 1998:34; Nielsen 2009:28, 48-49, 51, 87; Siedentop 1994:27; 2000:193-194, 198, 210).

6.3 Vidare forsking

Denne oppgåva har fokusert på Romsdals Amt. Ei naturleg vidareføring av denne oppgåva ville vere å granske om liknande tendensar er gjeldande i andre landsdelar i Noreg. Tidlegare har det blitt hevda at dei sosiokulturelle og politiske tilhøva på Vestlandet har likskapar med andre vestvendte landsdelar: til dømes vestlege delar av Storbritannia, Frankrike og Danmark (Rokkan 2010: 297; Nerbøvik 2004:547; Østerud 1994:49-53). Desse områda kunne vore utgangspunkt for samanlikning, i høve liknande prosessar som har blitt drøfta i denne oppgåva.

7 Kjeldeliste

- Aarebrot, F.H. (1987) Norway. I: Rokkan, S., Urwin, D., Aarebrot, F. H., Malabe, P. og Sand, T. red. *Centre-Periphery Structures in Europe. An ISSC Workbook in Comparative Analysis*. Frankfurt: Campus Verlag, s. 191-229.
- Aarflot, A. (1967) *Norsk Kirkehistorie. Bind II*. Oslo: Lutherstiftelsen.
- Alme, B. (2005) Etter Ålesund brann. 1905 i Ålesund-pressa. I: Hasle, K.A., Hyvik, J.J. og Tafjord, H.E. red. *Lokale røyster i 1905. Unionsoppløysinga i aviser på Nord-Vestlandet*. Volda: Høgskulen i Volda, s. 103-125.
- Bagge, S (1998) Inledning: Individet i den europeiske kulturtradisjon. I: Bagge, S. red. *Det europeiske menneske. Individoppfatninger frå middelalderen til i dag*. Oslo: Ad Notam Gyldendal AS, s. 5-25.
- Berg, A. (1968) *Norske Gardstun*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Bjørgo, N. (2006) Vestnorsk identitet i historisk perpektiv. I: Helle, K. red. *Vestlandets Historie. Kultur. Bind 3*. Bergen: Vigmostad Bjørke, s. 9-51.
- Bjørklund, Tor. (1999) *Periferi mot sentrum. Landsomfattende folkesvttemninger i Norge*. Oslo: Institutt for samfunnsforskning.
- Bjørkvik, H. og Holmsen, A. (1972) *Kven åtte jorda i den gamle leiglendingstida? Fordeling av jordeigendomen i Noreg i 1661*. Trondheim: Tapir Forlag.
- Brekke, N.G. (2006) Regionale kulturtradisjonar. I: Helle, K. red. *Vestlandets Historie. Kultur. Bind 3*. Bergen: Vigmostad Bjørke, s.116-165.
- Calhoun, C. (1982) *The Question of Class Struggle. Social Foundations of Popular Radicalism during the Industrial Revolution*. Oxford: Basil Blackwell.
- Chester, G. og Welsh, I. (2011) *Social Movements. The Key Concepts*. London: Routledge.
- Christenes, A.L. (1995) *Den norske byggeskikken. Hus og bolig på landsbygda fra middelalder til vår egen tid*. Oslo: Pax Forlag.
- Dyrvik, S. (2011) *Norsk historie 1536-1814. Vegar til sjølvstende*. Oslo: Det Norske Samlaget.
- Døssland, A. (1990) *Med Lengt Mot Havet. Fylkeshistorie for Møre og Romsdal. 1. 1671-1835*. Oslo: Det Norske Samlaget.

- Døssland, A. (2003) Bønder, bøker og politikk. Samanheng mellom skriftkultur og politisk mobilisering i Noreg på 1800-talet. *Historisk Tidsskrift*, 82, s. 141-161.
- Døssland, A. og Løseth, A. (2006) Lokalmakt og sentralmakt, periferi og sentrum. I: Helle, K. red. *Vestlandets Historie. Samfunn. Bind 2*. Bergen: Vigmostad Bjørke, s. 248-295.
- Edwards, B. og McCarthy, J.D. (2006) Resources and Social Movement Mobilization. I: Snow, D. A., Soule, S.A. og Kriesi, H. red. *The Blackwell Companion to Social Movements*. Oxford: Blackwell, s. 125-128.
- Eidhammer, O. (1925) Fiksdal Ungdomslag 1894-1925. I: Heggdal, H., Nerheim, K. og Rekdal, O. red. *Den Frilynde Ungdomsrørsla i Romsdal. Romsdal Ungdomssamlag i 30 år 1895-1925*. Molde: Romsdal Ungdomssamlag, s. 35-41.
- Fet, J. (1995) *Lesande Bønder. Litterær kultur i norske allmugesamfunn før 1840*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Fet, J. (2015) *Den gløymde litteraturen. Gamle bøker og skrifter i privat eige på Sunnmøre*. Oslo: Samlaget.
- «Forskingsetiske retningslinjer for samfunnsvitskap, humaniora, juss og teologi» (De nasjonale forskningsetiske komiteene 2006).
- Furseth, I. (1999) *A Comparative Study of Social and Religious Movements in Norway 1780s-1905* [doktoravhandling]. Oslo: Universitetet i Oslo.
- Gerlach, L.P. og Hine, V.H. (1968) Five Factors Crucial to the Growth and Spread of a Modern Religious Movement. *Journal for the Scientific Study of Religion*, 7 (1) spring, s. 23-40.
- Gjærde, A. og Kjølås, H. (1968) *Stranda Ungdomslag. 75 år*. Stranda: Stranda Ungdomslag.
- Gripsrud, J. (1990) *Folkeopplysnings dialektikk. Perspektiv på norskdomsrørsla og amatørteateret 1890-1940*. Oslo: Det Norske Samlaget.
- Halse, L. (1991) *Todalen. Bygdebok*. Todalen: Bygdeboknemda for Todalen.
- Hals, O. (2005) 1905 på Nordmøre. I: Hasle, K.A., Hyvik, J.J. og Tafjord, H.E. red. *Lokale røyster i 1905. Unionsoppløysinga i aviser på Nord-Vestlandet*. Volda: Høgskulen i Volda, s. 165-188.
- Haraldsen, S. (2008) Prestene på Veøya. I: Sanden, J. red. *Romsdalsmuseet Årbok 2008*. Molde, Romsdalsmuset, s. 353-395.
- Hoel, L.O. (2011) *Mål og Modernisering 1868-1940. Norsk Målreising II*. Oslo: Samlaget.
- Holmsen, A. (1966) *Gard Bygd Rike*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Holmsen, A. (1980) *Gård og gods i Norge i eldre tid*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Hommerstad, M. (2012) *Politiske bønder. Bindepolitikk og Stortinget 1815-1837*. [doktoravhandling]. Oslo, Universitetet i Oslo.
- Hovland, B.M. (1998) Ei folkeleggjering av sivilisasjonen. Allmugeskulelærarmøta som nasjonsbyggande fora i 1850-åra. I: Sørensen, Ø. red. *Jakten på det norske. Perspektiver på utviklingen av en norsk nasjonal identitet på 1800-tallet*. Oslo, Ad Notam Gyldendahl AS, s. 285-300.

- Høidal, E.Ø. (2014) *Gull av gråstein. Næringsliv på Sunnmøre gjennom 250 år*. Førde: Selja Forlag.
- Høydal, R. (1995) *Periferiens nasjonsbyggjarar. Vestlandslæraren og Volda lærarskule 1895-1920*. Oslo: Noregs Forskningsråd.
- Imsen, S. (1990) *Norsk Bondekommunalisme fra Magnus Lagabøte til Kristian Kvart. Del 1. Middelalderen*. Trondheim: Tapir Forlag.
- Jenkins, C.J. (1983) Ressource Mobilization Theory and the study of Social Movements. *Annual Review of Sociology*, 1983 (9), s. 527-553.
- Kessler, S. (1977) Tocqueville on Civil Religion and liberal Democracy. *The Journal of Politics*, 39, (1), s. 119-146.
- Kjellmann, E. K. (2007) Mobilization and Protest in a Consensus Democracy: Social Movements, the State, and Political Opportunities in Norway [doktoravhandling]. Oslo: Universitetet i Oslo.
- Kleppa, J. og Odland, P. (1998) *Ordets folk. Det Vestlandske Indremisjonsforbund 1898-1998*. Bergen: Sambåndet Forlag.
- Kleppa, J. (1999) ...den rette Dør. *Romsdal Indremisjon 1874-1999*. Molde: Nordmøre og Romsdal Indremisjon.
- Klippenberg, M. (1995) Folkeleg opplysning på fullnorsk grunn. Tida før 1905. I: Kløvstad, J. red. *Ungdomslaget. Noregs Ungdomslag 1896-1996*. Oslo, Det Norske Samlaget, s. 15-85.
- Klippenberg, M. (1996) Ei ny ætt med større tru. Frilynte ungdomslag i Inntrøndelag 1870-1905 [hovedfagsoppgave]. Oslo: Universitetet i Oslo.
- Kriesi, H. (2006) Political Context and Opportunity. I: Snow, D. A. Soule, S.A. og Kriesi, H. red. *The Blackwell Companion to Social Movements*. Oxford, Blackwell, s. 67-90.
- Krokann, I. (1976) *Det store hamskiftet i bondesamfunnet*. Oslo: Det Norske Samlaget.
- Langhelle, S.I. (2006) Frå religiøst fellesskap til personleg val. I: Helle, K. red. *Vestlandets Historie. Kultur. Bind 3*. Berge, Vigmostad Bjørke, s. 106-145
- Langnes, M. (2004) *Innmarksutskiftingane i Veøy. Oppløysinga av tun og teigblanding frå om lag 1800 til 1920*. Molde: Romsdalsmuseet.
- Langnes, M. (2005) Sæl er kvar den, som fekk vera med ein slik dag. 1905 i Romsdal. I: Hasle, K.A., Hyvik, J.J. og Tafjord, H.E. red. *Lokale Røyster i 1905. Unionsoppløysinga i avisar på Nord-Vestlandet*. Volda: Høgskulen i Volda, s. 127-145.
- Langnes, M. (2011) «Jeg vil icke rose mig uden i mine skrøbeligheder». Pietistpresten Thomas von Westen i Veøy prestegjeld. I: Austigård, B., Skarstein, D. og Strand, R. red. *Romsdals Sogelag. Årskrift 2011*. Molde: Romsdal Sogelag, s. 271-284.
- Langnes, M. (2014) Regionale særdrag i valadressene frå Romsdals Amt i 1814. I: Hyvik, J.J., Hoel, O.L. og Krøvel, H. red. *Med påhalden Penn? 1814 sett frå Nordvestlandet og Telemark*. Oslo: Novus Forlag, s. 189-214.
- Langnes, M. (2015) *Utskiftingsrett og gardsskipnad. Innmarksutskiftingar, tun og teigblanding i tre ulike landslutar* [doktoravhandling]. Bergen: Universitetet i Bergen.

Lorentzen, H. (2004) *Fellesskapets fundament. Sivilsamfunnet og individualismen*. Oslo: Pax Forlag.

Løseth, A. (1985) *Et kystsamfunn gjennom et hundreår. Demografisk, økonomisk og sosial utvikling i Herøy Sogn på Sunnmøre ca. 1800-1900* [hovedfagsoppgåve]. Oslo: Universitetet i Oslo.

Løseth, A. (2004) Region, kultur og økonomi – Nord-Vestlandet 1850-1975. I: Gammelsæter, H., Bukve, O. og Løseth, A. red. *Nord-Vestlandet – liv laga?* Ålesund: Sunnmørsposten Forlag, s. 22-51.

Melle, O. (2005) Lokal mentalitet inkring nasjonal suverenitet. I: Hasle, K.A., Hyvik, J.J. og Tafjord, H.E. red. *Lokale røyster i 1905. Unionsoppløysinga i avisar på Nord-Vestlandet*. Volda: Høgskulen i Volda, s. 71-101.

Melle, O.M. (2014) Demokrati-synergi: 'Folkesouverænitets-principet' møter den 'låge danningsa'. Føresetnader for folkestyre i futedømet Sunnmøre, Romsdals Amt, før og etter 1814. I: Hyvik, J.J., Hoel, O.L. og Krøvel, H. red. *Med påhalden Penn? 1814 sett frå Nordvestlandet og Telemark*. Oslo: Novus Forlag, s. 283-338.

Mjeldheim, L (1983) *Folkerørsla som vart parti. Venstre frå 1880åra til 1905*. Bergen: Universitetsforlaget.

Mjøset, L. (1991) *Kontroverser i norsk sosiologi*. Oslo: Universitetsforlaget.

Mjøset, L (2006) No fear of Comparisons or Context: On the foundations of Historical Sociology. *Comparative Education*, 42 (3), s. 337-362.

Moses, J. og Knutsen, T.L. (2012) *Ways of Knowing. Competing Methodologies in Social and Political Research*. New York: Palgrave Macmillian.

Nerbøvik, J. (1998) Nasjonalismen innanfor og til venstre for Venstre. I: Sørensen, Ø. red. *Jakten på det norske. Perspektiver på utviklingen av en norsk nasjonal identitet på 1800-tallet*. Oslo: Ad Notam Gyldendahl AS, s. 321-338.

Nerbøvik, J. (1999) Norsk historie 1860-1914. Eit bondesamfunn i oppbrot. Oslo: Det Norske Samlaget.

Nerbøvik, J. (2000) *Nasjonsbygging og modernisering. Tema med variasjonar. Artiklar og talar 1990-2000*. Volda: Høgskulen i Volda.

Nerbøvik, J. (2004) *Myndige møringer. 1740-1870*. Volda: Volda Kommune.

Nielsen, K.N. (2009) *Bonde, stat og hjem. Nordisk demokrati og nationalism – fra pietismen til 2. verdenskrig*. Aarhus: Aarhus Universitetsforlag.

Oberschall, A. (1978) Theories of Social Conflict. *Annual Review of Sociology*, 1978 (4), s. 291-315.

Olsvik, R. (1970) *Nordmøre ungdomslag gjennom 75 år. 1895-1970*. Kristiansund: Nordmøre Ungdomslag.

Orten, P. E. (2000) *Den nye dagen gryr. Bygdebok for Aure. 1800-1900. Allmenn Historie*. Aure: Aure Kommune.

Pryser, T. (1985) *Norsk historie 1800-1870. Frå standssamfunn mot klassesamfunn*. Oslo: Det Norske Samlaget.

- Pryser, T. (1999) *Norsk historie 1814-1860. Frå standssamfunn mot klasse samfunn*. Oslo: Det Norske Samlaget.
- Rabben, B. (1978) *Sunnmøre innanfrå. Drag frå folkelivet 1800-1940*. Oslo: Det Norske Samlaget.
- Ragin, C. (1987) *The Comparative Method. Moving Beyond Qualitative and Quantitative Strategies*. Los Angeles: University of California Press.
- Rekdal, K. (1925) Romsdal Ungdomssamlag 1895-1925. I: Heggdal, H. Nerheim, K. og Rekdal, O. red. *Den Frilynde Ungdomsrørsla i Romsdal. Romsdal Ungdomssamlag i 30 år 1895-1925*. Molde: Romsdal Ungdomssamlag, s. 233-284.
- Rokkan, S. (1970) *Citizen, Elections, Parties. Approaches to the Comparative Study of the Process of Development*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Rokkan, S. (1975) Towards a generalized concept of *verzuiling*: a preliminary note. *Political Studies*, Vol XXV (4), s. 563-570.
- Rokkan, S. (2010) *Stat, nasjon, klasse*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Rudvin, O. (1967) *Indremisjonsselskapets historie. Bind I. Den Norske Lutherstiftelsen 1868-1891*. Oslo: Lutherstiftelsens Forlag.
- Rudvin, O. (1970) *Indremisjonsselskapets historie. Bind II. Det Norske Lutherske Indremisjonsselskap 1892-1968*. Oslo: Lutherstiftelsens Forlag.
- Seip, J.A. (1968) *Tanke og Handling i norsk historie. Artikler og avhandlinger*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag.
- Seip, J.A. (1983) *Problemer og metode i historieforskingen. Artikler, innlegg, foredrag 1940-1977*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag.
- Seip, J.A. (1987) *To linjer i norsk historie. Fra Embetsmannsstat til ettpartistat. Høyre gjennom hundre år 1880-1989*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Seip, J.A. (1997) *Utsikt over Norges historie. Tidsrommet 1814-ca. 1860*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag.
- Seve, d. N. (1992) *Molde Bys Historie. I. Før året 1838. Ladestad og kjøpststad*. Molde: Molde Kommune.
- Siedentop, L. (1994) *Tocqueville*. Oxford: Oxford University Press.
- Siedentop, L. (2000) *Democracy in Europe*. London: Allen Lane.
- Sogner, S. (1984) Kva betydde overgangen til selveie for endringene i den sosiale struktur i det norske bondesamfunnet på 1700-tallet? I: Imsen, S. og Supphellen, S. red. *Studier i norsk historie 1537-ca. 1800*. Oslo: Universitetsforlaget, s. 223-247.
- Steen, S. (1968) *Lokalt selvstyre i Noregs bygder. Første fase*. Oslo: J.W. Cappelens Forlag AS.
- Steinsland, W. (1981) Den frisinna ungdomsrørsla til skiping av Noregs Ungdomslag [hovudfagsoppgåve]. Bergen: Universitetet i Bergen.

- Stenius, H. (1997) The good Life is a Life of Conformity: The Impact of Lutheran tradition on Nordic Political Culture. I: Sørensen, Ø. og Stråth, B. red. *The Cultural Construction of Norden*. Oslo, Scandinavian University Press, s. 161-171.
- Stenius, H. (2010) Nordic Associational Life in European and Inter-Nordic Perspectives. I: Alapuro, R. og Stenius, H. red. *Nordic Associations in a European Perspective*. Baden-Baden, Nomos publishers, s. 1-53.
- Slagstad, R. (1998) *De nasjonale strateger*. Oslo: Pax Forlag.
- Slyngstad, A. (1951) *Skjergardsnamn fra Sunnmøre*. Oslo: Det Norske Samlaget.
- Straumsheim, H. (1919) *Sunnmøre frilynde ungdomssamlag. I 25 år. 1894-1919*. Kristiania: Olaf Norlis Forlag.
- Sulebust, J. (1994) Frå Vikingtid til Høymiddelalder, 800-1350. I: Larsen, S.U. og Sulebust, J. red. *I balansepunktet*. Ålesund, Sunnmørsposten Forlag, s. 13-27.
- Sørensen, Ø. og Stråth, B. (1997) Introduction: The Cultural Construction of Norden. I: Sørensen, Ø. og Stråth, B. red. *The Cultural Construction of Norden*. Oslo, Scandinavian University Press, s. 1-24.
- Sørensen, Ø. (1997) What's in a Name? The Name of the Written language of Norway. I: Sørensen, Ø. og Stråth, B. red. *The Cultural Construction of Norden*. Oslo, Scandinavian University Press, s. 121-137.
- Tarrow, S. (1998) *Power In Movement. Social Movements and Contentious Politics*. Cambridge: Cambridge University Press.
- Thomassen, A. (2014) landet på langs. I: Idsø, L.M. red. *Faner i den frilynde ungdomssrørsla*. Tvedstrand: Bokbyen Forlag, s. 104-126.
- Thorkildsen, D. (1996) *Grundtvigianismen og nasjonalismen i Norge i det 19. århundre*. Oslo: Noregs Forskningsråd.
- Thorkildsen, D. (1997) Religious Identity and Nordic Identity. In: Særensen, Ø. og Stråth, B. red. *The Cultural Construction of Norden*. Oslo: Scandinavian University Press, s. 138-160.
- Thorkildsen, D. (1998) En nasjonal og moderne utdanning. I: Sørensen, Ø. red. *Jakten på det norske. Perspektiver på utviklingen av en norsk nasjonal identitet på 1800-tallet*. Oslo: Ad Notam Gyldendahl AS, s. 265-284.
- Tjora, A. (2011) *Kvalitative Forskningsmetoder i praksis*. Oslo: Gyldendal.
- Tocqueville, A.d. (2011) *The Ancien Régime and the French Revolution*. Cambridge: Cambridge University Press.
- Try, H. (1969) *Gardsskipnad og bondenærings. Sørlandsk jordbruk på 1800-talet*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Try, H. (1979a) Bondevennrørsla 1867-1873 – ei regional jamføring. I: Slettan, D. og Try, H. red. *Bondevenene. Jaabækrorsla 1865 – 1875*. Oslo: Det Norske Samlaget, s. 11-33.
- Try, H. (1979b) Motforeiningar og parallelle foreiningar. I: Slettan, D. og Try, H. red. *Bondevenene. Jaabækrorsla 1865 – 1875*. Oslo: Det Norske Samlaget, s. 132-148.
- Try, H. (1985) Assosiasjonsånd og Foreningsvekst i Norge. Forskningsoversyn og perpspektiv. Øvre Ervik, Alvheim & Eide Akademisk Forlag.

- Tvinnereim, J. (1981) *Ei folkerørsle blir til. Den frilyndte ungdomsrørsla på Nordvestlandet*. Oslo: Det Norske Samlaget.
- Tvinnereim, J. (1992) *Grotid i grenseland. Fylkeshistorie for Møre og Romsdal. II. 1835-1920*. Oslo: Det Norske Samlaget.
- Vasstveit, O. (2016) Tidlig spor av europeisk opplysningsideer blant geistligheten på Nordvestlandet. *Heimen. Lokal og regional historie*. 53 (1), s. 23-42.
- Vigander, H., Seeberg, F.G., og Hoff, J.A. (1933) *Skyttarsaka i Noreg. Soga og stoda no*. Halden: Den friviljuge norske skyttarskipnad.
- Visted, K. og Stigum, H. (1961) *Vår Gamle Bondekultur. Bind 1*. Oslo: J.W. Cappelens Forlag.
- Warholm, I.L. (2002) «*Ikkje klassisk daning, men uppseding i vaar eigen norske kultur*». En sammenlikning av de frilyndte ungdomslagene i Telemark og Vestfold i perioden 1895-1920 [hovedfagsoppgave]. Oslo: Universitetet i Oslo.
- Wasberg, G.C. (1995) *Frå Kornmagasin til Pengehusholdning og Sparebank. Med tyngde: Ca. 1770 – ca.1850*. Oslo: Statkorn.
- Weidling, T. (1998) *Adelsøkonomi i Norge fra reformasjonstiden og fram mot 1660* [doktoravhandling]. Oslo: Universitetet i Oslo.
- Witoszek, N. (1997) Fugitives from Utopia: The Scandinavian Enlightenment Reconsidered. I: Særensen, Ø. og Stråth, B. red. *The Cultural Construction of Norden*. Oslo: Scandinavian University Press, s. 72-90.
- Woodhead, L. (2004) *An Introduction to Christianity*. Cambridge: Cambridge University Press.
- Øidne, G. (1986) Litt om motsetninga mellom Austlandet og Vestlandet. I: Aagedal, O. red. *Bedehuset. Rørsla, bygda, folket*. Oslo: Det Norske Samlaget, s. 40-58.
- Østerud, Ø. (1978) *Agrarian structure and peasant politics in scandinavia. A comparative study of rural response to economic change*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Østerud, Ø. (1994) *Hva er nasjonalisme?* Oslo: Universitetsforlaget.
- Østerud, Ø. (1996) Norwegian Nationalism in a European Context. I: Sørensen, Ø. red. *Nationalism in Small European Nations*. Oslo: The Research Council of Norway, s. 29-39.
- Øye, I. (2006) Landbruket i historisk lys. I: Helle, K. (red.). *Vestlandets Historie. Natur og næring. Bind 1*. Bergen: Vigmostad Bjørke, s. 76-129.

Upubliserte kjelder:

- Forhandlingsbog for Nordmøre Ungdomslag 1895-1921.
- Forhandlingsprotokoll for Romsdals Ungdomslag 1895-1909.
- Møtebok for Sunnmøre Frilynde Ungdomssamlag 1893-1922.

Antall ord i oppgåva: 34 1113.

«Alle kjelder som er nytta i denne oppgåva er oppgjeve».